

# Årsrapport 2018



Trygg og framtidsretta  
[time.kommune.no](http://time.kommune.no)



Time kommune

## VISJONEN VÅR

# TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

## VERDIANE VÅRE

### Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla  
Me ser og forstår heilskapen  
Me er opne og direkte i samhandlinga

### Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive  
Det me vil, det søker me å få til  
Me er i utvikling

### Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko  
Alle skal ha reell medverknad på eigen  
arbeidssituasjon  
Tilsette skal sikrast deltaking i  
avgjerdsprosessar

## LEVEREGELEN VÅR

### Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheter
- heia fram gode idéar

«*Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss*»

*Arne Garborg*

# Innhold

|   |    |
|---|----|
| Rådmannen si innleiing .....                                | 5  |
| Framlegg til vedtak.....                                    | 7  |
| Forklaringar .....  | 7  |
| Planhierarki .....  | 7  |
| 1 Utviklingstrekk .....                                     | 8  |
| 1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....             | 8  |
| 1.2 Folketalsutvikling .....                                | 9  |
| 1.3 Næringsutvikling .....                                  | 10 |
| 2 Økonomiske hovudtal .....                                 | 12 |
| 2.1 Driftsrekneskapen.....                                  | 12 |
| 2.2 Finans- og finansforvaltning .....                      | 15 |
| 2.3 Balanse per 31.12.2018 .....                            | 15 |
| 2.4 Økonomiske nøkkeltal.....                               | 19 |
| 3 Fornya, forenkla og forbetra.....                         | 20 |
| 3.1 Vurdering og oppsummering av driftsåret .....           | 20 |
| 4 Folkehelse.....   | 23 |
| 5 Tenester .....  | 27 |
| 5.1 Hovudtal per tenesteområde.....                         | 27 |
| 5.2 Oppvekst.....   | 27 |
| 5.3 Omsorg .....  | 43 |
| 5.4 Samfunn .....   | 50 |
| 5.5 Stabstenester, næring og trussamfunn .....              | 65 |
| 6 Kommunen som arbeidsgjevar.....                           | 69 |
| 6.1 Rapportering i forhold til tiltak 2018 .....            | 69 |
| 6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret .....           | 69 |
| 6.3 Utfordringar framover .....                             | 74 |
| 7 Investeringar .....                                       | 75 |
| 7.1 IKT og administrasjon.....                              | 77 |
| 7.2 Oppvekst.....   | 78 |
| 7.3 Omsorg .....  | 79 |
| 7.4 Samfunn .....   | 80 |
| 7.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2018..... | 87 |

|  |     |
|--|-----|
| 8 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar ..... | 90  |
| 9 Status politiske vedtak 2018.....            | 92  |
| 9.1 Politiske vedtak 2018 .....                | 92  |
| 9.2 Politiske vedtak før 2018.....             | 95  |
| 10 Nøkkeltal .....                             | 98  |
| 10.1 Oppvekst.....                             | 98  |
| 10.2 Omsorg .....                              | 103 |
| 10.3 Samfunn .....                             | 107 |
| 10.4 Administrasjon .....                      | 116 |

# Rådmannen si innleiing

Årsrapporten for 2018 er ei tilbakemelding frå rådmannen til dei folkevalde i Time kommune på resultat og bruk av ressursar. Her peiker me også på utfordringar som må løysast i framtida. Rekneskap 2018 er kommunen sin offisielle rekneskap.

Etter fleire år med stor nettoinnflytting og høge fødselstal, har me dei siste åra hatt netto utflytting og fødselstala er reduserte. Pågangen av nye flyktningar og arbeidsinnvandrarar er også liten. Bustadbygginga er låg. Dette påverkar etterspurnaden etter tenester først i barnehagane, plan og forvaltning, Bryne kompetansesenter og etter kvart i skulen. Gamle framskrivingar av behov må justerast. Tenestetilbodet må stadig tilpassast til endra behov.

Skatteinntektene til Time kommune har gått ned samanlikna med utviklinga i landet. Nå etter fire år med nedgang ser det ut som kommunen sine skatteinntekter ikkje kjem tilbake på nivået før oljenedturen. Me må for framtida budsjettera tenestenivået ut frå eit lågare forventa inntektsnivå. Det betyr at også kostnadene må reduserast.

Netto driftsresultat for 2018 var på 5,1 millionar kroner (0,4%) mot 41,6 millionar (3,1%) i 2017. Resultatet er prega av eit meirforbruk i tenesteproduksjonen der alle tenesteområda har meirforbruk, men særleg tenestane barnehage, barnevern, NAV og tenesteområdet Omsorg. Til saman var netto meirforbruket på 21 millionar kroner.

Skatteinntektene svikta også i 2018, men skatteinntektene i landet vart høgare enn budsjettet og dermed fekk kommunen store skatteutjamningsmidlar. Kommunen fekk eit samla meirforbruk på 8,8 millionar kroner. Dette er saldert mot avsetning til disposisjonsfond.

Time kommune sitt netto driftsresultat på 0,4 % skil seg ut frå nabokommunane sitt. Hå kommune landa på eit resultat på 3,9 % medan Klepp fekk eit resultat på 3,0 %.

På stadig fleire område innfører staten normer for bemanning og kompetanse. I 2018 er det innført pedagogisk norm for barnehage og lærarnorm for skule. I tillegg er det innført norm for grunnbemanning i barnehage. Dette bind større ressursar i faste kostnader slik at ved endring av tenestenivå når inntektene går ned, er det store tenester som ikkje kan rørast. Det betyr større konsekvensar for andre tenester.

Sjukefråværet steig med 0,7 prosentpoeng til 7,3 % i 2018.

Trass i at 2018 var eit utfordrande år for Time kommune – ikkje minst resultatmessig, så er det positive utviklingstrekk som me håper skal gje utslag i framtida. Arbeidsløysa i Time kommune er nå under 2 %. Det er god vekst i arbeidsplassar både i regionen og i vår kommune. Behovet for sosialhjelp avtok mot slutten av 2018 og me håper trenden held fram i 2019.

Rådmannen ønskjer å trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidrarar i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2018.

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Trygve Apeland".

**Trygve Apeland**

Rådmann

# Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2018 vert godkjent. Meirforbruket på 8,8 millionar kroner vert saldert med mindre avsettingar til disposisjonsfond.
2. Investeringsrekneskapen for 2018 vert godkjent.
3. Kommunestyret tek årsrapporten til orientering.
4. Utfordringar som årsrapporten peikar på vert vurderte i arbeidet med ny økonomiplan.


## Forklaringsar

KOSTRA-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2018. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Klepp, Sandnes, Rogaland og kommunegruppe 8. Me tek etterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2019.

Rekneskap for 2018 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2018». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringsrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

Årsrapporten skal gjera tydeleg greie for i kva grad tiltaka i økonomiplanen er utførte. Alle tiltak frå økonomiplanen er gjevne fargekodar som viser om tiltaket er utført (grønt/U), delvis utført (gult/D), eller ikkje utført (raudt/I). Delvis utførte tiltak og ikkje utførte tiltak vert kommenterte. Utførte tiltak vert i hovudsak ikkje kommenterte.

## Planhierarki



# 1 Utviklingstrekk

## 1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk økonomi har utvikla seg bra dei siste åra. Oljesektoren er snudd frå nedgang til vekst i etterspørselen. Det har også vore vekst i verdsøkonomien og norsk økonomi har betra konkurranseseevna på grunn av svak krone og moderate lønnsoppgjer. Avstanden mellom lønnsnivået i industrien i Norge og våre konkurrentland er halvert på fem år.

Utviklinga i norsk økonomi i 2018 viser vekst både innan oljesektoren og resten av norsk næringsliv. Arbeidsløysa går ned og arbeidsstyrken aukar meir enn nedgangen i arbeidsløysa. Arbeidsløysa på nasjonalt nivå stabiliserte seg i 2018 på eit nivå som har vore det normale dei siste 20 åra. Arbeidsstyrken aukar då folketalet i arbeidsdyktig alder stig og fleire som i lågkonjunkturen trekte seg ut av arbeidsmarknaden, vender tilbake til arbeidslivet.

Dei fleste piler peikte oppover i 2018, men bustadinvesteringane var låge. På grunn av låg folkevekst var det liten etterspørsel etter bustader.

Rentene er fortsatt låge men på veg opp. Auka rentenivå kan føra til redusert forbruk, noko som kan påverka etterspørselen etter varer og tenester og dermed konjunkturane framover.

Lønnsveksten i 2018 var på 2,8 %. Prisveksten vert høgare enn lagt til grunn då elektrisitetsprisane auka kraftig. Forventa prisvekst var på 1,7 % men kan verta på 2,2 % når dei endelige tala ligg føre. Reallønnsveksten i 2018 vert derfor lågare enn forventa.

Kommunesektoren hadde som dei siste åra, høgare skatteinntekter enn forventa. Viktigaste grunn er den gode arbeidsmarknaden i landet. Sjølv om arbeidsmarknaden viser størst forbetring i Rogaland, har dette i år ikkje slått ut i skatteinntektene. Kommunane samla hadde ein skattevekst på 3,7 % og kommunane i Rogaland hadde ein vekst på 2,1 %.

I Rogaland og Time spesielt har utviklinga i arbeidsmarknaden vore meir positiv enn for landet, men ennå ligg arbeidsløysa her høgare enn i dei gode åra før 2014. Den største veksten i arbeidsplassar i Rogaland har kome i oljesektoren og hos deira underleverandørar. Det er forventa at nedgangen i arbeidsløysa i Rogaland vil halde fram i 2019, men det er meir usikkert korleis investeringsnivået i oljesektoren vert frå 2020.

Det ser ikkje ut til at skatteinntektene i Rogaland vil nå nivået før oljenedgangen. Dei fleste har nå fått jobb igjen, men inntektene ligg nok på lågare nivå enn tidlegare. Dei siste åra har skatteinntektene for landet vorte høgare enn forventa. Då det nå er liten arbeidskraftsreserve er det lite truleg at skatteinntektene fortsatt skal verta høgare enn forventa. Kommunane i Rogaland vil dermed ikkje lenger verta redda av høgare skatteutjamning og må tilpassa drifta deretter.

## 1.2 Folketalsutvikling


Folketal, fødslar, døde, inn- og utflytting 2015-2018

|                       | 2015          | 2016          | 2017          | 2018          |
|-----------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Folketal pr. 1.1      | 18 306        | 18 572        | 18 656        | 18 699        |
| Fødde                 | 247           | 265           | 244           | 247           |
| Døde                  | 102           | 98            | 97            | 105           |
| Fødselsoverskot       | 145           | 167           | 147           | 142           |
| Innflyttarar          | 1 202         | 983           | 909           | 994           |
| Utflyttarar           | 1 081         | 1 064         | 1 012         | 1 040         |
| Flytteoverskot        | 121           | -81           | -103          | -46           |
| <b>Samla tilvekst</b> | <b>266</b>    | <b>84</b>     | <b>43</b>     | <b>96</b>     |
| <b>Folketal 31.12</b> | <b>18 572</b> | <b>18 656</b> | <b>18 699</b> | <b>18 795</b> |
| Fødselsoverskot i %   | 0,79          | 0,90          | 0,79          | 0,76          |
| Flytteoverskot i %    | 0,66          | -0,44         | -0,55         | -0,25         |
| Folkevekst i %        | 1,45          | 0,45          | 0,23          | 0,51          |

Kjelde: SSB

Folkeveksten dei tre siste åra ligg godt under det kommunen har hatt tidlegare. Dei tre siste åra har me hatt netto utflytting. Fødselsoverskotet var noko høgare i 2016 enn dei andre åra. Fødselsoverskotet for åra 2012 til 2014 var i gjennomsnitt på 1,05 %. Fødselsoverskot i landet i 2018 var på 0,3 %.

For tredje året på rad er det netto utflytting frå Time. I mange år har me fått store netto innflyttingar. Både nedgang i fødselstal og ikkje minst endra flyttemønster, gjev avvik i kommunen sine prognosar for folkevekst. Folkeveksten i landet i 2018 var på 0,6 %.



### Folketal 2015-2018 per aldersgruppe

|                  | 2015          | 2016          | 2017          | 2018          | Endring<br>15-18 |
|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|------------------|
| 0-2              | 819           | 804           | 756           | 757           | -7,6 %           |
| 3-5              | 896           | 864           | 841           | 806           | -10,0 %          |
| 6-12             | 1 802         | 1 885         | 1 932         | 1 977         | 9,7 %            |
| 13-15            | 753           | 722           | 719           | 712           | -5,4 %           |
| <b>Sum 0-15</b>  | <b>4 270</b>  | <b>4 275</b>  | <b>4 248</b>  | <b>4 252</b>  | <b>-0,4 %</b>    |
| 16-19            | 978           | 994           | 999           | 1 008         | 3,1 %            |
| 20-66            | 11 314        | 11 277        | 11 279        | 11 275        | -0,3 %           |
| <b>Sum 16-66</b> | <b>12 292</b> | <b>12 271</b> | <b>12 278</b> | <b>12 283</b> | <b>-0,1 %</b>    |
| 67-79            | 1 437         | 1 517         | 1 548         | 1 619         | 12,7 %           |
| 80-89            | 479           | 497           | 517           | 535           | 11,7 %           |
| 90+              | 94            | 96            | 108           | 106           | 12,8 %           |
| <b>Sum 67+</b>   | <b>2 010</b>  | <b>2 110</b>  | <b>2 173</b>  | <b>2 260</b>  | <b>12,4 %</b>    |
| <b>Sum</b>       | <b>18 572</b> | <b>18 656</b> | <b>18 699</b> | <b>18 795</b> | <b>1,2 %</b>     |

Kjelde: SSB

Det er barn i førskulealder som viser størst nedgang i perioden 2015-2018. Frå toppåret i 2013 er talet på barn i alderen 0-5 år redusert med 185. Talet på barn i skulealder viser fortsatt vekst og vil visa dette eit par år til før dei små kulla i førskulealder kjem inn i skulen. Etter kvart vil også elevtalet i skulen gå ned.

### 1.3 Næringsutvikling

#### Bedrifter etter talet på tilsette i Time per 31. des.

|                      | 2014         | 2015         | 2016         | 2017         | 2018         |
|----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Ingen tilsette       | 1 102        | 1 194        | 1 277        | 1 271        | 1 217        |
| 1-4 tilsette         | 380          | 301          | 314          | 336          | 343          |
| 5-19 tilsette        | 242          | 258          | 244          | 240          | 247          |
| 20-49 tilsette       | 68           | 70           | 69           | 71           | 66           |
| 50-99 tilsette       | 14           | 14           | 14           | 14           | 18           |
| 100 tilsette og meir | 6            | 9            | 10           | 8            | 8            |
| <b>Sum</b>           | <b>1 812</b> | <b>1 846</b> | <b>1 928</b> | <b>1 940</b> | <b>1 899</b> |

Kjelde: SSB


Det er nedgang i talet på bedrifter siste året, men det er bedrifter utan tilsette som er reduserte. Dei siste åra har me hatt 14 bedrifter med fleire enn 50 tilsette. Dette er nå auka til 18 bedrifter.

#### Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. des.


|  | 2014       | 2015       | 2016       | 2017       | 2018  |
|--|------------|------------|------------|------------|-------|
| Arbeidsplassar                             | 7 917      | 7 529      | 7 475      | 7 418      | 7 735 |
| Innpendling                                | 4 031      | 3 773      | 3 761      | 3 728      | 3 979 |
| Utpendling                                 | 6 254      | 6 103      | 6 011      | 6 044      | 6 158 |
| Arbeidsledige i prosent,<br>årgjennomsnitt | 1,7        | 2,8        | 3,7        | 2,6        | 2,2   |
| Konkursar                                  | 15         | 8          | 11         | 13         |       |
| <b>Nyetablerte foretak</b>                 | <b>135</b> | <b>169</b> | <b>204</b> | <b>186</b> |       |

Kjelde: SSB

Talet på arbeidsplassar i Time viser fin utvikling i 2018 med ein vekst på 317 arbeidsplassar eller 4,3 %. Etter fleire år med nedgang peikar pila igjen oppover. Det ser ut som ringverknadene etter nedturen i oljenæringa i 2014 er i ferd med å gje seg. Gjennomsnittleg arbeidsløyse nærmar seg nå dei gode tala me hadde i 2014.



Arbeidsløysa i Time og Rogaland viser i 2018 ein klar nedgang. For landet har arbeidsløysa stabilisert seg. Arbeidsløysa for Rogaland er nå på landsgjennomsnittet medan Time kommune ved utgangen av 2018 ligg under landsgjennomsnittet for første gong sidan 2014.



Arbeidsløysa for ungdom viser ein klar nedgang sidan toppåret 2015. Dette gjeld for Rogaland og alle kommunane me samanliknar oss med. Dette har samanheng med god utvikling i arbeidsmarknaden og innføring av aktivitetsplikt for denne gruppa.

## 2 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2018 (i heile tusen) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2018» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gjev utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i kapittel 2 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, mens investeringane vert omtala under kapittel 7.

### 2.1 Driftsrekneskapen

| Økonomisk oversikt - drift                     | note | Rekneskap<br>2018 | Budsjett<br>m/endringar | Budsjett<br>u/endringar | Rekneskap<br>2017 |
|--|------|-------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                         |      |                   |                         |                         |                   |
| Skatt på inntekt og formue                     |      | 540 548           | 549 700                 | 564 700                 | 529 802           |
| Rammetilskott                                  |      | 445 514           | 436 700                 | 423 700                 | 433 632           |
| Betalingar/overføringer med krav til mottaking |      | 398 801           | 299 937                 | 297 283                 | 390 894           |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                     |      | <b>1 384 863</b>  | <b>1 286 337</b>        | <b>1 285 683</b>        | <b>1 354 328</b>  |
| <b>Driftsutgifter</b>                          |      |                   |                         |                         |                   |
| Lønnskostnader                                 |      | 916 840           | 889 376                 | 875 805                 | 887 046           |
| Kjøp til eigen produksjon                      |      | 134 897           | 111 737                 | 107 738                 | 127 451           |
| Kjøp frå andre                                 |      | 233 141           | 207 824                 | 203 312                 | 212 096           |
| Overføringer                                   |      | 68 246            | 39 243                  | 56 671                  | 61 786            |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                      |      | <b>1 353 124</b>  | <b>1 248 180</b>        | <b>1 243 526</b>        | <b>1 288 379</b>  |
| <b>Finansinntekter</b>                         |      |                   |                         |                         |                   |
| Finansinntekter                                |      | 42 386            | 38 900                  | 38 900                  | 39 930            |
| <b>Finanskostnader</b>                         |      |                   |                         |                         |                   |
| Finanskostnader                                | 14   | 23 731            | 23 975                  | 23 975                  | 23 395            |
| Avdrag   | 14   | 45 272            | 49 600                  | 49 600                  | 40 892            |
| <b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>   |      | <b>-26 617</b>    | <b>-34 675</b>          | <b>-34 675</b>          | <b>-24 357</b>    |
| <b>Netto driftsresultat</b>                    |      | <b>5 122</b>      | <b>3 482</b>            | <b>7 482</b>            | <b>41 592</b>     |
| <b>Disponert slik:</b>                         |      |                   |                         |                         |                   |
| Overført til investeringsregnskapen            |      | -12 214           | -12 352                 | -14 852                 | -15 146           |
| Bruk av tidlegare års regnsk.m. mindreforbruk  |      | 14 725            |                         |                         | 24 736            |
| Netto avsetning disposisjonsfond               | 6    | -12 273           | 3 025                   | 2 025                   | -31 733           |
| Bruk av bundne fond                            | 6    | 4 640             | 5 845                   | 5 345                   | -4 724            |
| <b>Mindre-/meirforbruk</b>                     | 15   | <b>0</b>          | <b>0</b>                | <b>0</b>                | <b>14 725</b>     |

Driftsmidlane er fordelt mellom tenesteområda som vist i tabellen under. For meir omtale av dei enkelte kommunalområda viser me til kapittel 5.

| Totalt per tenesteområde         | Rekneskap<br>2018 | Budsjett            |                     | Rekneskap<br>2017 | Avvik (B-R)<br>2018 |
|----------------------------------|-------------------|---------------------|---------------------|-------------------|---------------------|
|                                  |                   | m/endringer<br>2018 | u/endringer<br>2018 |                   |                     |
| Netto driftsutgifter (i 1000 kr) | 2018              | 2018                | 2018                |                   |                     |
| <b>Administrasjon</b>            | 67 489            | 68 688              | 67 277              | 66 909            | 1 199               |
| <b>Oppvekst</b>                  | 464 831           | 454 672             | 450 718             | 447 437           | -10 159             |
| <b>Omsorg</b>                    | 289 352           | 278 302             | 277 210             | 270 029           | -11 050             |
| <b>Samfunn (utan VAR)</b>        | 187 200           | 186 179             | 181 909             | 187 702           | -1 021              |
| <b>Sum nettodriftsutgifter</b>   | <b>1 008 872</b>  | <b>987 841</b>      | <b>977 114</b>      | <b>972 077</b>    | <b>-21 031</b>      |

## **Driftsinntekter**

Driftsinntektene auka med 2,3 % frå 2017 til 2018. Fjorårets vekst var på 2,9 %.

Skatteinntektene er svekka samanlikna med 2017. Skatteinntekter per innbyggjar er gått ned frå 95,3 % i 2017 til 94,2 % i 2018. Time kommune har lågare skattevekst enn landet.

Skatteinntektene i kommunen har dei siste 5 åra hatt lågare vekst samanlikna med landsveksten. Skatteutjamninga har kompensert for 60 % av mindreveksten i skatteinntekter.

| <b>Skatteinntekter</b>         | <b>Time</b> | <b>Landet</b> |
|--------------------------------|-------------|---------------|
| Skattevekst                    | 2,1 %       | 3,8 %         |
| Skattevekst per innbyggjar     | 1,8 %       | 3,1 %         |
| Skatteinntekter per innbyggjar | 94,2 %      | 100 %         |

Skatteveksten i Time vart i 2018 på 2,1 % og landet fekk 3,8 %. Dette er betre enn fjoråret då Time hadde ein nedgang på 0,8 % medan landet hadde ein vekst på 4,5 %. Viktige årsaker til låge skatteinntekter er høgare gjennomsnittleg arbeidsløyse i Time i 2018 enn landet, fleire har gått ned i lønn som følgje av oljekrisa, fleire gjekk også ut av arbeidsmarknaden då det stramma seg til og kommunen har framleis låg folkevekst.

Time kommune hadde i 2013 skatteinntekter på 106,7 % av landsgjennomsnittet. Time kommune har etter det hatt nedgang kvart år. Samanlikna med ein gjennomsnittskommune har Time kommune i 2018 etter skatteutjamning 26 millionar kroner mindre inntekter enn i 2013.

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld «Betalingar/overføringer med krav om motyting», kjem frå 40 millionar kroner i sjuke- og svangerskapsrefusjonar og 24 millionar kroner i momskompensasjon. Ingen av desse beløpa er budsjetterte. Refusjonane frå stat, kommunar og private er 29 millionar kroner høgare enn budsjettet.

## **Driftsutgifter**


Driftsutgiftene auka med 5 % mot ein vekst på 4,3 % i 2017. Dei to siste åra har utgiftene auka betydeleg meir enn inntektene. Dette svekker driftsresultatet til kommunen og gjev problem med å dekka renter og avdrag.

Meirutgiftene på lønn skuldast delvis bruk av sjukevikarar som i stor grad vert refunderte frå NAV. I enkelte tenester er det også stor bruk av ikkje budsjettert ekstrahjelp og overtid.

Meirforbruket på kjøp frå andre gjeld mellom anna barnevern, private barnehagar og private legar. Sist nemnde kostnad på 9 millionar kroner er overført frå lønn til kjøp av tenester og gjev avvik mellom budsjett og rekneskap på utgiftsartar, men ikkje reelt avvik når me ser utgiftsartane saman.

Avviket på overføringer gjeld først og fremst momskompensasjon på 24 millionar kroner.

## Netto driftsrekneskap



Netto driftsresultat er på 5,1 millionar kroner mot budsjettet 3,5 millionar kroner. Det reelle resultatet for 2018 samanlikna med budsjett er vist i tabellen nedanfor.

Driftsresultatet for 2018 er mykje dårlegare enn det kommunen skal jobba mot. I saka om økonomiske måltal la me opp til eit netto driftsresultatet på 1,5 % korrigert for bundne fond. Me burde nok også sagt korrigert for premieavvik. Time kommune har ikkje hatt slike premieavvik sidan 2015 og rekna derfor med at premieavviket ikkje skulle påverke resultatet så mykje.

|                                       | Rekneskap     | Budsjett     |
|---------------------------------------|---------------|--------------|
| Netto driftsresultat                  | 5 122         | 3 482        |
| Premieavvik pensjon                   | -12 121       | -            |
| Netto bruk av bundne fond             | 4 640         | 5 845        |
| <b>Korrigert netto driftsresultat</b> | <b>-2 359</b> | <b>9 327</b> |

Det svekka driftsresultatet skuldast avviket mellom budsjettet bruk og reell bruk i tenestene. dette vert omtala under dei enkelte tenestene i kapittel 5.

## Finansinntekter/-kostnader

Rentenivået i 2018 er litt høgare enn i 2017. Renteutgiftene er som budsjettet. Vi har hatt god likviditet og god avkastning på finansplasseringane noko som gir høgare renteinntekter enn budsjettet.

Låneopptaket for 2018 vart tatt opp i desember og me fekk derfor ikkje avdragskostnader i 2018 og dermed mindreutgifter i forhold til budsjettet. Finansresultatet er dermed 8 millionar kroner betre enn budsjettet.

## Årsoppgjersdispensasjonar

Overføringa frå drift utgjer 1,2 % av sum skatt og rammetilskot. Gjeldande målsetting er 1,5 %.

I 2018 vart det ikkje sett av midlar til overskotsfond for tenestene, då kommunen samla sett går med meirforbruk. Overskotsfondet for tenestene er ved utgangen av 2018 på 4,3 millionar kroner mot 8,2 millionar kroner i 2017.

Premieavviket i pensjon for 2018 var på 15,2 millionar kroner. I budsjettvedtaket skal heile denne summen avsettast til disposisjonsfond for å dekka tilsvarende utgiftsføring i 2019. Når rekneskapen vert gjort opp med meirforbruk, kan kommunen ikkje avsetta midlar til disposisjonsfond. I staden for 15,2 millionar kroner i avsetningar, er det avsett 6,4 millionar kroner. Det vil sei at meirbruket på 8,8 millionar kroner for kommunen samla sett er saldert mot mindre avsetning til disposisjonsfond.

## 2.2 Finans- og finansforvaltning

### Finansmarknaden 2018

Aksjemarknaden i 2018 viste fin stigning lenge, men ein nedtur på slutten av året førte til at hovudindeksen på Oslo børs vart redusert med 2,1 %. Indeksene for eigenkapitalbevis auka med 5,4 % og indeksen for sjømat med 53,4 %. Dei sistnemnde indeksane er viktige for kommunen si aksjeporfølje. Kommunen fekk ei samla avkastning på aksjane på 18,6 % i 2018.

Avkastninga på obligasjonane var på 3,2 % som også er godt over rentenivået i 2018.

| Aktivaklasse (i 1000 kr)                    | Marknads-verdi<br>31.12.2017 | Marknads-verdi<br>31.12.2018 | Realisert<br>tap/gevinst | Urealisert<br>tap/gevinst | Avkastning i<br>prosent | Ramme i<br>finans-reglement |
|---|------------------------------|------------------------------|--------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------------|
| Pengemarknads- og obligasjonsfond           |                              |                              |                          |                           |                         | 50 mill. kr                 |
| Obligasjoner utstedt av finansinstitusjonar |                              |                              |                          |                           |                         | 20 mill. kr                 |
| Obligasjoner utstedt av norske selskap      | 2 007                        | 1 964                        | 106                      | -42                       | 3,2 %                   |                             |
| Aksjefond                                   |                              |                              |                          |                           |                         | 20 mill. kr                 |
| Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap   | 9 332                        | 10 157                       | 1 294                    | 523                       | 18,6 %                  | 15 mill. kr                 |
| Aksjar i utanlandske selskap                |                              |                              |                          |                           |                         | 2,5 mill. kr                |
| <b>Sum</b>                                  | <b>11 339</b>                | <b>12 121</b>                | <b>1 400</b>             | <b>481</b>                | <b>16,0 %</b>           |                             |

Finansporteføljen er auka noko frå 2017. Dette skuldast først og fremst urealiserte gevinstar ved årsskiftet.

Av avkastninga på 16 % er 74 % realiserte gevinstar i form av utbytte, renter og gevinstar ved sal av aksjar.

## 2.3 Balanse per 31.12.2018

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

| Balanse                                     | Note   | 31.12.2018       | 31.12.2017       |
|---|--------|------------------|------------------|
| <b>EIGENDELAR</b>                           |        |                  |                  |
| <b>Anleggsmidlar</b>                        |        | <b>3 800 924</b> | <b>3 581 165</b> |
| Av dette:                                   |        |                  |                  |
| Faste eideomar og anlegg                    | 11     | 1 918 351        | 1 875 862        |
| Utstyr, maskinar og transportmidlar         | 11     | 217 916          | 167 701          |
| Utlån                                       | 12     | 343 863          | 334 510          |
| Aksjar og andelar                           | 3, 12  | 86 546           | 83 585           |
| Pensjonar                                   | 4      | 1 234 248        | 1 119 507        |
| <b>Omløpsmidlar</b>                         |        | <b>306 484</b>   | <b>366 987</b>   |
| Av dette:                                   |        |                  |                  |
| Kortsiktige fordringar                      |        | 122 476          | 139 303          |
| Premieavvik                                 | 4      | 15 189           | 3 067            |
| Aksjar og andelar                           | 10     | 10 157           | 9 332            |
| Obligasjonar                                | 10     | 1 965            | 2 006            |
| Kasse, postgiro, bankinnskott               |        | 156 697          | 213 279          |
| <b>SUM EIGENDELAR</b>                       |        | <b>4 107 408</b> | <b>3 948 152</b> |
| <b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>                |        |                  |                  |
| <b>Eigenkapital</b>                         |        | <b>1 098 545</b> | <b>1 017 687</b> |
| Av dette:                                   |        |                  |                  |
| Dispositionsfond                            | 6      | 71 244           | 58 972           |
| Bundne driftsfond                           | 6      | 22 037           | 26 676           |
| Ubundne investeringsfond                    | 6      | 0                | 3 355            |
| Bundne investeringsfond                     | 6      | 4 761            | 6 418            |
| Endring i rekn. prin. som påverkar AK drift | 9      | 3 321            | 3 321            |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk              | 15     | 0                | 14 726           |
| Rekneskapsmessig meirforbruk                | 15     | 0                | 0                |
| Udisponert i inv. rekneskap                 | 15     | 0                | 1 616            |
| Udekka i investeringsrekneskap              | 15     | -4 864           | -5 762           |
| Kapitalkonto                                | 7      | 1 002 046        | 908 365          |
| <b>Langsiktig gjeld</b>                     |        | <b>2 817 344</b> | <b>2 719 044</b> |
| Av dette:                                   |        |                  |                  |
| Pensjonsforplikting                         | 4      | 1 412 043        | 1 356 306        |
| Setifikatlån                                | 13, 14 | 200 000          | 200 000          |
| Andre lån                                   | 13, 14 | 1 205 301        | 1 162 738        |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>                     |        | <b>191 519</b>   | <b>211 421</b>   |
| <b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>            |        | <b>4 107 408</b> | <b>3 948 152</b> |

### Anleggsmidlar

Verdien av faste eideomar, utstyr og maskinar har auka med 93 millionar kroner. Dette gjeld nye investeringar i 2018 minus avskrivningar, nedskrivningar og eventuelle sal.

Pensjonsmidlane aukar med 115 millionar kroner i 2018. Det er elles mindre endringar på utlån og aksjar og andelar.


### Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er redusert med 60 millionar kroner. Bankinnskot er redusert med 57 millionar kroner. Kortsiktige fordringar er redusert med 17 millionar kroner medan inntektsført premieavvik er auka med 12 millionar kroner.

## Gjeld

|                      | Restgjeld pr<br>31.12.2017 | Restgjeld pr<br>31.12.2018 | Gj.sn. rente<br>2017 | Gj. sn. rente<br>2018 |
|----------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------|-----------------------|
| Kommunalbanken       | 684 857                    | 731 928                    | 1,77 %               | 1,55 %                |
| KLP Banken           | 225 000                    | 217 500                    | 1,37 %               | 1,64 %                |
| Husbanken            | 252 881                    | 255 229                    | 1,47 %               | 1,53 %                |
| Sertifikatlån        | 200 000                    | 200 000                    | 1,18 %               | 1,14 %                |
| Rentesikring         | 250 000                    | 250 000                    | 1,62 %               | 1,18 %                |
| <b>Sum lånegjeld</b> | <b>1 362 738</b>           | <b>1 404 657</b>           | <b>1,92 %</b>        | <b>1,71 %</b>         |

Kommunen har gjennom rentesikring og fastrentelån sikra 32 % av brutto lånegjeld ved utgangen av 2018. Sikra netto gjeld er 42 %.




## Likviditet og arbeidskapital

Differanse mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gjev eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er redusert med 41 millionar kroner i 2018. Likviditeten for kommunen er likevel god.

## Fondsmidlar

| Disposisjonsfond<br>(i 1000 kr) | Disposisjonsfond - drift |        | Disposisjonsfond - investering |        |
|---------------------------------|--------------------------|--------|--------------------------------|--------|
|                                 | 2018                     | 2017   | 2018                           | 2017   |
| Inngående balanse 1.1.          | 58 971                   | 27 238 | 3 355                          | 8 787  |
| Avsettingar                     | 24 028                   | 36 833 | -                              |        |
| Bruk av avsettingar             | -11 755                  | -5 100 | -3 355                         | -5 432 |
| Utgående balande 31.12.         | 71 244                   | 58 971 | -                              | 3 355  |

| Bundne fond<br>(i 1000 kr) | Bunde fond - drift |        | Bunde fond - investering |        |
|----------------------------|--------------------|--------|--------------------------|--------|
|                            | 2018               | 2017   | 2018                     | 2017   |
| Inngående balanse 1.1.     | 26 676             | 21 952 | 6 418                    | 9 109  |
| Avsettingar                | 11 123             | 8 856  | 9                        | 309    |
| Bruk av avsettingar        | -15 762            | -4 132 | -1 666                   | -3 000 |
| Utgående balande 31.12.    | 22 037             | 26 676 | 4 761                    | 6 418  |



Disposisjonsfondet kan brukast til både drifts- og investeringsformål. Det er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Kommune sitt disposisjonsfond er på 5,1 % ved utgangen av 2018. Time kommune har låge frie reservar samanlikna med andre kommunar. Disposisjonsfondet i investering er i 2018 nytta til finansiering av investeringane.

Disposisjonsfondet i drift er auka med 12 millionar kroner i 2018. Overskot for 2017 er avsett til fond og i tillegg er avsetninga til premieavviksfond auka, sjølv om me ikkje har sett av tilstrekkeleg. Av dei avsette midlane på disposisjonsfondet er over 15 millionar kroner øyremerka til dekning av premieavviket i 2019.

Bundne drifts- og investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål.

Når det gjeld vatn, avløp, renovasjon, slamtøming og feiing så skal desse gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Ved utgangen av 2018 står det 4,4 millionar kroner på sjølvkostfond. Alle tenestene har positiv saldo. Det vart netto brukt 4,6 millionar kroner av sjølvkostfonda i 2018.


Kommunen har også vedtatt at delar av plan- og forvaltingstenesta skal gjerast opp mot sjølvkostfond. I 2018 gjekk desse tenestene med samla underskot på 1,6 millionar kroner, slik at akkumulert underskot er på 2,4 millionar kroner. Arealplan har ved utgangen av 2018 eit samla underskot på 2 millionar kroner, bygg- og deling eit samla underskot på 0,6 millionar kroner og kart og oppmåling eit samla overskot på 0,2 millionar kroner.

Investeringsfond er midlar avsette i investeringsrekneskapen og midlane skal nyttast til å fullføra vedtekne prosjekt. Av avsette midlar på bundne investeringsfond gjeld 3,6 millionar kroner Time og Bryne kyrkje.

## 2.4 Økonomiske nøkkeltal

| Nye vedtatte måltal  | Rekneskap | Rekneskap | Gjeldande | Nye       |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
|  | 2017      | 2018      | mål       | mål       |
| Netto driftsresultat (korrigert for bunde fond og premieavvik) | 2,5 %     | -0,2 %    |           | 1,5 %     |
| Dispositionsfond av brutto driftsinntekter                     | 4,4 %     | 5,1 %     |           | 6,0 %     |
| Netto lånegjeld betalt av frie inntekter                       | 56,0 %    | 57,4 %    |           | maks 60 % |
| Lånefinansiering av investeringane                             | 53,9 %    | 54,0 %    |           | maks 50 % |
| Av sum skatt og rammetilskot til investeringar                 | 1,6 %     | 1,2 %     | 1,5 %     | 2,0 %     |

Kommunen har hittil berre hatt eit mål for økonomiske nøkkeltal, nemleg at 1,5 % av sum skatt og rammetilskot skal avsetta til finansiering av investeringane. Nye måltal som vart vedtekte i 2018 gjev mål på fleire økonomiske størrelsar. Me viser her i tabellen korleis resultatet for 2017 og 2018 er målt opp mot nye målsettingar. Nye målsettingar vil først gje ei rettesnor når me skal budsjettera for 2020.



Me har sett oss mål for netto lånegjeld som vert finansiert av frie midlar jf. note 13 i «Rekneskap 2018». Dette er ein størrelse som ikkje kan samanliknast med andre kommunar då detaljerte opplysingar ikkje vert innrapportert til KOSTRA. Me ser at både 2017 og 2018 er innanfor målsettinga om maksimal lånegjeld betalt av frie inntekter på 60 % av driftsinntektene.

# 3 Fornya, forenkla og forbetra

## 3.1 Vurdering og oppsummering av driftsåret

### Innovasjon

Arbeidet med innovasjon er eit leiaransvar i Time kommune. Koordinering av innovasjonsarbeidet på tvers av einingane ligg til innovasjonsgruppa som består av fagsjefane og rådgjevarane i kommunalområda og rådgjevar i stab. Time kommune deltek i gruppa som arrangerer Innovasjonskonferansen i Rogaland.

Time kommune er positive til å testa ut nye produkt frå eksterne firma sine innovasjonsprosjekt, som for eksempel:

- «Mode Sensors», digitale plaster
- «Tidewave», ei madrass som snur brukar regelmessig for å førebygga liggesår

Omsorg har hatt møte med fleire bedrifter sett i forhold til Smart kommune samarbeid.

På Innovasjonsdagen på Sola hadde Omsorg ein stand der ein informerte om kommunen si erfaring med å ha eigen fagarbeidar med ansvar for å følga opp brukarar som nytta velferdsteknologi.

Eigedomsavdelinga testar ut vaskerobotar i idrettshallar og robotgrasklyppar på fotballbanen på Lye.

NAV Time har organisert oppfølging av aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år frå individuell oppfølging til oppfølging i gruppe. Frisklivssentralen har gjort det same. Prioritering frå individuell oppfølging i Frisklivssentralen til gruppentrening har gjeve null venteliste i heile 2018, mot opp til 12 veker i 2017, sjølv om det var om lag like mange tilvisingar.

Kommunen arbeider saman med innbyggjarar og frivillige lag og organisasjonar i samskapingsprosjektet «Korleis utvikla Lyefjell til å vera ein god stad å bu i framtida?» Det er gjennomført trafikkeltjing i samarbeid med Lye ungdomsskule og workshop med innbyggjarar og representantar for frivillige lag og organisasjonar, idrettslag, FAU, SU og næringslivet.

To tilsette i tenesteområde Oppvekst har gjennomført vidareutdanning med 30 studiepoeng i «Innovasjon i offentlig sektor», ved Høgskolen i Innlandet.

Aktiv bruk av BLT-metodikk har vore ei forventning ut til verksemndene i Oppvekst i 2018.

### Digitalisering

DigiRogaland vart etablert i 2018 og er eit samarbeid mellom 26 kommunar om å ta i bruk digitale verktøy for å gi betre tenestar til innbyggjarar og næringsliv. Målet er raskare sakshandsamingstid, betre kvalitet og auka graden av sjølvbetening.

Det har vore arbeid med å forankra velferdsteknologi i tenesteområde Omsorg. Prosjektgruppa har involvert kommuneoverlegen og representant for senior- og brukarrådet.

Kommunen har skrive under kontrakt med DigiHelse, verktøy for kommunikasjon mellom brukar, pårørande og tilsette i heimetenesta.

Kommunane Time, Klepp og Lund har gått saman om eit anbod angåande digital tryggleksalarm, plattform for velferdsteknologi, GPS, kamera og andre sensorar. Dette arbeidet går vidare i 2019.

Eigedomsarkivet i kommunen er digitalisert og er nå tilgjengeleg for alle via kommunen si nettside.

I 2018 har kommunen fullført utrullinga av eigne iPadar til alle elevar.

Det er montert sensorar i Frøylandsvatnet for å måla vass-standen.

Tenestene fysio- og ergoterapi har oppretta ei tverrfagleg gruppe som ser på område innan digital saksbehandling som kan forbetra.

Fritid samarbeider med ein privat aktør for å utvikla ein app som skal gjera det lettare å organisera frivillig arbeid.

PP-tenesta har gjennomført omlegging til fullelektronisk arkiv og bruk av SvarUt-løysinga.

Økonomi, lønn og personal har i 2018 vore pilotkommune for leverandøren av økonomi- og personalsystem. Det betyr at nye løysingar er testa ut og mange innspel er gjevne til forbetringar i systema. Kommunen gjer ein jobb for leverandøren, men her er god læring og gode moglegheiter for å påverka systemutviklinga slik at det blir ein vinn-vinn-situasjon for alle partar.

## **Omstilling**

Prosjektet «Omstilling 2017» vart formelt avslutta på møte i prosjektgruppa for omstilling 26.10.2018. Omstillingsprosjektet er avslutta, men organisasjonen skal kontinuerlig arbeida med å fornya, forenkla og forbetra seg.

Sjølve prosjektet «Omstilling 2017» omfatta heile organisasjonen Time kommune. Målet var å saldera budsjettet for 2017-2020 med rammeinnsparing for alle desse åra. Prosjektet vart definert både som eit omstellings- og effektiviseringsprosjekt. Alle kommunalområda vart involverte. Alle verksemder og avdelingar fekk ansvar for å vurdera tiltak for å nå innsparingsmåla. Prosjektet involverte fleire tilsette og dei tillitsvalte deltok i alle prosjekt. Rådmannen rapporterte til formannskapet som styringsgruppe.

Nokre av dei implementerte tiltak som følge av «Omstilling 2017 - Rett teneste til rett tid» i 2018:

- Norma på heimehjelp/praktisk bistand vart redusert frå kvar andre veke til kvar tredje veke. Tenesta skal tilpassast kvar enkelt sitt behov. Omsorg har trekt inn to årsverk og ikkje 2,5 årsverk då ein vurderte at tilbodet til 20 % av mottakarane av heimehjelp ikkje kunne reduserast.
- Håbakken bufellesskap vart lagt ned frå og med oktober.
- Samordning av saksbehandlinga i Omsorg i ei verksemd. Verksemda skal halda til i Skatt Vest sine lokale.

- TAT (tilrettelagt aktivitet før og etter skuletid) er flytta frå Bryne aktivitetssenter til Kvernaland. TAT som er ei avlastingsteneste er nå implementert i Kvernaland avlastningsheim.
- Ny reinhaldsstandard, INSTA 800, er innført med mål om lik kvalitet på reinhald i alle kommunale bygg. Dette har mellom anna medført innsparing av tre reinhaldsårsverk i 2018.
- Ny administrativ organisering av tenesteområdet Samfunn.

## 4 Folkehelse


Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planleggja og gjennomføra effektive tiltak. I 2018 har Time revidert folkehelseprofilen og gjennom kafodialog og drøftingar med representantar for politisk og administrativt nivå, tilsette og frivillige lag og organisasjonar, kome fram til fem prioriterte område. Desse er: psykisk helse hos barn og unge, inntektsforskjellar, eldreressursen, skulevegar og aktivitetsmangfald.

Det er mange positive faktorar på folkehelseområdet i Time. Frå Ungdata (2016-2018) kan me finna at ungdommen i Time trur på eit lykkeleg liv, dei er fornøgde med helsa si, og dei er fornøgde med treffstader for ungdom i nærmiljøet.


Folkehelseutfordringane ligg på levekårområdet som fråfall i vidaregåande opplæring, barnefattigdom og at Time har relativt mange unge (11 %) i aldersgruppa 20-29 år som mottar ulike typar stønad frå NAV.

### Psykisk helse

Mobbing kan gjera stor skade på unge si psykiske helse. Time er blant dei 10 beste kommunane i landet når det gjeld fråvær av mobbing. Tabellen under viser delen ungdomsskuleelevar som opplever at dei vert mobba minst kvar 14. dag.




## Gjennomføring i vidaregående opplæring 2012-2017



Fråfall i vidaregående opplæring viser positiv utvikling. I Time var det 74,5 % av elevane som fullførte med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem år for 2012-kullet. Gjennomsnittet i fylket var 77 %. Målsettinga for Time er 80 % innan 2022. Det er størst fråfall frå yrkesretta opplæring. Det er sett inn mange tiltak for ytterlegare å redusera fråfall. Eksempel er auke i helsejukepleiarressursen på skulane, fokus på trivsel og inkludering i barnehagane og satsing på arbeidslivsfag i ungdomsskulen.

### Inntektsskilnader

Time har færre unge i låginntektsfamiliar enn snittet i Rogaland og landet elles. Samtidig har kommunen dei siste åra hatt ein betydeleg auke. Arbeidsledige, åleineforsørgjarar og flyktningar er særleg utsette grupper. Inntektsforskjellane generelt har auka fram til 2014, men har vore stabile etter dette.



Det viktigaste virkemiddelet for å redusera barnefattigdom er å få føresette som ikkje er ein del av arbeidslivet, ut i jobb. Samtidig skal kommunen bidra til å gje alle barn ein best mogleg barndom, uavhengig av føresette si inntekt.


Tiltak som kommunen har per i dag for å redusera konsekvensen av barnefattigdom:

- Opplevelseskort - samarbeid mellom Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 50 kort per kommune som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemsskap i eit idrettslag, samt utstyr, for sosialhjelppsmottakarar med forsørgjaransvar
- Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage
- Utstyrssentral for idrett og friluftsutstyr
- Samarbeidsprosjekt med Rosseland ballklubb for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen brukte i 2018 29 millionar kroner til startlån og 1,9 millionar kroner i etableringstilskot for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Eigen iPad til alle elevar

Bryne Røde Kors har eit grasrotfond. Her kan skulane, lag og organisasjonar søkja om tilskot til utstyr, kontingen og turneringsavgift.

### **Skulevegar**

Statistikk viser at Time har hatt ei positiv utvikling når det gjeld trafikkulykker og tal på skada og drepne i trafikken. Målsettinga er at alle elevar skal ha ein trygg skuleveg.



## Eldreressursen


På grunnlag av innovasjonsmidlar frå fylkesmannen er det sett i gang eit prosjekt med frivillegkoordinator knytt til institusjonane i kommunen. Målsettinga er å auka samarbeidet med frivillige for å skapa sosiale aktivitetar på Bryneheimen og Sivdamheimen.

Hausten 2018 starta innovasjonsprosjektet «Velferdssenteret mot 2030», kor målet er å sjå eldre både som brukarar av kultur- og fritidstilbod, og som ein viktig frivillig ressurs.

Utgangspunktet for arbeidet er samarbeid på tvers mellom Velferdssenteret, Frivillegcentralen, Sivdammen catering, Omsorg, med fleire.

## Aktivitetsmangfold

Det er ei positiv utvikling når det gjeld barn og unge med overvekt. Tall på overvekt og fedme blant elevar på 3. trinn viser ein reduksjon dei siste fire åra. Ungdata viser at ungdom i Time er meir fysisk aktive enn gjennomsnittet i fylket og landet.



# 5 Tenester

## 5.1 Hovudtal per tenesteområde

| Totalt per tenesteområde         | Budsjett          |                     | Budsjett            |                   | Avvik (B-R)    |
|----------------------------------|-------------------|---------------------|---------------------|-------------------|----------------|
|                                  | Rekneskap<br>2018 | m/endringer<br>2018 | u/endringer<br>2018 | Rekneskap<br>2017 |                |
| Netto driftsutgifter (i 1000 kr) |                   |                     |                     |                   |                |
| <b>Administrasjon</b>            | 67 489            | 68 688              | 67 277              | 66 909            | 1 199          |
| <b>Oppvekst</b>                  | 464 831           | 454 672             | 450 718             | 447 437           | -10 159        |
| <b>Omsorg</b>                    | 289 352           | 278 302             | 277 210             | 270 029           | -11 050        |
| <b>Samfunn (utan VAR)</b>        | 187 200           | 186 179             | 181 909             | 187 702           | -1 021         |
| <b>Sum nettodriftsutgifter</b>   | <b>1 008 872</b>  | <b>987 841</b>      | <b>977 114</b>      | <b>972 077</b>    | <b>-21 031</b> |

## 5.2 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar helsestasjon, skulehelsetenesta og familiesenter, barnevern, 9 kommunale barnehagar, 11 private barnehagar og 1 open barnehage, 5 barneskular og 1 1-10 skule med skulefritidsordning (SFO), 3 ungdomsskular, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), kulturskule, Bryne kompetansesenter (språkstasjon, vaksenopplæring) og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT). Tenesteområdet skal hjelpe foreldre og føresette, gje opplæring, driva førebygging og gje hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

### 5.2.1 Økonomi

| Oppvekst                            | Budsjett          |                     | Budsjett            |                   | Avvik (B-R)    |
|-------------------------------------|-------------------|---------------------|---------------------|-------------------|----------------|
|                                     | Rekneskap<br>2018 | m/endringer<br>2018 | u/endringer<br>2018 | Rekneskap<br>2017 |                |
| Administrasjon                      | 7 152             | 7 296               | 7 208               | 6 868             | 144            |
| Pedagogisk psykologisk teneste      | 6 986             | 7 189               | 6 752               | 5 885             | 203            |
| Barnehagar                          | 175 503           | 169 583             | 168 509             | 171 238           | -5 920         |
| Undervisning                        | 215 925           | 215 944             | 213 834             | 209 778           | 19             |
| Vaksenopplæring                     | 2 467             | 2 479               | 2 641               | 1 190             | 12             |
| Kulturskule                         | 6 436             | 6 622               | 6 542               | 6 445             | 186            |
| Helsestasjons- og skulehelsetenesta | 13 246            | 13 596              | 13 435              | 12 689            | 350            |
| Kriminalitetsførebygging            | 778               | 826                 | 816                 | 758               | 48             |
| Barnevern                           | 35 968            | 31 137              | 30 981              | 31 861            | -4 831         |
| Tenester utanfor ord. kom. ansvar   | 370               | 0                   | 0                   | 725               | -370           |
| <b>Sum Oppvekst</b>                 | <b>464 831</b>    | <b>454 672</b>      | <b>450 718</b>      | <b>447 437</b>    | <b>-10 159</b> |

Det økonomiske resultatet for Oppvekst i 2018 viser 10,2 millionar kroner i meirforbruk. Med nokre unntak har dei fleste verksemndene i Oppvekst gått i balanse eller med eit lite mindreforbruk.

Meirforbruket har i hovudsak 4 grunnar.

- Høge kostnader knytt til spesialpedagogiske tiltak i barnehagane.
- Høge kostnader knytt til private barnehagar i eigen og andre kommunar.
- Høge kostnader knytt til redusert foreldrebetaling.
- Høge kostnader i barneverntenesta knytt til plassering av barn og unge utanfor heimen.

### 5.2.2 Rapportering i forhold til tiltak 2018

| Tiltak  | Merknader |
|---|-----------|
| Barnehage   |           |
| Auka pedagogisk bemanning i barnehagane opp til ny nasjonal norm  | U         |
| Auka bemanninga i barnehagar opp til ny nasjonal norm   | U         |
| Leggja til rette for fagarbeidarutdanning innan barne- og ungdomsarbeidarfaget for 10 assistenter i kommunale og private barnehagar                                     | U         |
| Plan for språkarbeid skal inngå i barnehagen sin årsplan  | U         |
| Ta i bruk språkverktøy «Bravo» for å betre det systematiske språkarbeid på 0-3 års avdelingane i 11 barnehagar  | U         |
| Utarbeida nye overgangsrutinar for overgang frå barnehage til skule for fleirspråklige barn   | U         |
| Alle eininger har planar og arbeider systematisk for arbeid med å fremma god psykisk helse hos barna  | U         |
| Kartlegga og setta i gang tiltak ut frå arbeid med Sjumilssteget  | D         |
| To skular og to barnehagar frå Time skal i samarbeid med Hå, Gjesdal og Klepp delta i eit nasjonalt prosjekt for inkluderande barnehage- og skolemiljø                  | U         |
| To barnehagar skal verta Marte Meo barnehagar. Mål i ein Marte Meo barnehage er å nytta metodikken med å setta fokus på vaksenrolla og utviklingsstøttande læringsmiljø | U         |
| Barnehagen sin digitale praksis skal inngå i barnehagen sin årsplan   | D         |
| Implementera ny nasjonal rammeplan  | U         |

| Tiltak  | Merknader   |
|---|---|
| Alle barnehagane skal ha tilsette med rettleiingskompetanse som skal nyttast i rettleiing av nyutdanna pedagogar og studentar   | D<br>6 av 9 barnehagar har tilsette med rettleiingskompetanse.                                |
| Undervisning  |   |
| Planlegga framtidig løysing av lokalitetar for å dekka kapasiteten for elevtalsveksten i sentrumsskulane  | D<br>Ny skulebruksplan i 2020.  |
| Ha minimum 15 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet»   | U   |
| Evaluera innovasjonsprosjekt med ulike modellar for organisering og innhald av språkopplæringa til fleirspråklege elevar på utvalde skular for planlegga og implementera vidare | U   |
| Utforma informasjonsmateriell om SFO-tilbodet på fleire språk   | U   |
| Utarbeida nye overgangsrutinar for overgang frå barnehage til skule for fleirspråklege barn   | U   |
| Samarbeid med Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule for utforming og implementering av ein heilskapleg plan for overgangsarbeid grunnskule-vidaregåande skule               | U   |
| Samarbeid med Klepp kommune for auka gjennomføring i vidaregående opplæring om arbeidslivsfaget på Frøyland ungdomsskule og Orstad skule  | I<br>På grunn av organisatoriske og timeplantekniske utfordringar vert ikkje dette realisert. |
| Sommarjobb for fem ungdommar som del av samhandling om «tett på» med Bryne vidaregåande skule   | U   |
| To skular og to barnehagar frå Time skal i samarbeid med andre barnehagar og skular i Jærskulen delta i prosjektet «inkluderande barnehage- og skulemiljø»                      | U   |
| Utvikla intensivkurs på alle skulane for elevar med behov innanfor rekning, lesing og skriving  | U<br>Kontinuerlig arbeid  |
| Bryne skule og Bryne ungdomsskule skal vera del av innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren» i samarbeid med helsestasjonen og PPT  | U   |

| Tiltak   | Merknader   |
|--|---|
| Bryne skule skal starta opp og delta i programmet «Zippys venner» i forhold til psykisk helse der Lye skule og Undheim skule òg er med | D Bryne skule har utforma eigen plan for sosial kompetanse som tek i vare tema psykisk helse. Denne er vurdert som eit like godt alternativ som programmet «Zippys venner». Hognestad og Frøyland skule vart og i løpet av 2018 med i programmet «Zippys venner». |
| Fire assistenter i skule/SFO skal ta fagarbeidarutdanning  | U   |
| Utfonna rammeverket «Pedagogisk bruk av læringsteknologi, DigIT, vidare i Time» i leiargruppa  | U   |
| Fullføra utvidinga med nettbrett 1:1 på alle skulane   | U   |
| Testa ut koding i undervisning på utvalde trinn på fleire skular   | U   |
| Skulane utformar ein plan for kritisk tenking med bruk av læringsteknologi i opplæringa  | U .   |
| Alle skulane skal ha minst ein lærar med rettleiingskompetanse overfor nyuttanna   | D To av skulane manglar dette.  |
| Alle skulane tek i bruk metodar som Lesson study, kollegarettleiing og anna for læring og utvikling i organisasjonen                   | U   |
| Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde   | U   |
| Laga system for informasjonsflyt og medverknad i SFO   | D Er under planlegging  |
| PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetansesenter (BKS), Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)                 |   |
| BKS må justera drift i tråd med endringar i talet på brukarar  | U   |
| Time kulturskule skal vidareutvikla fargeglobus med opplegg for eldre elevar og SNO-elevar i grunnskulen                               | D Ikkje utvida hausten 2018 – få SNO elevar.  |
| PPT, helsestasjonen og utvalde skular skal delta i innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren»   | U   |
| PPT skal kutta ventetida på sakkunnige utgreiingar til éin månad   | U   |
| PPT skal saman med fagstab finna fram til nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelpe i barnehagane og skulane  | D Arbeidet er i gang, fleire tiltak skal testast ut i løpet av 2019.  |

| Tiltak   | Merknader   |
|--|---|
| Barnevernstenesta sine tilsette skal delta i RVTS sitt kompetanseprogram for å styrkja kompetansen på vald og seksuelle overgrep. Opplæringa føregår i halvanna år                         | D Arbeidet er i gang og skal avsluttast sommaren 2019.                                      |
| Time kulturskule vil etablira rutinar for nødvendig informasjonsflyt mellom einingar som arbeider med barn og unge   | U   |
| Time kulturskule vil gje utsette barn eit tilbod gjennom å forsera elevplassar ut frå individuelle behov og innføring av friplassar  | I Tiltaket lèt seg ikkje gjennomføra i 2018.  |
| BKS skal testa ut og gjera forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne  | D BKS er midtveis i ei 3-årig forsøksordning med modulbasert opplæring.                     |
| HSF skal foreta heimebesøk til nyfødde seinast tre dagar etter utskriving frå sjukehuset   | U   |
| HSF fortsett deltakinga i det nasjonale prosjektet «Familie for første gang»   | U   |
| Sjumilssteg-arbeidet fortsett med to prioriterte tiltak. Det eine er å få til auka medverknad frå barn og unge. Det andre for å få til betre samordning av innsatsen overfor barn og unge. | D Arbeidet pågår og eit tiltak er å etablira barn og unges kommunestyre i Time.             |
| Time kulturskule skal ferdigstilla nytt informasjonsmateriell for kulturskulen   | U   |
| BKS skal utforma plan for digital kompetanse   | I BKS vil i forkant av neste skuleår gjera strategiske val med tanke på digital kompetanse. |
| Time kulturskule skal implementera nasjonal rammeplan  | U   |
| BKS skal utforma utviklingsplan med definerte satsingsområde   | D Dette arbeidet er starta. Det vil vera klar ein utviklingsplan før neste skuleår          |

### 5.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Ny kommunalsjef for tenesteområde Oppvekst tiltrådde i april 2018.

Gjennom «Strategiplan for Oppvekst» har leiarane arbeidd med å definera mål og tiltak innanfor dei ulike områda.

I tillegg til hovudoppdrag knytt til opplæring i barnehagane og skulane, har tidleg innsats, samarbeid på tvers av tenestene og fokus på å inkludera vore viktige fellesnemnarar for arbeidet i 2018.

Innføring av pedagognorm og bemanningsnorm i barnehagane og minstenorm for lærartettleik i skulane har kravd omlegging og justering av ressurstildeling.

Arbeidet med kartlegging kring bruk og organisering av spesialpedagogiske tiltak i barnehagane og spesialundervisning i skulane har vore viktig. Kommunen arbeider med å styrka barnehagane og skulane sitt arbeid før tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Ei styrka samhandling mellom PPT, barnevern, helsestasjon og andre kommunale og interkommunale tiltak vil hjelpe barnet/elevet tidlegast mogleg. Gevinsten med ein reduksjon i mengda av tilvisingar og sakkunnige utgreiingar, vil vera at ein kan auka PPT sitt førebyggande arbeid i skulane. PPT arbeidar førebyggande for å få betre læringsmiljø og betre tilpassa opplæring i skulane.


Mange lærarar har nytta moglegheita for vidareutdanning gjennom den statlege satsinga «Kompetanse for kvalitet». Målsettinga for satsinga er at alle lærarar skal oppfylla dei nye kompetansekrava innan 2025. Nytt i 2018 er at me frå Time har fleire som er i gang med vidareutdanning knytt til profesjonsfagleg digital kompetanse.

Jærskulen, saman med barnehagane i dei fire kommunane, starta i 2018 i eit 2-årig nasjonalt prosjekt med fokus på «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Prosjektet er i regi av utdanningsdirektoratet og har som målsetting å styrka barnehagane, skulane og barnehage- og skuleeigar sin kapasitet til å skapa og oppretthalda gode barnehage- og skulemiljø, og å førebyggja, avdekka og handtera mobbing og andre krenkelsar. Frå Time deltar Kvernaland barnehage, Lye skule, Eivindsholen barnehage og Undheim skule. Satsinga skal vidareførast i 2019.


Endringar i talet på asylsøkjarar og arbeidsinnvandrarar har ført til redusert etterspurnad etter språkopplæring. Det har igjen gjeve behov for å tilpassa organisasjonen, og då særleg Bryne kompetansesenter. For å få eit betre grunnlag for omfang av tenesta, vart det i 2018 utarbeidd nye avtalar for vertskommunesamarbeid med Klepp og Hå kommune. Ny avtale gjer at det frå januar 2019 vert kravd stykkpris for den enkelte deltakar ved Bryne kompetansesenter frå desse kommunane.

Samla hadde tenesteområdet Oppvekst eit sjukefråvær på 6,8 % i 2018, som er ein auke på 0,7 % frå 2017.

## Barnehage



Time ligg litt høgare i netto driftsutgifter per barn 1-5 år samanlikna med Klepp og Sandnes, men lågare enn Rogaland og Kostra gruppe 8.




Tabellen syner at Time har same brutto driftsutgifter per oppholdstime i kommunale barnehagar som i 2017, medan dei andre har hatt ei auke på 4–5 kroner per oppholdstime i same periode.

Barnehageområdet har eit samla meirforbruk på 5,9 millionar kroner. Meirforbruket er i hovudsak knytt til:

- Fleire barn i private barnehagar både i Time og i andre kommunar og auka kostnader til finansiering av pedagognorm i private barnehagar, samla omlag 1,6 millionar kroner i meirforbruk.
- Auka kostnader for å dekka ordning for redusert foreldrebetaling, omlag 0,9 millionar kroner i meirforbruk.
- Auka kostnader knytt til enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak i barnehagane, omlag 3,4 millionar kroner i meirforbruk.

Tabellen under viser kor mange barn, i prosent, med spesialpedagogiske tiltak dei 3 siste barnehageåra.



Høge kostnader til spesialpedagogiske tiltak i barnehagane har samanheng med auka mengd barn med rettigheter og auke i anbefalt omfang for det enkelte barn. Denne auken gjeld ikkje berre for Time kommune, men ein ser same tendens i andre nærliggande kommunar. Det vart i 2018 sett ned ei interkommunal gruppe som består av Gjesdal-, Hå-, Klepp- og Time kommune for å kartlegga og å sjå på tiltak som kan føra til reduksjon i talet på barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp. PP-tenesta vart også involvert i arbeidet.

### Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

| Årstal | Familiar med redusert foreldre-betaling | Del av desse med redusert kjernetid i tillegg | Prosent-del |
|--------|---|---|-------------|
| 2017   | 102                                     | 62  | 61%         |
| 2018   | 104                                     | 92  | 88%         |

Bakgrunnen for den store auken er at gratis kjernetid vart utvida til å gjelda 3-åringane i 2018. Det kan sjå ut som det er omlag 9 % av familiene som har behov for denne ordninga. Ordning om gratis kjernetid vil i 2019 verta utvida til også å gjelda for 2-åringar.

Barnehagane hadde i 2018 ein samla reduksjon på 39 barnehageplassar. Ein reduksjon på 49 plassar for store barn og ein auke på 10 plassar for små barn. Hovudgrunnen til nedgangen var at kullet som starta på skulen i august 2018 var større enn barnekullet som starta i barnehagen. Det er også ein tendens til at fleire barn i 0-3 årsalderen enn forventa nytta barnehageplass.

Barnehagekapasiteten er redusert ved avvikling av Skulegata barnehage. Time kyrkjelege fellesråd hadde òg gitt signal om at dei ville avvikla Sporvongane barnehage med 14 plassar. Det skjedde ikkje, drift av denne barnehagen vert vidareført av nye private eigarar som utvida drifta med 3 plassar.

I august 2018 vart det innført bemanningsnorm for barnehagane. Kommunen har hatt lågare bemanning enn ny norm og me måtte auka med 4,2 årsverk for dei kommunale barnehagane for å klara å følgja ny bemanningsnorm. Det er gjeve ein overgangsperiode for dei private

barnehagane fram til august 2019 for å oppfylla ny bemanningsnorm. Ved årsskiftet var det 2 private barnehagar som ikkje hadde innført ny bemanningsnorm.


Talet på dispensasjonar frå utdanningskravet for pedagogiske leiarstillingar i kommunale barnehagar var årsskiftet på 2,8 årsverk, dette er ei svært positiv utvikling. For dei private barnehagane er talet på dispensasjon for utdanningskravet på 12,4 årsverk som er ein auke frå 2017. Det er viktig at dei private barnehagane arbeider målretta for å rekruttera og utdanna personalet slik at talet på dispensasjonar vert redusert.

I 2018 avslutta barnehagane eit 3-årig prosjekt som har hatt fokus på kosthold, fysisk aktivitet og god psykisk helse. Alle barnehagane har deltatt og me ser det som eit vellykka prosjekt som har ført til endring av praksis.

Hausten 2018 starta ein opp med ei satsing med fokus på «Barns trivsel». Satsinga skal gå over 3 år og har undertema; Leik og læring, medverknad og inkludering.

Sjukefråværet i barnehagane var i 2018 på 8,6 %, ein auke på 1,6 % frå 2017. Kommunal målsetting for sjukefråværet i barnehagane er på 6 %. Landssnittet på fråvær i barnehagesektoren ligg mellom 8 og 10 %. Målsetting for 2019 er sett til 7,8 % og er nok ei meir realistisk målsetting.

## Undervisning




Time ligg lågare i netto driftsutgifter per elev i forhold til kommunar med same størrelse. Dette gjeld også i samanlikning med tala for Rogaland og KOSTRA gruppe 8.

Området undervisning gjekk i balanse i 2018. Det har vore meirforbruk ved tre av skulane noko som skuldast tiltak som er varsle gjennom tertialrapportane knytt til elevar med behov for ekstra styrking. To av skulane har hatt eit større mindreforbruk som skuldast vakanse i lærarstillingar.

Kjøp av tenester frå andre som omhandlar refusjonskrav for elevar som får spesialpedagogisk undervisning i andre kommunar og i privatskular viser eit meirforbruk på høvesvis 1 million kroner og 2 millionar kroner. Dette er ei stor utfordring, då desse utgiftene ikkje kan styrast av kommunen.

Skulane viser i all hovudsak gode resultat for 2018. [Tilstandsrapport for Jærskulen 2018](#) viser god kvalitet på opplæringa, høg trivsel og låge mobbetal. Grunnskulen i Time må fortsetta arbeidet med å betra den grunnleggande leseopplæringa.

Vedteken minstenorm for lærartettleik vart innført hausten 2018. Den nasjonale føringa styrer kommunen og skulane sitt handlingsrom for ressursutnytting. Lye skule og Frøyland skule låg under lærarnorma på 1.-4. trinn med 1,5 årsverk. Dei andre skulane låg over lærarnorma. Dei minste skulane hadde høgare norm enn dei største skulane.



Kjelde : GSI (berre kommunale skular)

Også i 2018 har talet på elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning gått noko ned. Time kommune ligg godt under landssnittet. Samtidig viser tala at omfanget for den enkelte elev aukar noko. Målsettinga her er å få til ei dreiling kor ressursane i større grad kan nyttast inn i det allmennpedagogiske, slik at flest mogleg elevar får hjelp via tilpassa opplæring, og ikkje får behov for spesialundervisning.

Tiltak som er nytta i arbeid i 2018 er blant anna

- Tett samarbeid med PPT
- Vidareutvikling av intensivkurs. Målet er at elevar skal løftast, innanfor eit avgrensa tidsrom, for å unngå at dei utviklar lærevanskar.
- Gje meir tilpassa undervisning i ordinær opplæring.
- Differensiering med bruk av lærungsteknologi på ulike nivå.

Tala for 2018 viser også ein auke av elevar med enkeltvedtak grunna utfordringar med åferd. Dette forsterkar behovet for tett samarbeid med føresette, auka fokus på førebyggande arbeid og å inkludera.

Som resultat av innovasjonsprosjektet knytt til særskilt norsk språkopplæring (SNO) for fleirspråklege elevar er det utforma eit heilskapleg system for oppfølging og vidare arbeid i Timeskulane. Dette arbeidet har avdekkja at elevar som ikkje meistrar norskspråket får utfordringar med å følgja den ordinære undervisninga. Over tid fører dette til lærevanskar og spesialundervisning.

Innovasjonsprosjektet «Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule» har ført til ein ny plan for systematisk samarbeid om overgang mellom grunnskulen i Time og Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule. Planen presenterer tiltak og ansvar for oppfølging på ulike nivå. I samarbeidsmøte mellom Time, Klepp og Bryne vidaregåande skule hausten 2018 har det kome fram at tiltaket med «Tett på» i Time har fungert godt. Elevar som har delteke i dette vert følgde opp på Bryne vidaregåande skule. Helsesjukepleiar og sosialrådgjevar melder tilbake at skulane i Time er gode på å følgja opp elevar som har behov for å verta sette. Tal frå fylkeskommunen viser at timeelevane skil seg ut positivt ved at storparten av fråfallet for dei to siste årskulla skuldast feilval. Færre elevar enn i nabokommunane melder at dette skuldast personlege eller psykiske årsaker. Fokus og systematikken som er utvikla ved ungdomsskulane, og i samarbeid med vidaregåande skule kan vera del av forklaringa på dette. Det er eit mål å utvida samarbeidet til også å involvera Øksnevad vidaregåande skule.

Bryne ungdomsskule og Bryne skule er del av innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren og eleven» som starta opp i 2017 som ei forlenging av innovasjonsprosjektet «Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule». Ønska effektar med prosjektet er at fleire elevar enn i dag opplever meistring og tilhørsle i skulen. Omgrepene «meistring og tilhørsle» samanfattar kva eit utval av elevar på to skular på 10. trinn svarte under djupneintervju frå innovasjonsprosjektet «Auka gjennomføring i vidaregåande skule». Her vart det stilt spørsmål om kva som må til for at dei skal klara å fullføra vidaregående opplæring.

Deltaking i innovasjonsprosjektet er basert på tverrfagleg samskaping med fokus på førebygging. Ulike profesjonar er del av «Laget rundt læraren og eleven» og består av PPT-rådgjevar, spesialpedagogisk koordinator, helsesjukepleiar, sosialrådgjevar og rektor. Bryne ungdomsskule har kome lengst, og funn frå dette prosjektet er stor del av vurderingane som ligg til grunn for vidare oppfølging og utviding.

Timeskulane er med i kommune-pilotering av samtaleboksane FuelBox i undervisninga. I august var det «kick off» på skulane med kurs for dei tilsette. Tilbakemeldingar så langt er at der dette er aktivt brukt i klassar opplever ein at elevane vert kjende med kvarandre på ein annan måte, noko som fører til eit betre læringsmiljø.

Hausten 2018 har 27 lærarar starta på vidarutdanninga Kompetanse for kvalitet.

Ei viktig oppgåve i Jærskule-samarbeidet er rekruttering av kvalifiserte lærarar. Talet på søkerar auka frå 2014-2017. I 2017 hadde Time 140 søkerar der 122 var kvalifiserte. Dette gjekk litt ned i 2018 til 127 søkerar derav 114 var kvalifiserte.

Sjukefråværet i skulane ligg med eit snitt på 6,0 % mot 5,7 % i 2017. Skulane ligg samla under snittet i kommunen, men over målsettinga for området på 4,5 %.

### **Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)**

Tenesta har hatt eit mindreforbruk på 0,2 millionar kroner. Dette skuldast sjukepengerefusjonar og vakante stillingar.


Ventetida på PPT har gått ned frå to månader i desember 2017 til 0 månader i desember 2018. Som det kjem fram i nøkkeltala kap. [10.1.4](#), var talet på aktive saker 418 i 2018. Av desse er 64 barn i alderen 0-5 år, 336 barn i alderen 6-15 år og 18 vaksne logopedisaker.

Ein ser ein nedgang i talet på nye saker både i 2017 og i 2018. PPT satsar på auka fokus på systemarbeid og tidleg innsats. I tillegg er det ein større del saker der skular og barnehagar ber om rådgjeving og rettleiing i staden for sakkyndig vurdering og spesialundervisning. PPT har for 2019 fått ei 2-årig prosjektstilling for å auka fokus på tidleg innsats og delta i «Laget rundt læraren og eleven».

Sjukefråværet har gått ned frå 6,5 % i 2017 til 6,0 % i 2018. Målsettinga er 3,8 %.

### Barnevern

Barneverntenesta i Time har i dag 21,8 årsverk. Av desse er 7 årsverk knytt til Interkommunal tiltaksavdeling for kommunane Time, Klepp og Hå.



Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17år, har auka med omlag 600 kr frå 2017 for alle partane som viser i framstillinga.

Tenesta har eit totalt meirforbruk på 4,8 millionar kroner. Dette skuldast auke i plasseringar av barn og unge utanfor heimen i form av beredskapsheim, fosterheim og institusjonar.

Meirforbruken har vorte omlag 1 million kroner høgare grunna nødvendig endring i periodisering og betaling av eit ekstra kvartal i 2018.

Barneverntenesta har gjennom etablering av den interkommunale tiltaksavdelinga lykkast godt med å redusera kostander til kjøp av hjelpetiltak frå andre. Avdelinga er i god drift og fordelinga er lik mellom dei tre deltakarkommunane. Evalueringar av tiltaka har resultert i endring med færre gruppebaserte tiltak og fleire individuelle tiltak inn i familiene.

Heile barneverntenesta deltar i kompetanseheving i frå RVTS (Ressurssenter om vold, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging) i temaa;

- traumebevisst omsorg
- vald og seksuelle overgrep
- sjølvmordsførebygging

- samtaler med barn
- framandkulturell forståing

Kompetansehevinga vert gjennomført i 2018 og 2019.


Endringar i Barnevernlova 01.07.18 pålegg barneverntenesta tett samarbeid med både foreldre og barn. Barnet si stemme, meiningar og ønsker og kontaktperson sine vurderingar om dette, skal inn i alle dokument frå igangsetting og gjennom heile prosessen. Det medfører at kvar undersøkingssak, tiltak og oppfølging tek betydelig meir tid.

Det har vore fokus på å innarbeida anbefalingar frå Forandringsfabrikken Mitt Liv, inn i alle rutinar i alt arbeidet i barneverntenesta. Dette skal visast både i skriftleg arbeid og i den direkte kontakten med familiene og barna.

Barneverntenesta har i 2018 etablert ei arbeidsgruppe for å rekruttera eigne erfaringskonsulentar.

Korttidsfråværet har auka frå 1,7 % i 2017 til 1,9 % i 2018. Langtidsfråværet har auka frå 9,1 % i 2017 til 10,1 % i 2018. Målsetting på langtidsfråvær er 7,5 %.

## Helsestasjon- og skulehelsetenesta



Netto driftsutgifter er på nivå med Klepp og Rogalandsgjennomsnittet.

Tenesta hadde eit mindreforbruk på 350 000 kroner. Dette skuldast en kort periode med vakanse. Det er vanskeleg å rekruttera helsesjukepleiarar.

I 2018 fekk helsestasjonen tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til;

- eit årsverk jordmor for å vidareføra prosjektet «Tidleg heimebesøk til nyfødt av jordmor». Jordmor har vore på heimebesøk til alle nyfødde i Time kommune innan tre døgn etter heimkomst. Noko som svarar til kravet i nye retningslinjer for barselsomsorg.
- 0,5 årsverk helsesjukepleiar i barneskulen. Helsesjukepleiar deltek i «Laget rundt læraren» på to skular og skulestart-undersøkinga vart frå hausten 2018 utført på skulen av lege og helsesjukepleiarar.

Fødselstala i 2018 er 247 mot 244 i 2017. Helsestasjonen er med i prosjektet «Familie for første gang». Jordmor rekrutterer til prosjektet. 8 familiar frå Time er inkluderte i prosjektet og erfaringane er hittil positive. Alle helsesjukepleiarane på Bryne helsestasjon har gjennomført opplæring i NBO (Newborn behavioral observation) for å fremma tilknyting mellom foreldre og nyfødde.

Familiesenteret registererer i 2018 auke i saker kor barn og unge slit med si psykiske helse og oftast i form av å vera nedstemt. Det vert registrert fleire komplekse og vanskelege saker med fleire involverte samarbeidspartnarar.

Sjukefråværet i 2018 er 4,7 %. I 2017 var dette 5,5 %. Målet er 3,8 %. Langtidssjukemeldingar er hovudårsak til fråværet.

### **Kulturskule**

Tenesta kom grunna vakanse ut med eit lite mindreforbruk på 186 000 kroner. Ein har frå hausten fleire nye fast tilsette og vikarar for personar i permisjon.

Det er gjennomført mange konsertar, førestillingar og speleoppdrag. Kulturskulen har sjølv arrangert eller deltatt på om lag 120 arrangement i løpet av 2018 med ca. 16 000 publikummarar.

Det er utvikla ny brosjyre og informasjonsmateriell for kulturskulen. Brosjyren vart fulldistribuert i Time kommune.

Rammeplanen «Mangfald og kvalitet» med fagplanar ligg til grunn for utvikling og drift av kulturskulen. Det er utvikla eigne fagplanar for alle fag i Time kulturskule. Hausten 2018 søkte Time kommune til Norsk kulturskuleråd om å vera med på 2. runde i rettleiingsprogrammet for å implementera ny rammeplan. Time er einaste kommune i Rogaland som kom med. Dette går over 3 semester frå 01.01.2019.

Fordjupingsprogrammet «Fredagsskulen» fortset med omlag 30 elevar fordelt på musikk, dans og visuell kunst. Dette er i samarbeid med Hå kulturskule og føregår 6 fredagar frå november.

Time kulturskule har hatt stor aktivitet med fokus på tverrfagleg samarbeid og ein har nådd dei tiltaksmåla som vart sett for 2018.

Sjukefråværet i 2018 var på 3,5. Målsetting er 4,5%.

### **Vaksenopplæring – Bryne kompetancesenter (BKS)**

Tenestene er delfinansiert med statstilskot og refusjonar frå samarbeidande kommunar. Drifta skal tilpassast inntektene.

BKS hadde i 2018 tre avdelingar:

- Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Grunnskule for vaksne (FVO, førebuande vaksenopplæring)
- Grunnleggjande norskopplæring for barn i skulealder (GNO)

BKS gav opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar etter introduksjonslova for deltararar frå Klepp og Time kommune. På bakgrunn av nedgang i talet på brukarar vart det tilsett færre lærarar enn planlagt og tilpassa aktivitet ut frå endringar i behov. Regjeringa sine krav til å gjennomføra obligatoriske statsborgarskapsprøvar, prøvar i samfunnskunnskap og norskprøvar har ført til endringar i oppgåver lagt til BKS.

BKS gav grunnskuleopplæring til vaksne deltararar frå Klepp, Time og Hå kommune.

BKS er med i prosjektet «FVO (førebuande vaksenopplæring)». I prosjektet er læreplanar tilpassa vaksne innvandrarar, og det er mogleg å få både norsk språkopplæring og undervisning i grunnskulefag samtidig. Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte hausten 2018 nasjonalt tilsyn med FVO-avdelinga på BKS.

BKS gav grunnleggande norskopplæring (GNO) for skulebarn. Dette tilbodet var i 2018 prega av sterk nedgang i elevtalet. Desember 2018 var det totalt 9 elevar i grunnskulealder på avdelinga. Kommunen vil derfor sjå nærare på framtidig organisering og plassering av GNO tilbodet.

Bryne kompetansesenter har deltatt i arbeidsgruppe knytt til oppdrag om mogleg samanslåing av flyktningtenesta i Klepp og Time. Oppdraget innebar også vurdering av mogleg organisering saman med Bryne kompetansesenter. Samanslåing og felles organisering vart vedteken av kommunestyret i Time.


Sjukefråveret var i 2018 på 6,5 % mot 3,4 % i 2017. Sjukefråværet har gjennom heile 2018 hatt ein nedgåande trend, frå 10,5% i 1. kvartal til 2,5% i 4. kvartal.

## 5.2.4 Utfordringar framover

Tidleg innsats er eit sentralt innsatsområde for Oppvekst. Det handlar om prioriteringar og samarbeid kor ein på eit tidleg tidspunkt kan oppdaga og setta i verk hensiktsmessige tiltak.

Det er fleire utfordringar som må løysast for å nå dei måla som er sette. Blant anna:

- Etablira eit system som sikrar best mogleg samhandling mellom dei ulike tenestane. Tenesteområde vil i 2019 innføra BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) som hjelpt for å løysa denne utfordringa. Etablering av denne vil krevja mykje arbeid.
- Bygga felles kultur og felles forståing mellom tenestene i Oppvekst, samt mellom tenesteområda i kommunen.
- Komma tidleg i gang med å støtta og rettleia føresette og barn som er risikoutsette. Det vil krevja god samhandling mellom jordmødrene, helsestasjon og barnehagane.
- Sikra god organisering for å kunna følgja opp nasjonale føringar og krav knytte til barselomsorg og barneverntenesta.



Figur: BTI-modellen er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot barn, unge og familiar som det er knytt uro til.

### Andre utfordringar:

- Sikra vidareføring og utviding av «Laget rundt læraren og eleven»
- Oppretthalda fokus på lågt fråfall frå vidaregåande opplæring, utviding til tett samarbeid med Øksnevad vgs.
- Høge kostnader knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og spesialundervisning i skulane gjeld også inn i 2019. Etablering av eit betre systemisk arbeid mellom PP-tenesta, skulane og barnehagane er avgjerande for ei god ressursutnytting og rett hjelp til den enkelte. Målsettinga er å få eit system som gjev gode allmennpedagogiske tiltak til alle og spesialpedagogiske tiltak til dei få.
- Skuleadministrativt program som og sikrar fullelektronisk elevarkiv
- Både usikkerheit knytt til tal på fødslar, innflytting og utbyggingstakta på bustader og eit knappare økonomisk handlingsrom, vil tvinga fram behovet for å sjå på endra struktur både for barnehagar og skular i Time.
- Det er i dag samarbeid med andre kommunar på ei rekke område innan Oppvekst. I 2019 skal flyktningtenesta i Klepp og Time samlast og organiserast saman med Bryne kompetansesenter. Samling av fleire kulturar vil krevja langsiktig og godt forankra arbeid.

## 5.3 Omsorg

Tenesteområdet omfattar heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Hovudfokus er på folkehelse, tidleg innsats, brukarmedverknad, innovasjon, effektivisering og velferdsteknologi. Målet er å gje tenestene i takt med omsorgstrappa og brukarbehovet. Dette for at tenestemottakar skal få bu heime, og nytta ressursane sine lengst mogleg.

### 5.3.1 Økonomi

| Omsorg                         | Budsjett          |                     | Budsjett            |                   | Avvik (B-R)<br>2018 |
|--------------------------------|-------------------|---------------------|---------------------|-------------------|---------------------|
|                                | Rekneskap<br>2018 | m/endringer<br>2018 | u/endringer<br>2018 | Rekneskap<br>2017 |                     |
| Administrasjon                 | 4 801             | 4 608               | 5 615               | 4 798             | -193                |
| Institusjonstenester           | 91 762            | 90 278              | 90 560              | 90 079            | -1 484              |
| Heimetenester                  | 61 323            | 58 967              | 58 962              | 56 418            | -2 356              |
| Miljøtenester                  | 97 012            | 91 456              | 90 250              | 87 301            | -5 556              |
| Psykisk helse og rusarbeid     | 22 645            | 21 335              | 19 197              | 20 271            | -1 310              |
| Aktivitets- og servicetenester | 8 641             | 8 400               | 9 334               | 9 523             | -241                |
| Samhandling                    | 3 168             | 3 258               | 3 292               | 1 639             | 90                  |
| <b>Sum Omsorg</b>              | <b>289 352</b>    | <b>278 302</b>      | <b>277 210</b>      | <b>270 029</b>    | <b>-11 050</b>      |

Omsorg har hatt eit utfordrande år med eit meirforbruk på 11 millionar kroner. Dette gjeld alle områda, men særleg heimetenestene og miljøtenestene. Omsorg fekk ikkje heilårseffekt av alle innsparingstiltaka i prosjektet «Omstilling 2017». Meirforbruket skuldast også auke i behov for tenester, som ikkje var budsjettert. Dette er lagt inn i budsjettet for 2019.

### 5.3.2 Rapportering i forhold til tiltak 2018

| Tiltak   | Merknadar |  |
|--|-----------|--|
| Oppdatera tenestestandardane for omsorgstenester                                   | D         | Under arbeid   |
| Implementera «Omstilling 2017»   | U         |  |
| Fullføra prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar»                       | U         |  |
| Fornya «Strategiplan Omsorg»   |           | Utsett til 2020 grunna den eksterne kartlegginga og ny eldrerefom.   |
| Redusera sjukefråværsprosenten til under 7,5 %                                     | D         | To verksemder har nådd målet   |
| Opna Foren burettslag og sikra effektiv drift                                      | U         |  |
| Danna kompetanseeining, saman med Klepp og Gjesdal, for å utvikla omsorgstenestane | I         | Etter utgreiing vart det bestemt at det ikkje var hensiktsmessig med felles kompetanseeining. Me samarbeider på tvers etter behov. |

| Tiltak  | Merknadar  |
|---|--|
| Starta opp ettervern og bustadtildelte tilbod for personar som ønsker å halda seg rusfrie | D Under arbeid   |
| Delta i prosjektet «Norsk måltidssenter»  | I Måltidets hus kom ikkje med i prosjektet, derfor vert ikkje Time kommune deltakar. |
| Greia ut behovet for framtidig institusjonskjøkken  | D Politisk sak er under arbeid   |

### 5.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg

Ny kommunalsjef starta i mai 2018.

Året har vore prega av omstilling. Det har vore krevjande men lærerikt. I samarbeid med tillitsvalte har ein vore nøydd til å finna nye løysingar på tvers i Omsorg. Dette arbeidet vil fortsetta.

#### Heiltidskultur

Prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» er avslutta. Arbeidet viser ein svak auke på heiltidsstillingar. Det er laga ei heiltidserklæring for omsorg. Alle leiarane har fokus på dette. Det er innført langvakter i helgene ved fleire av avdelingane. Framover vil me ha ei gruppe som sikrar fokus på dette arbeidet.

#### Drifts og ressursanalyse

Formannskapet løyvde i sak 53/18 midlar til ein analyse av kommunalområdet Omsorg. Analysen skulle koma med forslag om korleis Time kan rigga seg best mogleg for framtidige utfordringar og korleis kommunen kan yta best moglege tenester til innbyggjarane innanfor gitte rammer.

Agenda Kaupang fekk hausten 2018 oppdraget å utføra analysen. Rapporten var klar i januar 2019 og saman med tillitsvalte vil omsorg arbeida vidare med rapporten.

#### Samhandling

Time kommune har hatt ein auke i bruken av Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH). Første tertial brukte me 33 %, andre tertial 39 % og siste tertial 50 % av tildelte liggedøgn. Time kommune har lågare liggedøgn per innlagt enn dei andre kommunane. Grunnen kan vera den gode kapasiteten på rehabiliteringsavdelinga.

Ved utgangen av 2018 hadde ikkje Time kommune venteliste for varig tilrettelagt arbeid på Jæren Industri Partner (JIP). Dette skuldast strukturert arbeid og god dialog med JIP og NAV.

Direktøren på Jæren distriktspsykiatriske senter (JDPS) har faste samarbeidsmøte med kommunalsjefane i omsorg frå Time, Hå, Klepp og Gjesdal kommune. Dei drøftar felles utfordringar og deler erfaringar.

Etter politisk vedtak skal behovet for eit interkommunalt institusjonstilbod for innbyggjarar med demens og store skjermingsbehov for kommunane Klepp og Time, utgreiast. Det skal i tillegg vurderast om det skal etablerast eit interkommunalt tilbod for eldre innbyggjarar med nedsett buevne på grunn av sine rus- og/eller psykiske vanskar. Dette arbeidet kom i gang i 2018, og vil fortsetta i 2019.

## Nærvarerarbeid

Fleire avdelingar har delteke i «Sterkere tilbake» i 2018. Bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter har vore viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet. Alle leiarane har ein tett dialog med sine sjukemelde, det vert laga oppfølgingsplaner, og det er fokus på at tilsette kjem på arbeid med «det som er friskt».

Leiarane er vorte meir trygge og kompetente i arbeidet med sjukefråvær. Dei har fått oppfølging av personalavdelinga, bedriftshelsetenesta (BHT) og NAV arbeidslivsenter. Målsettinga for sjukefråværet er 7,5 %. Det er fokus på nærvararbeidet, likevel er det nokre avdelingar som har fått høgare sjukefråvær i løpet av 2018. Samla sjukefråvær for omsorg har gått opp frå 8 % i 2017 til 9,1 % i 2018. Omsorg vil fortsetta arbeidet med mål om å auka nærværet.

## Tidleg innsats

I haust vart det arrangert brukar- og pårørandeskule for personar med demens og deira pårørande. Det var eit samarbeid mellom Jæren demensforening og kommunane Klepp og Time.

I regi av kreftforeininga er det starta opp temakafe for Jærgregionen med tilbod til kreftpasientar og pårørande.

Demens- og kreftkoordinator har hatt undervisning i avdelingane for å læra opp ressurspersonar. Dei har og vore med å utarbeida retningslinjer for å ivareta barn som pårørande.

Kvardagsrehabiliteringsteamet tilbyr førebyggande heimebesøk til nye brukarar som søker om tryggleiksalarm eller heimehjelp. Dei vil utvida dette tilbodet i 2019.

Kvardagsrehabiliteringsteamet har faste dagar på dagsenter for eldre på Kvernaland der dei gjev tilbod om førebyggjande trening i grupper.

Omsorg har hatt eit tettare samarbeid med Velferdssenteret og Frivillegsentralen. Målet er å henta ut eldreressursane på tvers av områda.

## Kvalitet i tenestene

Kommunalsjefen si internkontrollgruppe har i 2018 utført kontrollar i legemiddelhandtering, dokumentasjon og der kommunen har ansvar for tenestemottakar sin private økonomi. Me har utført totalt 12 internkontrollar og sju etterkontrollar på grunn av funn som gav avvik.

Avviket frå Fylkesmannen om at «Time kommune ikkje sikra forsvarlege helse -og omsorgstenester til personar med utviklingshemming» vart retta opp hausten 2018. I sak 50/18 og 39/18 vart Levekår, Senior og brukarrådet orienterte. Vedtaket var at Omsorg skal fortsetta arbeidet med å utvikla eit robust leiarskap, i tråd med tilbakemeldinga på den eksterne drifts- og ressursanalysen og den økonomiske ramma.

Bryneheimen hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet som gjekk ut på å sjekka verksemda sitt systematiske HMS-arbeid knytt til vald og truslar. Bryneheimen fekk pålegg om å betra verksemda si kartlegging og risikovurdering i arbeidssituasjonar som kan medføra at arbeidstakar vert utsett for vald eller trussel om vald. Arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet er orienterte om saka.

Kringlemyr og Linevegen har hatt tilsyn av miljøretta helsevern. Det vart ikkje funne brot på forskrifta. Det vart gjeve åtte merknader. Merknadene vil verta følgde opp ved eit seinare tilsyn.

Det har vore totalt 12 klagesaker i 2018 mot 6 i 2017. Auken skuldast fleire klagesaker på enkeltvedtak for heimehjelp i siste tertial.

### **Kompetanseheving**

Det har totalt vore 15 lærlingar i omsorg, sju gjekk opp til fagprøve i haust og alle stod. Det har vore 19 sjukepleiestudentar og ni vernepleiestudentar. I tillegg har me hatt fire deltakrar i «Menn i helse».

Det har vore 12 personar i arbeidspraksis frå Nav, og fleire har vore i språkpraksis. I tillegg har omsorg hatt elevar frå vidaregåande skular.

Det har vore fleire som har teke vidare- og etterutdanningar i tråd med kompetanseplanen. Dette er finansiert med tilskotsmidlar frå Fylkesmannen.

### **Velferdsteknologi og digitalisering**

Time kommune har fått skjønnsmidlar frå Fylkesmannen for å kunna testa ut kommunikasjonsløysingane «Digital innbyggjardialog» og «Jodacare». «Jodacare» vart testa ut i Foren burettslag, og prosjektet vert avslutta januar 2019. «Digital innbyggardialog» er ei kommunikasjonsløysing integrert i det lukka fagsystemet.

Det er testa ut GPS både i heime- og institusjonstenesta. Både pårørande og tilsette i institusjonane er nøgde. Det har gjeve brukaren fridom til å ta seg ut i nærområda.

### **Institusjonstenester**

Institusjonstenestene omfattar sjukeheimane Sivdamheimen og Bryneheimen. Vaskeriet er lokalisert på Bryneheimen. Bryneheimen har langtidsplassar og Sivdamheimen har korttid/rehabiliteringsavdeling, ei avdeling for demensomsorg og Vibå dagsenter for personar med demens. Institusjonane gjev også tilbod om rullerande kortids- og avlastningsplassar.

Institusjonstenestene har hatt eit meirforbruk på 1,5 millionar kroner. Dette skyldast i hovudsak høgt sjukefråvær som gjev utfordring med å oppretthalda kompetansen i ferieavviklinga og elles i året. Dette har ført til innleie som har gjeve overtid, forskyvingar og ekstra innleie. Leiarane har nå fokus på å nytta kompetancessursane på tvers. Høge transportutgifter på mat og reperasjon av utstyr til denne leveringa forklarer om lag 500 000 kroner av meirforbruket.

Vaskeriet har plassutfordringar for å få inn hjelpe midlar som kan gje ein ergonomisk arbeidsplass. Dei som arbeider der i dag har likevel takla auken av vask på ein god måte.

I 2018 har det vore ledig kapasitet ved korttidsavdelinga på Sivdamheimen. Det har vorte leigd ut tre korttidsplassar til Gjesdal og Sandnes i perioden frå februar til august. Den ledige kapasiteten har også gjort at ein har kunna gjeve korttids- og avlastningstilbod til heimebuande. På den måten har ein fått utsett behovet for langtidsplass i institusjon.


Åtte rom ved Bryneheimen 1. etasje er tilrettelagt for personar med demens. Dette for å møta det aukande behovet for denne gruppa.

Behovet for utvida opningstidar i dagsenter for personar med demens er undersøkt. Det viser seg at behovet er der, så i 2019 vil me prøva ut langdagar i veka og tilbod om ei helg i månaden.

Kommunen fekk skjønnsmidlar frå Fylkesmannen til 15 % stilling som frivillegkoordinator.

Frivillegkoordinator er lagt til stillinga merkantil på Sivdamheimen. Målet er å skapa eit levande og aktivt miljø på institusjonane. Ho skal arbeide med å:

- rekruttera og rettleia frivillige
- organisera det frivillige arbeidet
- knyta kontaktar med lag og organisasjonar



Time kommune har høgare driftsutgifter per kommunal institusjonsplass. Kvifor det er slik vil sjåast på i samanheng med oppfølginga av Agenda Kaupang-rapporten.

### **Heimetenesta**

Tenestene omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand, Kvernaland omsorgssenter, bukollektiv, tryggleiksalarmer, støttekontakt, omsorgslønn, matombringning til heimebuande, dagsentertilbod, velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.

Heimetenestene har hatt eit meirforbruk på omlag 2,4 millionar kroner. Meirforbruket skuldast blant anna at implementering av den nye norma på heimehjelp ikkje førte til redusert bemanning før i slutten av perioden. Forsinka anbod på elektronisk medisineringsstøtte har gjort at ein ikkje har fått henta ut den budsjetterte gevinsten.

Det har vore eit auka behov for nødvendig helsehjelp på natt, noko som har ført til bemanning ut over grunnbemanninga. Det har i 2018 vore ein auke i personar som ønskjer å bu heime med tenester ved livets slutt. Dette har ført til ekstravakter og overtid for å ha rett kompetanse.

Det har vore arbeidd med å utvida og utvikla tenestetilbodet på Kvernaland omsorgssenter. Der vil ein nytta kompetansen på tvers av heimetenesta nord, omsorgssenteret og dagsenteret for eldre. Eit utvida tenestetilbod på Kvernaland vil medføra logistikkutfordringar på arbeidsklede- og middagstransport. Arbeidet vil fortsetta i 2019.

## **Psykisk helse og rusarbeid**

Tenesteeininga består av psykisk helse og rusarbeid på dagtid, døgnbemannna bufellesskap i Kolheia og på Svertingstad, lågterskel dagtilbud i Svensenhuset og støttekontakt/treningskontakt.

Meirforbruket på 1,3 millionar kroner har fleire årsakar. Det er sett inn vektarteneste på Svertingstad bufellesskap. Dette er det ikkje budsjettert for og kostar omlag 300 000 kroner årleg. Det har vore eit meirforbruk av kjøp av midlertidig butilbod. I tillegg har ei av avdelingane eit høgt sjukefråvær som har ført til meirforbruk av lønnsmidlar.

Det har vore utfordringar med å finna nye eigna lokale for dagtenesta. Den planlagde utvida «opningstida» er derfor gjennomført. Det er nå avgjort at avdelinga skal flytta inn i Skatt Vest sine lokale i mai 2019.

Ambulerande teneste er overført til verksemd Psykisk helse- og rusarbeid avdeling døgn. Dei gjev timebaserte tenester til heimebuande med psykisk eller fysisk funksjonssvikt.

## **Miljøtenesta**

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åferdsvanskar. Tenesta inneheld heildøgnomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk hjelp og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, omsorgsstønad, støttekontakt, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistent (BPA) og avlastingsbustad.

Miljøtenesta hadde eit meirforbruk på 5,6 millionar kroner. Hovudårsaka er eit auka behov for tenester. Dette er lagt inn i budsjettet for 2019. For å retta opp avviket funne av Fylkesmannen om at «Time kommune ikkje sikra forsvarlege helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming» vart Miljøtenesta organisert med tre fleire leiarar som det ikkje var budsjettert for. Av omsyn til brukarar og pårørande vart Håbakken driven lengre enn planlagt, nedlegging av Håbakken bufellesskap vart først implementert i siste tertial.

Foren burettslag opna februar 2018. I økonomiplanen 2018-2021 vart det oppretta 12 nye årsverk til Foren burettslag og åtte årsverk vart tilførte via omorganiseringar internt i miljøtenesta.

Ordningane med brukarstyrt personleg assistent (BPA) er vorte organiserte under ein leiar. På den måten får ein betre kontinuitet og oppfølging av dei tilsette.


Miljøtenesta har arrangert to samlingar der brukarar og pårørande har vore og fortalt om sine erfaringar. Evalueringa av samlingane har vore positive.

Det vart gjort ei brukarundersøking i miljøtenesta. Det var for få svar til å arbeida vidare med.

### **5.3.4 Utfordringar framover**

Omsorg har hatt ei ekstern kartlegging av konsulentfirma Agenda Kaupang som hadde fokus på organisering, tilbod og ressursbruk. Rapporten vil verta eit godt verktøy for vidare planlegging og organisering av tenestene. Det vil verta behov for å omprioritera ressursar for å møta framtidas behov. Ein tiltaksplan vert lagt fram i ei sak for kommunestyret parallelt med økonomiplanarbeidet 2020-2023.

Omsorg må arbeida mot at tenestene vert gjevne etter Beste Effektive Omsorgsnivå, BEON – prinsippet. Det vil sei at tenestetilbodet skal vera gjeve på lågast mogleg omsorgsnivå. Tilboden skal ha fokus på brukaren sine eigne ressursar og at hjelpa skal vera «hjelp til sjølvhjelp». Målet er at personar skal oppretthalda størst mogleg grad av å vera sjølvhjelpe og gje livskvalitet, og at reduksjon i funksjonsnivå skal betrast av at dei rette hjelpetiltaka vert sett inn.



Innbyggerane sine forventningar kan føra til utfordringar med å få kommunisert ut BEON-prinsippet. Innbyggerane må i større grad vera motiverte til å ta grep om sitt eige liv, og legga til rette for sin eigen alderdom.

Omsorg har desse utfordringane framover:

- Fylgja opp rapporten frå Agenda Kaupang
- Redusera forventingssgapet på tenester mellom kommunen og innbyggerane
- Få ned sjukefråværet
- Halda oss innafor budsjettet
- Uventa behov for nødvendig helsehjelp som må dekkas
- Drift av velferdsteknologi heile døgnet
- Manglande IKT-vakt 24/7 innan digitalisering og velferdsteknologiske løysingar
- Henta ut gevinstar når velferdsteknologi vert teke i bruk
- Auka talet på heiltidstillingar
- Rekruttera og behalda kompetanse

## 5.4 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsophald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

### 5.4.1 Økonomi

| Samfunn                   | Budsjett          |                     | Budsjett            |                   |                     |
|---------------------------|-------------------|---------------------|---------------------|-------------------|---------------------|
|                           | Rekneskap<br>2018 | m/endringer<br>2018 | u/endringer<br>2018 | Rekneskap<br>2017 | Avvik (B-R)<br>2018 |
| Administrasjon            | 3 316             | 3 403               | 3 319               | 2 810             | 87                  |
| Brannvern                 | 8 842             | 8 781               | 8 781               | 7 131             | -61                 |
| Plan og forvaltning       | 3 313             | 3 849               | 3 735               | 4 218             | 536                 |
| Landbruk og miljøvern     | 3 453             | 3 813               | 4 063               | 4 752             | 360                 |
| Vegar                     | 14 023            | 11 997              | 9 454               | 9 928             | -2 026              |
| Grøntanlegg               | 10 845            | 10 844              | 10 780              | 9 519             | -1                  |
| Helse og rehabilitering   | 30 665            | 30 595              | 30 456              | 30 497            | -70                 |
| Flyktningtenesta          | 14 948            | 15 373              | 15 371              | 15 630            | 425                 |
| NAV Time - sosialtenester | 32 398            | 29 322              | 29 281              | 32 124            | -3 076              |
| Kultur                    | 20 809            | 21 730              | 20 816              | 21 853            | 921                 |
| Eigedomsforvaltning       | 44 588            | 46 472              | 45 853              | 49 240            | 1 884               |
| Vatn, avløp og renovasjon | 0                 | 0                   | 0                   | 0                 | 0                   |
| <b>Sum Samfunn</b>        | <b>187 200</b>    | <b>186 179</b>      | <b>181 909</b>      | <b>187 702</b>    | <b>-1 021</b>       |

Tenesteområdet har samla meirforbruk på ein million kroner. Det er særleg Vegar og NAV Time som har hatt betydelege meirutgifter. Årsakene er nærmare omtalt under 5.4.3.

Tenesteområde hadde eit samla sjukefråvær på 7,7 %, der 2,2 % er korttidsfråvær og 5,7 % er langtidsfråvær.

Tenesteområdet har ny organisering frå 01.09.18. Føremålet med omorganiseringa har vore å samla tenester som naturleg høyrer saman og som er avhengige av kvarandre for å yta samordna og heilsakaplege tenester. Dei nye avdelingane er:

- Samfunns- og landbruksforvaltning. Her er bygesak, kart og oppmåling, landbruk, veg, trafikk og grøntanlegg, tekniske planar og miljøvern samla for å ivareta myndigkeit og forvaltning knytt til lover og reglar på områda
- Eigedom. Her er alt som har med drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg samla.
- Plan og utbygging. Tenesta har ansvar for regulerings- og områdeplanar, overordna kommuneplanar og kommunale bygg- og anleggsprosjekt.

Arbeidsmarknaden har endra seg i positiv retning i 2018. Arbeidsløysa har gått ned, og i Time har den gått spesielt ned for unge i alderen 16-29 år. Per 31.12.18 er 1,6 % av alle ungdommar i alderen 16-29 år heilt arbeidsledige.

#### 5.4.2 Rapportering i forhold til tiltak 2018

| Tiltak  | Merknader |
|---|-----------|
| Folkehelse, plan og landbruk  |           |
| Ferdigstilla ny folkehelseprofil for Time   | U         |
| Følgja opp konkrete område- og detaljreguleringsplanar i tråd med planstrategien  | D         |
| Få på plass revidert arealdel av kommuneplanen  | D         |
| Utarbeida gatebruksplan for Bryne og regulera Storgata til gågate   | D         |
| Utarbeida tiltaksplan for Orrevassdraget  | D         |
| Følgja opp tiltaksplanen for Håvassdraget   | D         |
| Ta vare på biologisk mangfald ved å setta ut humlekassar, etablera blomstereng, utsetta kantslått og redusera bruk av sprøytemiddel | D         |
| Beredskap   |           |
| Få på plass framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinforskrifta                        | D         |
| Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon   |           |
| Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen  | D         |
| Gjennomføra sanering og rehabilitering av leikeplassar på Lye   | D         |
| Utarbeida plan for sanering og rehabilitering av leikeplassar på Bryne og Kvernaland  | D         |
| Styrka vedlikehaldsarbeidet på kommunale vegar  | I         |
| Gjennomføra vedlikehaldstiltak på uteområde ved kommunale bygg  | D         |
| Skifta ut gatelys med kvikksølværer med nye LED-armatur   | D         |

| Tiltak   | Merknader  |
|--|--|
| Systematisera og digitalisera drift av overvass-, veg- og grøntanlegg  | D<br>Pågår   |
| Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde  | I<br>Politisk sak med konsekvensar og val er utsett til hausten 2019.  |
| Alle bygningar som har vassforsyning, skal ha installert tilbakestrøymingsvern og vassmålar i 2018   | D<br>91 % av har installert vassmålar og 64 % har installert tilbakeslagssikring.  |
| Skifte ut minimun 1 % av kommunale vass- og avløpsleidningar   | D<br>Vert følgt opp i åra framover i tråd med godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene                                      |
| Gjennomføra førebyggande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne   | D<br>Vert følgt opp i åra framover i tråd med godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene                                      |
| Etablera oversikt over sårbare abonnentar med einsidig vassforsyning   | U  |
| Vurdera innføring av henteordning for hageavfall og farleg avfall  | U<br>Er vedtatt i år, og vert innført frå august/september   |
| Gjennomføra brukarundersøking for renovasjonstenesta for private hushald   | U  |
| <b>Helse-, sosial- og flyktningsteneste</b>  |  |
| Greia ut andre måtar å organisera fastlegetenesta på enn dagens private legesenter   | U  |
| Dekka vertskommuneansvaret for fysioterapiteneste for funksjonshemma elevar i vidaregåande skule   | U  |
| Redusera ventetida til ergoterapitenesta til tre månader   | U  |
| Mottakarar av arbeidsavklaringspengar, som er under 25 år, skal få tett og tilpassa oppfølging mot arbeid før det er aktuelt å vurdera uførepensjon. | U  |
| Busetta flyktningar i samsvar med statlege førespurnad for 2018  | U  |
| Arbeida med omlegging av introduksjonsprogrammet for å gjera dette meir individuelt tilpassa den enkelte flyktning                                   | U  |
| Gjennomføra brukarundersøking for flyktningar i introduksjonsprogrammet  | U  |
| Gjennomføra brukarundersøking i NAV Time   | I<br>NAV sentralt gjennomfører ikkje lengre brukarundersøkingar på kommunenivå. Ei slik undersøking må nå initierast og gjennomførast av kommunen. |
| <b>Kultur</b>  |  |
| Etablera Bryne kino i nye lokale   | U  |

| Tiltak  | Merknader  |
|---|--|
| Avklara modell og driftskonsept for nye Storstova   | D Mogleheitsstudie vert lagt fram i løpet av 2019  |
| Oppgradera biblioteket sine utlånsterminalar  | U  |
| Fullføra arbeidet med å digitalisera fotosamlinga på biblioteket                                  | D Prosjektet er i sluttfasen, men har tatt lengre tid enn tenkt. Arbeidet har stoppa opp då me ikkje har ressursar i 2019 til å fullføra.  |
| Forhandla om ny driftsavtale med Jærmuseet for Knudaheio og Garborgheimen                         | U  |
| Få med fleire samarbeidspartnarar i å arrangera og utvikla litteraturfestivalen                   | U  |
| Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Smart organisering av frivillig innsats»                       | D Har inngått eit samarbeid med datafirmaet Alder as. Prosjektperioden er forlenga fram til 1. juli 2019   |
| Innføra nytt bestillings- og betalingssystem ved symjehallane                                     | U  |
| Etablera utstyrslager for idretts- og friluftsutstyr  | U  |
| Revidera kulturplanen og utarbeida ein strategi for samhandling med frivillig sektor              | D Utkast til revidert kulturplan vart lagt fram i november. Politisk behandling tidleg i 2019. Arbeidet med ein strategi for samhandling med frivillig sektor er under arbeid og vert lagt fram i løpet av 2019. |
| Greia ut framtidas Velferdssenter og Sivdammen catering   | D I september 2018 starta eit innovasjonsprosjekt kor m.a. framtida til Velferdssenteret og Sivdammen catering står på agendaen. Prosjektperioden vil strekka seg om lag eit år fram i tid                       |
| <b>Eigedom</b>  |  |
| Innføra ny reinhaldsstandard i kommunale bygg   | D Arbeidet pågår   |
| Optimalisera varme- og ventilasjonsanlegga i kommunale bygg                                       | D Pågår kontinuerleg over fleire år  |
| Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg                          | D Pågår kontinuerleg over fleire år  |
| Gjennomføra dei byggeprosjekta som er eller vert sette i gang i 2018 i tråd med investeringsdelen | D Sjå nærmare omtale i investeringsdelen   |

Det er mange tiltak som er delvis utførte, jamfør gul fargekode. Årsaka til dette er at mange av tiltaka er omfattande og treng fleire år for å verta gjennomførte.

#### 5.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

##### Beredskap og folkehelse

Kommunen statte krisestab fem gonger i 2018. Det er gjennomført beredskapsopplæring og øving for leiarane i kommunale og private barnehagar.

Sak om framtidig legevaksamarbeid er utsett til hausten 2019. Helsedirektoratet har varsla at rettleiar for akutforskrifta kjem på høyring i februar 2019, og kommunane er usikre på kva krav som vil koma i rettleiaren og kva det vil ha å seia for dimensjonering og kompetansekrav for legevaka framover. Høyringsutkast til rettleiaren vil koma som sak til politiske utval før sommaren 2019.

Folkehelseprofil for Time kommune er revidert for perioden 2018-2021. Eit omfattande kunnskapsgrunnlag ligg til grunn og viser både kva som er positivt og kva utfordringar kommunen har på området. Folkehelseprofilen har gjeve innspel til arbeid med økonomiplan 2019-2022 og skal vera eit av grunnlagsdokumenta i arbeid med planstrategi 2019-2023.

### **Plan og landbruk**

I 2018 vart det lagt fram 10 private og kommunale forslag til detalj- og områdereguleringar til første gongs behandling. Seks detaljreguleringsplanar og ein områdeplan er lagde fram til andre gongs behandling og godkjenning i kommunestyret. Alle private detaljreguleringsplanar er behandla av Lokal utvikling innan 12 vekers fristen. Det er vidare lagt ned betydelege ressursar i arbeidet med ny arealdel til Kommuneplan for Time 2018-2030, utbyggingspakke Jæren og gatebruksplan for Bryne sentrum. Høyringsutkast for arealdelen vert lagt ut på høyring før sommaren 2019, med politisk godkjenning hausten 2019.

Byggeaktiviteten i 2018 har vore betydeleg lågare enn året før, med 319 bygge- og delesaker mot 403 i 2017. Saksbehandlingstida for bygge- og delesaker har gjennomgåande vore litt kortare enn i 2017 og ligg innanfor gjevne tidsfristar om kalenderdagar for dei ulike sakene. Innan oppmålingstenesta er det oppretta 53 nye seksjonar mot 75 i 2017, og 38 nye matrikkeleiningar mot 108 i 2017. Saksbehandlingstida her har vore 40 kalenderdagar mot 33 i 2017.

Sjølvkostdelen av tenestene arealplan, byggesak og kart og oppmåling viser betydeleg meirforbruk, medan den kommunale delen av tenestene har mindreforbruk på vel 500 000 kroner. Sjølvkostdelen av plan har mindreinntekter på om lag 500 000 kroner, byggesak om lag 600 000 kroner etter at det er nytta om lag 400 000 kroner av avsett sjølvkostfond, medan kart og oppmåling har dekka mindreinntekter på om lag 160 000 kroner av avsett sjølvkostfond.

Gebyrinntektene varierer frå år til år. Dette er avhengig av mengde saker, type tiltak og fastsette gebrysatsar. I 2018 var det betydelig mindre byggeaktiviteter i kommunen, mindre tal saker, og det merkast på gebyrinntektene. Grunnlag for sjølvkostprinsippet og gebyrforskrift skal evaluerast i 2019.

Sjukefråværet i 2018 var på 6,2 %.

### **Samferdsel**

Tenesta som omfattar vegar, gatelys og parkering hadde meirutgifter på 2 millionar kroner i 2018. Meirutgifter på parkering og straum og vedlikehald på gatelys er hovudårsakene til meirforbruket.

Systematisk rehabilitering av fleire bygdevegar vart utsett i 2018 på grunn av overforbruk på vintervedlikehald sesongen 2017/2018. Avsette investeringsmidlar vart overført til drift til dekning av auka kostnader med vintervedlikehald. Standarden og vedlikehaldet på kommunale vegar må ha merksemål i åra framover.

Det vart innført ny parkeringsordning frå 01.01.2017. Evaluering av ordninga vart politisk behandla i 2018 utan endringar. Det er ein nedgang i inntekter frå avgiftsparkering på 300 000 kroner frå 2017 til 2018. Dette har hovudsakleg samanheng med ein meir fleksibel ordning for tilsettparkering. Utgifter til handtering av tilsettparkering er auka med 80 000 kroner. Midlertidige lønnsutgifter for eit halvt år er også belasta budsjettet. Andre kostnader er berre prisjustert.

Kommunen har rammeavtale med Lyse as når det gjeld gatelys. Det omfattar både investering, drift og vedlikehald. Det har vore eit omfattande skifte av gatelysarmatur frå «kvikkølv» til LED hausten 2018. Høge straumutgifter i 2018 har medført meirforbruk på denne tenesta. Utskiftinga av gatelysarmatur skal føre til lågare vedlikehaldskostnader og lågare energiforbruk frå 2019.

Kommunalteknikk har i 2018 gjennomført systematisk tømming av vegslukar, terrengslukar, bekkeinntak og fordrøyingsanlegg, for å unngå overvass-skadar på tredjepart sin eigedom.

Sjukefråværet i 2018 var på 7,0 %.

### **Grøntanlegg**

Tenesta omfattar park, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar og kyrkjegardsdrift. Talet på leikeplassar og friområde aukar framleis og det er krevjande å møta stadig høgare krav frå publikum, både i forhold til standard og skjøtsel. Arbeidet med sanering og rehabilitering av leikeplassar på Lye har starta, og kommunen har sett i gang arbeidet med ein tilsvarande plan for Bryne.

Sjukefråværet i 2018 var på 8,0 %.

### **Vatn, avløp og renovasjon**

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon viser ikkje sluttresultatet for 2018. Vatn og avløp gjekk samla sett i balanse etter bruk av 2,9 millionar kroner av avsett vassfond og 4,5 millionar kroner av avsett avløpsfond. Ved utgangen av året er då sjølvkostfondet for vatn på 600 000 kroner og for avløp 460 000 kroner.

Renovasjonstenesta hadde mindreutgifter på 2,7 millionar kroner i 2018. Sjølvkostfondet er då på 2,8 millionar kroner ved utgangen av 2018.

Det er over fleire år gjennomført ei omfattande hydraulisk undersøking av overvass-systemet på Bryne. Undersøkinga har vore grunnlaget for kartlegginga av moglege tiltak som skal løysa overvassutfordringane. Tiltak vart sett i gang i 2016 og vil fortsetta fleire år framover.

Ved årsskiftet har om lag 91 % av vassabonnentane installert vassmålar og om lag 64 % har installert tilbakeslagssikring. Alle installasjonar er venta ferdige innan utgangen av 2019. Vassforbruket i 2018 var på 2,18 millionar kubikk og er gått opp med 2,6 % i forhold til 2017.

Det er sendt 10,7 % mindre spillvatn til reinsing i 2018 samanlikna med 2017 som var eit veldig nedbørsrikt år. I budsjettsamanheng forventa kommunen ein vesentleg reduksjon i 2018 i forhold til 2017. Det kom noko mindre regn, men likevel meir enn ein hadde budsjettet med. Derfor enda det opp med ei overskridning på kjøp av reinsing av avløpsvatn. Prioritering framover er tiltak for å redusera mengde avløpsvatn som må reinsast, og sikra at meir av dette går i overvassnettet.


Den offisiell avfallsstatistikken for 2018, som inkluderer både innsamla hushaldsavfall og avlevert avfall på gjenvinningsstasjonane, viser at Time har ein sorteringsgrad på 71,7 %. Totalt sett leverte kvar timebu 342 kg avfall i 2018. Dette er 3 kg mindre enn i 2017. Det er samla inn 71 tonn grovavfall i henteordninga.

Sjukefråværet i 2018 var på 4,7 %.

## Helse og rehabilitering

Interkommunalt samarbeid med Klepp om ettermiddag- og kveldslegevakt og med Sandnes om nattlegevakt fungerer godt.

Framtidig dimensjon på lege-, fysio- og ergoterapitenestene har i stor grad samanheng med folketilveksten. Nøkkeltal frå legesentera i kommunen viser at det er låg ventetid. Det er gjort ei utgreiing om organisering av fastlegetenesta og framtidig behov for fastlegar. Behovet for å oppretta ny fastlegeheimel vil vera tidlegast i 2020 og nytt legesenter tidlegast i 2025, jf. KS-072/17 «Fastlegeordninga i Time: Status per 2017 og behov framover». Eit av legesentera i kommunen har fremma ønske om å få vurdert overgang frå privat næringsdrift til kommunalt drifta legesenter. Arbeidet med vurdering og utgreiing til ei politisk sak er starta ved utgangen av 2018.



Kostra-tal viser at Time kommune har netto driftsutgifter til helseteneste per innbyggjar på 1514 kroner. Det er lågare enn gjennomsnittet for Rogaland og kostra-gruppa, men høgare enn nabokommunane Klepp og Sandnes. Talet omfattar fastlegetenesta inklusiv legevakt og

fysio- og ergoterapitenesta. I 2017 var nettodriftsutgifter 1462 kroner, ein auke på 52 kroner per innbyggjar. Tabellen for nettodriftsutgifter til helsetenester per innbyggjar er ulik i 2017 og 2018. Tabellen for 2017 inneheld fleire helsetenester enn lege-, fysio- og ergoterapiteneste.

Venteliste og ventetid hos både den kommunale og private fysioterapitenesta er gått ned. Det kan ha ulike grunnar, som at sjukdomslista for eigenbetaling på fysioterapi er fjerna, satsing på førebyggande helsearbeid i kommunen og 2. linjetenesta og låg folketilvekst i kommunen. Låg ventetid til fysioterapi er positivt med tanke på kvalitet på tenesta, og særleg i eit førebyggande perspektiv. Tidleg intervension kan ha stor betydning for å unngå negativ utvikling av helseutfordringar for den enkelte person og unngå følgjer som mellom anna sjukemelding. Nøkkeltal for tal på konsultasjonar i den private fysioterapitenesta held seg stabilt, medan det er ein liten nedgang i kommunal teneste. Dette kan tyda at behovet for tenesta er uendra og at det er moglegheiter for større satsing på førebyggande arbeid der kommunal fysioterapiteneste kan bidra på tvers av område i kommunen.

Ergoterapitenesta har låg venteliste og ventetid på inntil 3 månader, og saker som gjeld syn- og hørselsområdet har fått redusert ventetida ned til 3-4 månader ved utgangen av 2018, frå 6-7 månader i 2017. Det er rekruttert ny syn- og hørselskontakt i 50 % fast stilling frå august, og NAV Hjelpemiddelsentral har tilrettelagt med god tilgang på opplæring innan området. Dette gjer det enklare for kommunen å få rett kompetanse på kortare tid. Nøkkeltal for ergoterapi viser ein nedgang i talet på konsultasjonar. Kommunen si satsing på førebyggande arbeid kan vera medverkande til det, og samtidig med at driftsoperatør har fått ansvar for reparasjonar og vedlikehald av hjelpemiddel. Ergoterapeutane får nå følgja opp fleire av meir tidkrevjande saker som gjev lågare tal på konsultasjonar. Desse sakene har tatt opp mykje plass på ventelistene tidlegare. Ein stor del av brukarane er kronisk sjuke og eldre, og det betyr mykje for livskvaliteten til den enkelte å få hjelp så tidleg som mogleg. Det tyder at kvaliteten på tenesta er vorte betre.

I 2018 var 115 nye personar tilviste til Frisklivsentralen, og er ei auke frå 109 i fjor. Deltaking på treningsgrupper har ei betydelig auke ved utgangen av 2018, frå same tid i fjor. Samtidig har det ikkje vore venteliste i heile 2018, medan det var 12 veker ventetid ved utgangen av 2017. Det har vore prioritert å få flest mogleg i gang med gruppetrenings, og bruka mindre tid på individuell oppfølging. Kvantiteten har dermed auka, medan tid brukt på individuell oppfølging har gått ned. Deltaking på kosthaldskurs, søvnkurs, røyke- og snusluttkurs og kurs innan psykisk helse viser god auke siste året. Tal på årsverk er 1,4.



Samla sjukefråvær var 2,5 %. Måltal er 3,8 %.

### **NAV Time – sosialtenester**

Tenesteeininga har samla sett meirforbruk i forhold til budsjett på i overkant av 3 millionar kroner i år. Meirforbruket er i hovudsak knytt til kvalifiseringsprogrammet, utbetaling av sosialhjelp og administrative ressursar.

NAV Time vart vedtatt slått saman med NAV Klepp av kommunestyret våren 2018. Det har gjennom året vorte jobba med organiseringa av tenesta og det er gjennomført anbod på nye

felles lokale. Resultatet av anbodprosessen vart at NAV Klepp-Time vert lokalisiert på Klepp og at Klepp kommune vert verkskommune for dei samla NAV tenestene.



Netto driftsutgifter til sosialtenester per innbygger mellom 18-66 år er redusert med 207 kroner i 2018 i forhold til førre år. Driftsutgiftene er då under snittet i Rogaland. Prosentdelen innbyggjarar mellom 18- 66 år som får sosialhjelp er redusert frå 3,9 i 2017 til 3,8 i 2018. Klepp ligg betydeleg lågare og Sandnes noko høgare.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp var på 20,4 millionar kroner som er 0,7 millionar kroner mindre enn i 2017. Det var 474 brukarar, inkludert 35 i Kvalifiseringsprogrammet. I 2017 var det 442 brukarar inkludert 37 i Kvalifiseringsprogrammet.

I 2018 var talet på deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet i gjennomsnitt 24. Utgiftene i 2018 var på 5,1 millionar kroner, tilsvarande talet for 2017. Dei fleste ville alternativt fått utbetalte sosialhjelp.

Resultata i Kvalifiseringsprogrammet er gode. Av dei 13 brukarane som gjennomførte og avslutta programmet i 2018, avslutta 11 på grunn av arbeid og 2 på grunn av flytting. Ingen gjekk tilbake til full sosialhjelp. Fleirtalet av deltakerane i Kvalifiseringsprogrammet i Time kommune har flyktningbakgrunn.

2018 var første fulle år i drift for aktivitetsplikta for unge vaksne som får sosialhjelp. I løpet av året vart programmet slått saman med Klepp sitt program. Det var 47 som starta i

prosjektet gjennom året og 46 avslutta programmet i løpet av 2018. Av desse gjekk 8 tilbake til sosialhjelp. Ein god del gjekk over til statlege ordningar, men 10 personar kom over i arbeid eller utdanning.

I forbindelse med innføring av aktivitetsplikt for unge under 30 år har kommunen oppretta 69 arbeidstreningsplassar i ulike einingar. Det er med på å gje brukarane arbeidspraksis, struktur på dagen, tilknyting til arbeidslivet og ein referanse når dei skal søka på ordinært arbeid. I gjennomsnitt er 13 av desse plassane brukte i 2018 mot 11 i 2017. Om ein ser dei 5 siste månadane isolert var snittbruken av plassar over 19 per månad.

Hausten 2017 vart det også oppretta eit aktivitetstilbod for ei mindre gruppe brukarar. Dei har ein arbeidsleiar, og utfører forskjellig arbeid for kommunen. 2018 var første fulle driftsår for prosjektet. Av dei som har vore deltakarar i tiltaket, har alle fått tiltak og tiltakspengar via NAV stat og såleis fått mindre sosialhjelp.

Det har lenge vore arbeidd med å legga til rette for at flyktningar kjem ut i arbeid. NAV Time har sett av ei ekstra stilling til dette arbeidet, og har tett samarbeid med Flyktningtenesta. Resultata her kjem mellom anna fram i nøkkeltala i kapittel 10.3.7 «Fleirkulturelle tenester». Stillinga vert ikkje vidareført i 2019, men det er søkt om prosjektmidlar hos Fylkesmannen knytt til arbeid med flyktningar.

Samla sjukefråvær var på 5,2 %. Måltallet er 7,5 %.

### **Flyktningtenesta**

Eininga hadde mindreutgifter på 425 000 kroner i 2018.

Kommunen vart tildelt ei kvote på 10 flyktningar i 2018. På grunn av færre asylsøkarar til landet, fekk me ein reduksjon i kvotetal samanlikna med åra før. Det vart busett i alt 13 flyktningar frå asylmottak. Av desse var fem barn. I tillegg vart det fødd to barn innan seks månader etter at foreldra vart busette. Det kom til saman fem familiesameinte i 2018. Me får såleis integreringstilskot for 20 nye personar i 2018.

I samråd med Integrerings- og mangfalddirektoratet (IMDI) vart det busett i alt 100 personar i treårsperioden 2016-2018. Dette er 20 færre enn først vedteke for perioden. Reduksjonen i kvotetal vart likevel jamna ut noko etter mottak av 16 familiesameinte i same tidsrom.

Totalt 70 flyktningar har i løpet av året delteke i introduksjonsordninga. Det kom 15 nye deltakarar i 2018. I alt 26 personar fullførte og avslutta programmet. 78 % av desse gjekk over i arbeid eller utdanning. Meir informasjon finn ein i nøkkeltala i kapittel 10.3.7 «Fleirkulturelle tenester».

På grunn av nedgangen i kvotetalet vart det bestemt at flyktningtenesta skulle reduserast med to årsverk, eitt i 2018 og eitt i 2019. Etter dette vil tenesta ha fire årsverk. Kommunestyret vedtok i sak 072/18 at flyktningtenestene i Klepp og Time vert samorganiserte og samlokaliserte med Bryne kompetansesenter innan 01.01.20. Time vil fungera som vertskommune. Samorganisering og samlokalisering skal seinast tre i kraft 01.01.2020.

Det vart gjennomført brukarundersøking blant flyktingar i introduksjonsprogrammet med gode tilbakemeldingar.

Drifta av kvinnegruppa Femira held fram i samarbeid med Bryne Røde Kors, og har i snitt 21 besøkande på kvart møte.

Samla sjukefråvær er 0,1 %. Måltalet for tenesta er 4 %.

## **Kultur**

Kulturtenestene (Bibliotek, Kulturhus, Fritid og Kulturvern) hadde samla mindreutgifter på 921 000 kroner i 2018. Kulturhus, inkludert kino, hadde mindreutgifter på om lag 500 000 kroner, hovudsakleg på grunn av høg aktivitet og høge leigeinntekter. Kulturvern hadde mindreutgifter på 250 000 kroner, hovudsakleg på grunn av stram økonomistyring relatert til usikkerheit om samla resultat for verksemda, jf. opning og innfasing av ny kino.

Sjukefråværet var i 2018 på 6,7 % mot 4,6 % i 2017. Målsettinga er ulik i dei ulike einingane. Det er langtidssjukefråværet på 5,7 % som trekker opp totalen.

Det vart i 2018 utarbeidd revidert kulturplan for perioden 2019-2027. Planprosessen omfatta mellom anna fem dialogmøte med lokalt kulturliv. Høyringsutkast vart lagt fram medio november.

## **Kino og Kulturhus**

Kommunen opna ny kino med fire salar i oktober, og har inngått ein husleigeavtale på 20 år. Besøket på kinoen vart rett under 70 000, som samsvarar med estimatet om ei auke på 27 % i forhold til 2017.

Storstova, Bryne Mølle og Bryne kino hadde i 2018 eit samla besøk på om lag 90 400. Dette er ein stor auke samanlikna med året før. Opgangen skuldast oppstart av ny kino i oktober og godt besøk på Storstova. Besøket på Storstova auka med 5600, i hovudsak på grunn av godt besøk på lokale barneoppsettingar jf tabell 10.3.13.

Livsgledefestivalen vart arrangert i mars. Fleire lokale aktørar var med på arrangørsida dette året, og festivalen får for kvart år fleire arrangement og større besøk.

## **Bibliotek**

Biblioteket hadde 92 934 besøkande i 2018, ein nedgang på 1,1 % frå året før (talet på besøkande inkluderer Garborgsenteret og kafeen).

Samla utlån var 94 569, ein nedgang på 1 % frå året før. Sjølv om totalen gjekk litt ned, er det gledeleg at utlånet av barnebøker aukar med heile 15 % frå året før. Sommarleskonkurransen for barn sist sommar var nok ein stor årsak til denne auken. Utlånet til vaksne var stabil både når det gjeld skjønn- og faglitteratur. Medan utlånet av lydbøker for vaksne hadde ein markant nedgang på 39 % frå året før, auka utlånet av e-bøker og DVD.

Biblioteket har også i 2018 hatt stor aktivitet med 313 arrangement, som er på nivå med året før. Det har vore stor variasjon av tema på arrangementa, noko som trekker ulike personar og grupper til biblioteket. Slik lever biblioteket opp til føremålsparagrafen i biblioteklova om «å

*fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemد» og «å vera møteplass og arena for offentleg samtale og debatt».*

Biblioteket har også fokus på digital opplæring både i form av felles kurs og digital rettleiing til enkeltpersonar som måtte ha behov for hjelp. Biblioteket er ein naturleg arena for innbyggjarar som søker kunnskap og som treng ein sosial møteplass. Biblioteket har fast samarbeid med barnehagar og grunnskulane i kommunen om lesestimulerande tiltak. Digitalisering av fotosamlinga skulle vore avslutta i 2018, men arbeidet vart meir omfattande enn tenkt. Det må arbeidast vidare for å skaffa midlar til fullføring av prosjektet.

Garborgdagar 2018 vart arrangert i januar. På programmet stod foredrag, debattar, Slam – konkurranse i framføring av sjølvskrivne tekstar, konsertar, forfattarbesøk til skuleklassar og barneførestillingar. Dei fleste arrangementa var godt besøkte. Samla sett auka besøket til Garborgdagar frå året før.

### Fritid

Ungdomshuset Møllekjellaren hadde heile 15 921 besøkande i 2018. Dette er ein auke i besøkstalet på i underkant av 1 % samanlikna med året før. Møllekjellaren er ein populær samlingsplass for ungdom både frå Time og mange kommunar i området. Gjennomsnitt besøk per kveld er ca. 90 stk. Møllekjellaren har ope fire kveldar i veka.

Prosjektet «Alle med i Rosseland Ballklubb/Time» starta i februar 2018, med prosjektleiar i om lag 50 % stilling, og er støtta av midlar frå Gjensidigestiftelsen. Tiltaket har gitt gode resultat i høve integrering og inkludering av nye barn og unge inn i ulike fritidsaktivitetar i kommunen vår.

Hausten 2018 starta innovasjonsprosjektet «Velferdssenteret mot 2030», kor målet er å sjå eldre både som brukarar av kultur- og fritidstilbod og som ein viktig frivillig ressurs. Utgangspunktet for arbeidet er samarbeid på tvers mellom Velferdssenteret, Frivillegsentralen, Sivdammen catering, Omsorg med fleire.

Hausten 2018 vart det etablert betalingsordningar med bankkort og Vipps for brukarar av symjehallane. Det er nå mogleg å førehandsbestilla badetid på Vipps ved Sivdambassenget i forbindelse med publikumsbadinga på laurdagar.

Kontaktkonferansen vart gjennomført i Hognestad IL sitt klubbhus på Hognestad den 28. februar. Det var om lag 70 deltakrar.

### Kulturvern

Kulturvernfeltet, inkludert drift av museumsanlegga, sorterer under Kultur. Det er Jærmuseet som forvaltar og driv Garborgheimen og Knudaheio etter avtale med Time kommune. Besøket på Knudaheio var på 1394 i 2018, om lag som året før, medan besøket i Garborgheimen var på 817, ned med heile 46 %. Samla besøk for Garborgsenteret (Jærmuseet), inkludert Garborgheimen og Knudaheio, enda på 12 963, ein nedgang på 16 % frå året før. Fotland mølle samla 1300 besøkande, ein nedgang på 7,5 % frå året før.



## Eigedom


Tenesteeininga har mindreforbruk på vel 1,9 millionar kroner. Årsaka til dette er i hovudsak mindre bruk av vikarar og ekstrahjelp til reinhald i kommunale bygg, og mindre vikarbruk ved langtidsjukdom i administrasjonen. Det er også spart noko på låg bemanning og lite vikarbruk, grunna høgt sjukefråvær, i forbindelse med vedlikehald av kommunale bustader.

I forbindelse med «Omstilling 2017» vart det gjennomført innsparing av 3 årsverk i reinhald.

I 2018 vart arbeidet med innføring av ny reinhaldsstandard, (INSTA 800) starta opp, der målet er at det skal verta meir lik kvalitet på reinhaldet i kommunale bygg. Det vart også innført FDV-programmet FamacWeb i reinhald. Dette programmet hjelper oss med å halda oversikt på ressursbehov og vert brukt til dokumentasjon for kva som er utført.

Eigedom hadde i 2018 eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 9,6 %. Målet for sjukefråværet i Eigedom er 3,8 % , bortsett frå reinhald som har ein målsetting på 7,5 %.





Tabellane er nye i 2018 og kan ikkje samanliknast med førre år. I 2017 viste tabellane kostnad per brukar. I 2018 viser tabellane kostand per m<sup>2</sup>. Tabellane over viser at Time har omtrent same kostnadsnivå på lokale til barnehage, skule og institusjon som nabokommunar og Kostra-gruppe.

#### 5.4.4 Utfordringar framover

Situasjonen på arbeidsmarknaden har endra seg i positiv lei mot slutten av 2018. Utfordringa framover er å halda nåverande ungdommar i alderen 16-29 år i arbeid eller utdanning og syta for at dei som står utanfor arbeid eller utdanning kjem inn på arbeidsmarknaden eller i utdanning. Time og Klepp har fått felles NAV kontor frå 01.01.19, lokalisert i Klepp kommune. Tett samarbeid mellom kommunen og NAV vert viktig framover for å lukkast i arbeidet med å få flest mogleg av innbyggjarane i arbeid.

Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp er innført i 2017. Det er eit mål framover å ta i bruk fleire av aktivitetsplassane og at det er større variasjon i type aktivitetsplassar.

Arbeidet med ei robust og framtidsretta interkommunal legevakt vil halda fram og forhåpentlegvis finna si endelege løysing i 2019. Grunna lågare folkevekst enn venta dei siste åra, er det registrert utfordringar i høve drifta av Kvernaland legesenter. Dei tre fastlegane her ønsker nå primært at legesenteret vert omgjort frå privat legesenter til eit reint kommunalt senter. Utgreiing av utfordringane er under arbeid, og politisk sak vil verta lagt fram for behandling i løpet av 2019. Eventuelle sentrale tiltak om fastlegeordninga generelt sett vil og verta omtala i saka.

I «Omrusting 2017» er stillinga som miljørådgjevar sett vakant fram til 2020. Fram til ny tilsett eventuelt er på plass, er det Samfunns- og landsbruksforvaltninga som har ansvar for miljø- og forureiningssaker. Det er eit uttalt behov i tenesteområdet å få på plass miljørådgjevarstillinga.

Innan skogbruks- og viltforvaltninga vert det etter initiativ frå Fylkesmannen i Rogaland arbeidd vidare med ei mogleg felles interkommunal løysing for kommunane i Sør Rogaland i 2019.

Utviklinga i bygge- og anleggsverksemda framover vil ha betydning for dimensjoneringa av plan- og byggesaksforvaltninga. Arbeid med revisjon av arealdelen til kommuneplanen vil halda fram i 2019, med planlagt politisk behandling hausten 2019. Kapasiteten i planavdelinga er ei utfordring når det gjeld å følgja opp konkrete område- og reguleringsplanar i tråd med godkjent planstrategi.

Utkast til detaljregulering av Storgata som gågate og gatebruksplan for Bryne er i hovudsak ferdige. Planane må sjåast i samanheng med endeleg sak og avgjerd om mogleg «Fjellhall» som parkeringsalternativ i Bryne, og vert lagt fram til politisk behandling saman med sak om «Fjellhall» i 2019.

Arbeidet med gjennomføring av prioriterte overvasstiltak i Bryne og nødvendige saneringstiltak for vass- og avløpsnettet fleire stader i kommunen skal vidareførast i tråd med godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene.

Vedtak om samanslåing av flyktningtenestene i Klepp og Time og samorganisering med Bryne kompetansesenter skal følgjast opp i 2019. Frå 01.01.2020 skal felles flyktningteneste vera på plass på Bryne kompetansesenter.

Innan kulturverksemda er ny kino på Bryne på plass og talet på besökande er forventa å auka betydeleg. Modell og driftskonsept for framtidig bruk av Storstova skal avklarast i 2019, og strategi for samhandling med frivillig sektor skal vera klar i løpet av 2019. Samordning og samarbeid på tvers mellom Frivillegsentralen, Velferdssenteret og Sivdammen catering vert viktig framover når det gjeld eldre som ein viktig frivillig ressurs inn i utvikling og drift av eit aktivitetssenter.

Arbeidet med moglege nye idrettshallar i regi av Bryne FK på stadion har kravd mykje arbeid i løpet av 2018. Det er venta politisk sak om endeleg løysing av prosjektet 1. halvår 2019. Planlegging av ny symjehall på Bryne startar opp i 2019. Ny felles ungdomsskule og idrettshall med Klepp er under planlegging og skal stå ferdig i Vardheia hausten 2021. Dette gjeld også ny turnhall i samarbeid mellom kommunane og Bryne turn.

## 5.5 Stabstenester, næring og trussamfunn

### 5.5.1 Økonomi

| Administrasjon              | Rekneskap<br>2018 | Budsjett<br>m/endringer<br>2018 | Budsjett<br>u/endringer<br>2018 | Rekneskap<br>2017 | Avvik (B-R)<br>2018 |
|-----------------------------|-------------------|---------------------------------|---------------------------------|-------------------|---------------------|
| Politiske organ             | 6 870             | 7 079                           | 7 025                           | 7 134             | 209                 |
| Stabstenester               | 43 840            | 44 708                          | 43 322                          | 43 790            | 868                 |
| Jæren kemnerkontor          | 1 801             | 2 065                           | 2 065                           | 1 854             | 264                 |
| Kyrkja og andre trussamfunn | 9 171             | 8 904                           | 8 904                           | 8 739             | -267                |
| Diverse fellesutgifter      | 3 089             | 3 220                           | 3 353                           | 2 892             | 131                 |
| Næring                      | 2 718             | 2 712                           | 2 608                           | 2 500             | -6                  |
| <b>Sum administrasjon</b>   | <b>67 489</b>     | <b>68 688</b>                   | <b>67 277</b>                   | <b>66 909</b>     | <b>1 199</b>        |

### 5.5.2 Rapportering i forhold til tiltak 2018

| Tiltak  | Merknadar |   |
|---|-----------|---|
| Politiske organ   |           |   |
| Ferdigstilla revidert handlingsplan for lokaldemokrati  | U         |   |
| Setta i verk kommunal ordning for borgarleg vigsel  | U         |   |
| Kommunikasjon   |           |   |
| 80 % av dialogen mellom innbyggjar og kommune skal vera digital   | D         | Dette er eit mål heile organisasjonen arbeider med kontinuerleg.  |
| Implementera revidert grafisk profil i organisasjonen   | U         |   |
| Gjennomføra prosjekt for klart språk i tekstar i to avdelingar  | D         | Standardtekstar i omsorg er ferdigstilte, etter gjennomgang og brukartesting. Prosjekt i helse- og rehabilitering er starta på, men ikkje gjennomført |
| Gjennomføra prosjekt for klart språk på nettsidene  | U         |   |
| Administrasjon  |           |   |
| Slå saman servicetorg og kommunikasjon og ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk                          | U         | Har redusert med 0,5 årsverk, men kommunikasjon og servicetorg er ikkje slått saman.  |
| Effektivisera og eventuelt redusera opningstid på servicetorget for å få ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk | U         |   |
| Styrke digitaliseringsarbeidet med 0,5 årsverk  | I         | Stillinga vert halden vakant  |

| Tiltak   | Merknadar |  |
|--|-----------|--|
| Fulldigitalisera inn- og utfakturering og dermed effektivisera med 0,5 årsverk   | U         |  |
| Ta fullt i bruk nye modular i lønns- og personalsystem og dermed henta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk                                       | U         |  |
| Fulldigitalisera arkiv og svar ut/inn og effektivisera med 1 årsverk   | U         |  |
| Styrka innkjøpsarbeidet med 0,5 årsverk ved at større del av kommunen sitt innkjøp vert gjennomført av ein profesjonell innkjøpar i fellesadministrasjonen | U         |  |
| Implementera plan for digitalisering og infrastruktur i organisasjonen   | D         | Arbeidet har starta og vert sett i samanheng med smartstrategien og innovasjonsstrategien.                           |
| Implementera smartstrategien i organisasjonen  | D         | Arbeidet har starta og vert sett i samanheng med plan for digitalisering og infrastruktur, og innovasjonsstrategien. |
| Gjennomføra innovasjonsprosjekt innbyggarservice 2026  | D         | Vert etter planen ferdig i løpet av 1. kvartal 2019  |
| <b>Næring</b>  |           |  |
| Evaluera Grunder Arena Jæren   | U         | Sak kjem i haust   |
| Evaluera ny modell for Turistinformasjonen   | I         | Ikkje prioritert økonomisk   |
| Formalisera ein samarbeidsmodell med næringslivet i Bryne sentrum  | U         |  |
| Etablira el-bisykkel ordning i Bryne   | I         | Regional løysing for tolv kommunar vert implementert i 2019  |
| Avklara ny framtidsretta parkeringsløysing i Bryne   | I         | Sak om fjellhall kjem i 2019.  |

### 5.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon

#### Generelt

Administrasjon er i 2018 redusert med fire årsverk. Samtidig er eit årsverk innan IKT overført frå Omsorg, og administrasjon er auka med 0,5 årsverk til personvernombod og 0,5 årsverk til innkjøp, jf. kommunestyresak 42/17.

#### Politisk organ

Handlingsplan for lokaldemokrati vart revidert. Utgangspunktet vart tatt frå lokaldemokratiundersøkinga blant politikarar og innbygarane.

Ansvaret for borgarleg vigslar vart overført frå tingrettane til kommunane. Det vart i 2018 gjennomført 33 vigslar i kommunen.

Kommunen var representert i forbindelse med utdelinga av Fritz Røed minnefond sitt stipend i Villa Faraldi.

## **Stabstenester**

### **Dokumentsenter**

Dokumentsenteret skal sikra kommunen sine dokument for nåtid og framtid. I 2018 har fokuset vårt vore å fortsetta innføringa av fullelektroniske arkiv (papirlaust) og innføra nye digitale måtar å senda dokument til innbyggjarane og andre (SvarUt/SvarInn). Me har brukt mykje tid på å læra opp og følgja opp saksbehandlarar og leiarar i systema dei skal bruka for å bevara dokumentasjonen. Me har hatt ansvaret for kontorfaglærling.

Dokumentsenteret er redusert med eit årsverk. Det står att ein del digitalisering. Me manglar fullelektronisk elev- og barnearkiv, samt helsestasjonen sitt arkiv. SvarUt er innført i Barnevern og Omsorg. Det står att å innføra SvarInn i dei same tenestene, og å innføra SvarUt/SvarInn i helsestasjon, skule, barnehage og NAV.

### **Kommuneadvokaten**

Kommuneadvokaten er organisert som kommunen sitt eige advokatkontor og gjev juridisk hjelp og advokattenester til heile organisasjonen. Kontoret har eit brent tilfang av saker innanfor dei fleste rettsområda. I tillegg til å vera rådgjevar i rettslege spørsmål fører også kommuneadvokaten rettssaker for Time kommune.

Kommuneadvokaten har vore og er på bakgrunn av ein avtale om hospitering i 2018 og fram til juni 2019, ansvarleg for at advokatfullmektig for Gjesdal kommune oppfyller krava for å kunna søkja om advokatløyve. I løpet av denne perioden har kommuneadvokaten i Time hatt eit overordna juridisk ansvar for saker i Gjesdal kommune.

På oppdrag frå Universitetet i Bergen, Juridisk fakultet har kommuneadvokaten rettleia ein student med å skriva masteroppgåva.

### **Kommunikasjon og servicetorg**

Avdelingane kommunikasjon og servicetorg vart slått saman til ei avdeling 01.01.2019. Samanslåinga vart gjort som ein del av prosjekt «Omstilling 2017».

Opningstid i servicetorget vart endra i 2018. Ny opningstid er kl 09.00 til kl 15.00 på kvardagar. Den nye avdelinga vil arbeida for at Time kommune skal kommunisera med innbyggjarane på ein god måte, slik at Time står fram som ein trygg og framtidsretta kommune.

### **Digitalisering og utvikling**

I 2018 vart IKT-avdelinga organisert direkte under rådmannen. Namnet på eininga vart skifta til Digitalisering og utvikling. Leiar vart med i rådmannen si utvida leiargruppe.

Det har vore gjort store utbetringer på infrastrukturen vår, slik at me er klare til å ta imot større endringar som kjem innan feltet digitalisering. Etableringa av DigiRogaland der Time er medlem, har og gjeve feltet digitalisering eit regionalt løft. Samarbeid på tvers av

avdelingar og på tvers av kommunar er med på å gje arbeidet ein ny dimensjon. Satsing på digitalisering vert meir effektivt og me jobbar for standardisering av løysingar.

### Økonomi

Digitaliseringa i avdelinga held fram og i 2018 var 83 % av inngåande fakturaer digitale. Av utsende var 100 % digitale når fakturaer sendt i SvarUt er inkluderte. Til saman har kommunen om lag 60 000 inn- og utgåande fakturaer sjå tabell 10.4.1.

Kommunen lånte ut 29,3 millionar kroner i startlån og vidareformidla 1,9 millionar kroner i tilskot til etablering og tilpassing av bustad. Etter nytt regelverk er det berre vanskelegstilte som kan tildelast lån. Kommunen har ved utgangen av 2018 samla utlån av startlån på 218 millionar kroner.

### Jæren kemnerkontor

Jæren kemnerkontor har 9,5 årsverk der 5 årsverk vert brukte til arbeidsgjevarkontroll og resten til tvangssinnkrevjing og føring av skatterekneskap. Me har i 2018 også oppfylt alle resultatkrava på innkrevjing. Når det gjeld restskatt 2016 har me oppnådd å innkrevja 98,7 %, mot i fjar 97,3 %.

Når det gjeld arbeidsgjevarkontroll har me gjennomført 105 kontollar medan kravet var 120 for alle fire kommunane. Årsaka til at målet ikkje vart nådd, er langtidssjukefråvær.

### Kyrkja og andre trussamfunn

Time kyrkjeleg fellesråd har fått tilskot og tenester for 8,1 millionar kroner i 2018. Det er i tillegg utbetalt 1,1 millionar kroner til andre registrerte trussamfunn med medlemmar frå Time kommune. Tilskotet til andre trussamfunn vert utbetalt med same sum som vert tildelt per medlem i Den norske kyrkja.

### Næring

Kommunen sitt næringsarbeid handlar om å leggja til rette for næringsverksemd i Time, og vert koordinert av næringssjefen.

I 2018 har det mellom anna vore arbeidd med etablering av datasenter, utgreiingar av moglegheita for parkeringshall under jorda, pilotprosjekt innan reiseliv på Jæren saman med Hå og Klepp, lokalisering av tomt for kraftkrevjande industri, og utplassering av sensorar og nytt trålaust wifi-nettverk saman med Lyse.

### 5.5.4 Utfordringar framover

Stabstenestane har redusert bemanninga og må sørja for å oppretthalda produksjonsnivået ved hjelp av auka digitalisering. Dette kan vera utfordrande då reduksjonen i bemanning har skjedd noko raskare enn ein har klart å få på plass kompenserande digitale verktøy.

Turnover og omrokking av tilsette medfører auka behov for kompetansebygging dersom stabane skal vera i stand til å gje dei råd og den rettleiinga tenestene etterspør.

# 6 Kommunen som arbeidsgjevar



## 6.1 Rapportering i forhold til tiltak 2018

| Tiltak  | Merknadar  |
|---|--|
| Tilpassa interne reglar om informasjonstryggleik og personvern til ny personvernlov                                   | D<br>Sikkerheitsgruppa førebur Time kommune på nye personvernreglar. Eit viktig tiltak vil bli opplæring av leiarane gjennom praktisk arbeid med behandlingsaktivitetar. |
| Oppretta personvernombod  | U  |
| Eit sjukefråvær under 6,2 %   | I<br>Samla sjukefråvær i 2018 for Time kommune vart 7,3 %  |
| Ferdigstilla prosjekt «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» i Omsorg og implementera dei nye arbeidstidsordningane | U  |
| Utarbeida plan og tiltak for omdømmebygging av Time kommune som arbeidsgjevar   | I<br>Arbeidet er ikkje starta  |
| Setta i verk system for interne kvalitetstilsyn i einingane for auka forbetring                                       | U  |
| Utvikla system for klagehandtering i konflikt- og personalsakar   | I<br>Arbeidet er ikkje starta  |
| Implementera reviderte varslingsrutinar   | U  |

## 6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

### Tilsette i kommunen

| Årsverk    | 2018                 |                             |
|------------|----------------------|-----------------------------|
|            | Budsjetterte årsverk | Tilsette i faste stillinger |
| Oppvekst   | 563,1                | 637                         |
| Omsorg     | 376,1                | 558                         |
| Samfunn    | 180,4                | 219                         |
| Stab       | 63,0                 | 64                          |
| <b>Sum</b> | <b>1182,6</b>        | <b>1478</b>                 |



#### Leiing

| Leiarar per 31.12         | 2015    |      | 2016    |      | 2017    |        | 2018    |        |
|---------------------------|---------|------|---------|------|---------|--------|---------|--------|
|                           | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn   | Kvinner | Menn   |
| Rådmannen si leiargruppe  | 50 %    | 50 % | 50 %    | 50 % | 50 %    | 50 %   | 33 %    | 67 %   |
| Øvrige leiatarar          | 77 %    | 23 % | 75 %    | 25 % | 75 %    | 25 %   | 74 %    | 26 %   |
| Totalt tal leiatarar      | 59      | 20   | 59      | 22   | 55      | 21     | 52      | 21     |
| Prosent leiatarar/årsverk |         |      |         |      | 6,4 %   | 12,0 % | 5,4 %   | 12,7 % |

Tabellen viser ein stabil fordeling av leiarstillingar basert på kjønn. Han speglar den generelle kjønnsfordelinga i kommunen på menn og kvinner. Ca. 80 % av dei tilsette er kvinner.

## Seniorpolitikk og pensjon

| Seniorar per<br>31.12 | Tilsette<br>aktive | Senioravtale |      | AFP <sup>1)</sup> |      | Uttak<br>alderspensjon |      | Pensjonistvilkår |      |    |
|-----------------------|--------------------|--------------|------|-------------------|------|------------------------|------|------------------|------|----|
|                       |                    | 2017         | 2018 | 2017              | 2018 | 2017                   | 2018 | 2017             | 2018 |    |
| 62-64 år              | 73                 | 61           | 31   | 33                | 17   | 11                     | 5    | 4                | 3    | 4  |
| 65-66 år              | 33                 | 25           | 13   | 13                | 19   | 14                     |      |                  | 4    | 4  |
| 67 år og over         | 14                 | 3            |      |                   |      |                        | 21   | 18               | 32   | 35 |
| Sum                   | 120                | 89           | 44   | 46                | 36   | 25                     | 26   | 22               | 39   | 43 |

1) Inkluderer heil/delvis AFP

Uttak av AFP har gått ned. Det har noko med at det er færre tilsette i desse aldersgruppene i 2018. I Time er kullet på 62–64 år lågare enn i 2017.

| Pensjon  | 2015 | 2016 | 2017 | 2018               |
|--|------|------|------|--------------------|
| Innmelde medlemmar                                   | 1738 | 1884 | 1784 | 1833               |
| Personar med heil/delvis AFP                         | 40   | 38   | 37   | 25                 |
| Personar med heil/delvis uførepensjon <sup>1)</sup>  | 142  | 144  | 140  | 138                |
| Gjennomsnittleg uføredel per årsverk % <sup>2)</sup> | 6,2  | 6,88 | 6,18 | 6,32 <sup>3)</sup> |

1) Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon og eksklusive oppsette rettar

2) Prosent av innmelde medlemmar i KLP fellesordning 1419 personar og personar med heil/delvis uførepensjon

3) 2018 Rogaland 7,97%, Norge 8,94 %

## Rekruttering

| Faste tilsette som har sluttat                    | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   |
|---|--------|--------|--------|--------|
| Turnover  | 4,7 %  | 5,4 %  | 5,1 %  | 4,7 %  |
| Årsverk   | 53,8   | 63,0   | 59,1   | 56,5   |
| Tilsette  | 83     | 97     | 85     | 94     |
| Av desse, pensjonerte                             | 19     | 17     | 16     | 15     |
| Prosent sluttat tilsette som gjekk av med pensjon | 22,9 % | 17,5 % | 18,8 % | 16,0 % |

Turnover er stabilt og relativ låg turnover.

I 2018 har Time kommune hatt eit auka fokus på rekruttering, både ved deltaking i konkrete rekrutteringsprosessar og ved å evaluera eksisterande rekrutteringssystem samt kartlegga organisasjonen sitt behov. På bakgrunn av kartlegginga er kommunen i gang med å skaffa eit nytt rekrutteringssystem som vil forenkla og sikra kvaliteten ved gjennomføringa av rekrutteringsprosessane. Kompetanse innan rekruttering er heva slik at kommunen kan auke satsinga på rekruttering.

## Lærlingar

| Lærlingar i Time kommune | 2016             | 2017 | 2018 |
|--------------------------|------------------|------|------|
| Inntak                   | 12               | 16   | 18   |
| Sum etter inntak         | 23               | 28   | 33   |
| Per 31. 12               | 20 <sup>1)</sup> | 28   | 33   |

1) 3 har heva kontrakt

Time samarbeider med kommunane Klepp, Gjesdal og Hå om felles utlysing. I 2018 fekk me inn 69 søkerar til lære plass i kommunen. I august 2018 tok me inn 18 nye lærlingar med denne fordelinga på fag:

- 9 barne- og ungdomsarbeidrarar
- 9 helsefagarbeidrarar

Me har eit interkommunalt samarbeid for praksiskandidatar med Klepp, Hå, Gjesdal og Sola. Kurset er eit tilbod for fast tilsette i skule og barnehage som ønsker å ta fagutdanning. I 2018 har 6 personar frå Time fullført opplegget. I Omsorg har 4 personar tatt fagbrev som praksiskandidat.

### **Medarbeidarkartlegging 10-faktor**

Time kommune gjennomfører medarbeidarundersøking anna kvart år. Svarprosenten i 2018 var på 74 % (66 % i 2015). Undersøkinga måler i hovudsak medarbeidarane sine oppfatningar og haldningar knytt til arbeidsplassen sin. Time skårar likt med Norge på dei fleste faktorane. Me har ein litt høgare skåre på faktorane bruk av kompetanse, relevant kompetanseutvikling og mestringssklima enn Norge har. Mens me får ein lågare skåre på faktorane fleksibilitetsvilje og prososial motivasjon.

I 2018 skorar Time enten likt eller så har me gått opp på faktorane sidan sist (2015). Det er verdt å merka seg at kommunen ikkje har gått ned på nokon av faktorane sidan sist gong (2015). Kommunen skårar høgare enn sist på faktorane autonomi, bruk av kompetanse, mestringssorientert leiing, rolleklarheit, relevant kompetanseutvikling og mestringssklima.

Alle leiarar har fått eit verktøy dei kan bruka når dei skal presentera og arbeida med resultatet/rapporten.

Oppfølgingsmodellen:

- Trinn 1: Analyse (verta einige om bevaringsområde og utviklingsområde)
- Trinn 2: Tiltak og handlingsplanar (verta einige om tiltak som skal settast inn i ein handlingsplan)
- Trinn 3: Oppfølging (planlegga oppfølging av tiltaka i løpet av året, for eksempel i leiarmøte og personalmøte)

### **Kompetansebygging**

Time kommune har ein strategisk overordna kompetanseplan. Dei ulike tenesteområda utarbeider eigne tiltaksplanar/strategiplanar kvart år. Målet er å definera behov og utfordringar, samt tilpassa kompetanseutviklinga for å sikra god kvalitet og utvikling. I omsorg har satsingsområde vore velferdsteknologi, TMA- kurs og legemiddelhandtering.

Satsingsområde i Oppvekst har vore tidleg innsats, samhandling på tvers og inkludering. Stabane har arbeida med digitalisering og Samfunn har styrka kompetansen i forvaltningslova og fleirkulturell kompetanse. Felles for alle i kommunen er den nye personvernlova som trådde i kraft juli 2018. Alle tilsette skal ha kurs i personvern (elektronisk) og me starta med dette hausten 2018.

## **Personvern**

I 2018 trådde ny personvernlov i kraft. Time kommune har etablert personvernombod og har starta endringa med å implementera krava i personvernlova. Alle tilsette skal i løpet av 2019 gjennomføra grunnleggande opplæring i personvern. Det er skaffa eit elektronisk verktøy til føring av protokoll av personvernaktivitetar. Systemet skal også nyttast for opplæring av leiarane.

## **Heiltidskultur**

Omsorg starta eit prosjekt i desember 2016 og er nå avslutta. Alle einingane i Omsorg deltok i prosjektet. Målet var å testa ut arbeidstidsordningar tilpassa brukaren sitt behov og redusera behov for helgestillingar. Prosjektet var vellukka i den forstand at leiarar og tilsette i Omsorg lærte mykje og oppdaga problemstillingar me frå før ikkje var klare over. I tillegg er det vorte testa ut ordningar med langvakter og ulike turnusar.

I 2018 vart heiltidserklæring for Omsorg utarbeida saman med dei tillitsvalde. Målet med erklæringa er å etablera verkemiddel og måltal me skal nå. Samtidig er det nedskrive viktige prinsipp som for eksempel at hovudregelen for helgefrekvens er kvar tredje helg. Det er sett som ambisiøst mål å ha 80 % stilling i snitt i Omsorg i Time kommune.

## **Kvalitetssikring**

Satsingsområda for kvalitetsarbeidet i 2018 var informasjonssikkerheit og personvern, samt generelt arbeid med kvalitet som kvalitetsteam, avviksrapportering og risikovurderingar. I arbeidet med å følgja opp desse satsingsområda vart det i 2018 tilbudd kurs i internkontrollsystemet og risikoanalyser, samt at det også vart gjeve rettleiing til enkelte verksemder. Arbeidet med å auka kompetansen innan personvern og informasjonssikkerheit er også er i gang, og vil verta følgt opp vidare i 2019.


Det er oppretta internkontrollgrupper i dei fleste kommunalområda, og ein ventar at alle kommunalområda har slike grupper i arbeid innan utgangen av 2019. Gruppene som er etablerte har starta arbeidet med å kartlegga kva for tema dei kan arbeide med innanfor kvalitetsforbetring i kommunalområdet.

På bakgrunn av resultata etter internkontrollrapporteringa 2018 vert fokus i 2019 å auka generell kompetanse på statistikk, tal og analyse i tillegg til å betra det generelle HMS-arbeidet.

## **Varsling**

Reviderte rutinar for varsling vart vedteke i arbeidsmiljøutvalet i mai 2018, og i administrasjonsutvalet i juni 2018. Rutinane er gjort kjent gjennom publisering på intranettet og varslingsplakatar som er slått opp i avdelingane.

## HMS og sjukefråvær



Sjukefråværet i 2018 auka med 0,7 prosentpoeng til 7,3 %.

Ny nasjonal IA-avtale vart vedteken i desember 2018, og kommunen arbeider nå med å utarbeida ny handlingsplan for IA-arbeidet i tett samarbeid med tillitsvalde og hovudverneombod. Målsettinga for sjukefråværet for 2019 er sett til 6,6 %, jf. føringar i IA-avtalen. Handlingsplanen vert lagt fram for AMU og administrasjonsutvalet i 2019 til behandling.

Kvalitetsutvalet har bedt organisasjonsavdelinga og HVO om å utarbeida ei oversikt over kva for ulike system som finnes i marknaden, og kva dei ulike systema kan tilby. Dette arbeidet vert gjennomført våren 2019.

### 6.3 Utfordringar framover

Arbeidet med nærvær og heiltid vil vera den viktigaste satsinga framover. Tema som HMS, leiing, sjukefråvær og rekruttering er innsatsfaktorar rådmannen vil satsa på i 2019. Temaa heng tett saman og må jobbast med i ein heilskap. Leiing er ein viktig faktor som påverkar trivsel og resultat. Rådmannen forventar tydeleg leiing samtidig som leiing skal vera basert på tillit kor rausheit og autonomi er sentrale kvalitetar.

Rådmannen ser at konkurransen om å rekruttera mellom anne sjukepleiarar vert vanskelegare. På sikt kan det vera ei utfordring å levera rett kvalitet i Omsorg kor behova for tenester vil auka, men kor rekruttering av nye sjukepleiarar vert vanskelegare.

Kommunen si evne og vilje til omstilling er sett på prøve dei siste åra og det vil det også gjer i framtida. Me har vist at Time kommune kan omstilla ved behov. Time kommune samarbeider med mange aktørar og nettverk for å lukkast. Kravet frå innbyggjarane om å kunna løysa oppgåver og utfordringar sjølv på nettet, vert høgt prioritert. Digitalisering og innovasjon vil vera ei utfordring som vil krevja innsats og investering i ressursar. Time kommune innrettar organisasjonen og innsatsen mot desse utfordringane.

## 7 Investeringar

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2018. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor.

|   | Rekneskap |         |         |         | Budsjett<br>2018 |
|---|-----------|---------|---------|---------|------------------|
|   | 2015      | 2016    | 2017    | 2018    |                  |
| <b>Investeringar i nybygg og nyanlegg</b> | 228 531   | 231 672 | 330 431 | 189 552 | 170 151          |
| <b>Finansiert slik:</b>                   |           |         |         |         |                  |
| Investeringsinntekter                     | 40,9 %    | 41,5 %  | 32,6 %  | 23,7 %  | 23,9 %           |
| Eigenkapital                              | 11,6 %    | 14,0 %  | 10,9 %  | 22,3 %  | 15,9 %           |
| Låneopptak                                | 46,4 %    | 41,3 %  | 56,5 %  | 54,0 %  | 60,2 %           |
| Ikkje finansiert                          | 1,1 %     | 3,2 %   | 0,0 %   | 0,0 %   | 0,0 %            |

I 2018 er investeringane finansierte med 54 % låneopptak. Time kommune har tatt opp 102,4 millionar kroner i nye lån til investeringsformål.

Investeringsinntektene er statstilskot til Kverneland omsorgssenter som nå er endeleg oppgjort, spelemidlar, refusjonar frå kommunar og private utbyggjarar. Momskompensasjonen i 2018 var på 22,5 millionar kroner.

Eigenfinansieringa inkluderer overføring frå driftsrekneskapen, motteke avdrag frå Lyse, sal av fast eigedom og bruk av fond.

|   | Rekneskap      |                |                |                | Budsjett<br>2018 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|
|   | 2015           | 2016           | 2017           | 2018           |                  |
| <b>Investeringar i nybygg og nyanlegg</b> | <b>228 531</b> | <b>231 672</b> | <b>330 431</b> | <b>189 552</b> | <b>170 151</b>   |
| <b>Finansiert slik:</b>                   |                |                |                |                |                  |
| Tilskot/refusjonar/sal                    | 66 236         | 63 205         | 60 851         | 22 368         | 14 400           |
| Momskompensasjon                          | 27 229         | 32 881         | 46 754         | 22 477         | 26 255           |
| Eigenkapital                              | 26 580         | 32 451         | 36 161         | 42 260         | 27 049           |
| Bruk av investeringsslån                  | 106 018        | 95 610         | 186 665        | 102 447        | 102 447          |
| <b>Sum finansiering</b>                   | <b>226 063</b> | <b>224 147</b> | <b>330 431</b> | <b>189 552</b> | <b>170 151</b>   |

|                                       |               |               |               |               |               |
|---------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>Avvik investering/finansiering</b> | <b>2 468</b>  | <b>7 525</b>  | <b>0</b>      | <b>0</b>      | <b>0</b>      |
| <b>Bruk av eigenkapital:</b>          |               |               |               |               |               |
| - overført frå drift                  | 10 277        | 20 750        | 15 146        | 12 214        | 12 319        |
| - netto bruk av tidlegare avsettingar | -19 731       | 3 577         | 6 359         | 5 730         | -5 700        |
| - mottekne avdrag                     | 5 832         | 5 832         | 5 832         | 5 832         | 5 830         |
| - årets salsinntekter                 | 36 064        | 6 958         | 25 240        | 24 064        | 22 200        |
| - avdrag                              | -9 002        |               |               |               |               |
| - andelar og utlån                    | 3 140         | -4 666        | -16 416       | -5 580        | -7 600        |
| <b>Sum</b>                            | <b>26 580</b> | <b>32 451</b> | <b>36 161</b> | <b>42 260</b> | <b>27 049</b> |

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån ført. I 2018 lånte kommunen ut 29,3 millionar kroner mot 46,1 millionar kroner i 2017. Regelverket for utlån av startlån er endra slik at me nå berre kan låna ut til vanskelegstilte og ikkje slik som før, også til førstegongsetablerarar. Nå er det slik at kommunen fullfinansierer lån medan me tidlegare hadde lån til toppfinansiering.

### Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Formannskapet behandla i desember 2018 ei sak om justering av investeringsløyvingane. Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me justerer så seint vert det avvik mellom budsjettet løyving og forbruk kvart år. Det er spesielt vanskeleg å kunna stipulera uteståande i prosjekt som IVAR har ansvaret for. Når me salderer investeringsrekneskapen skjer dette på overordna nivå, det vil seia at samla mindreforbruk på prosjekt går til dekking av samla meirforbruk på andre prosjekt.

I saka i desember finansierte me meirforbruket i investeringsrekneskapen frå tidlegare år på 5,7 millionar kroner. På grunn av meirforbruk i 2018, måtte størstedelen av denne avsetninga strykast. Me står derfor fortsatt med eit udekka meirforbruk på 4,8 millionar kroner. Hovudårsaka til dette er meirforbruk på VA-prosjektet og gang- og sykkelvegsprosjektet frå Line til Hognestad.

### Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2018, neste kolonne viser rekneskapsført hittil og tredje kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekta som vert kommenterte her. Berre prosjekt med store kostnader i 2018 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljane om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

## 7.1 IKT og administrasjon

| Stabstenester   | Regnskap<br>2018 | Rekneskap<br>hittil | Budsjett<br>Prosjekt |
|---|------------------|---------------------|----------------------|
| <b>Prosjekt: 1101 IKT investeringar - felles</b>                |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 1 879            | 1 879               | 2 500                |
| Inntekter   | 0                | 0                   |                      |
| Sum   | 1 879            | 1 879               | 2 500                |
| <b>Prosjekt: 1103 IKT investeringar - skular</b>                |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 825              | 825                 | 1 000                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 825              | 825                 | 1 000                |
| <b>Prosjekt: 1105 Digitalisering egedomsarkiv</b>               |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 1 484            | 1 666               | 1 500                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 1 484            | 1 666               | 1 500                |
| <b>Prosjekt: 1216 Alternativ energikjelde for rådhusområdet</b> |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 734              | 6 690               | 5 620                |
| Inntekter   | 0                | -2 100              | -2 100               |
| Sum   | 734              | 4 590               | 3 520                |
| <b>Prosjekt: 5924 Kartbasar - fly</b>                           |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 495              | 495                 | 1 500                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 495              | 495                 | 1 500                |

### 1101 IKT Investeringar – felles

Prosjektet viser eit forbruk på om lag 1,9 millionar kroner i 2018. Det mellom anna investert i følgjande utstyr i 2018: Nye serverar og infrastruktur i datarom, oppgradering av møterom, nye kamera i kommunestyresalen og fortsatt utbetring av nettverka våre. Spesielt i institusjonane der det er kabla og lagt opp mykje trådlaust.

### 1103 IKT Investeringar – skular

Det er brukt 825 000 kroner i år til oppgradering av nettverk og brannmurar. Nye serverar er kjøpte, og infrastrukturen er utbetra.

### 1105 Digitalisering egedomsarkiv

Egedomsarkivet er nå digitalisert og er tilgjengeleg for alle på kommunen sine nettsider. Endelege prosjektkostnader vart 166 000 kroner høgare enn budsjettet.

### 1216 Alternativ energikjelde for rådhusområdet

Arbeidet med etablering av ny energisentral basert på biopellets i rådhus- og Sivdamområdet er ferdigstilt. Ein god del opprettingsarbeid etter prøvekjøringa av anlegget har medført meirutgifter som vil verta nærmare omtalt i byggerekneskapen i løpet av 2019.

### 5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk vedlikehald og oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekstsamarbeidet i Rogaland. Det står att ein god del arbeid her i 2019.

## 7.2 Oppvekst

| <b>Skular og barnehagar</b>                                   | <b>Regnskap<br/>2018</b> | <b>Rekneskap<br/>hittil</b> | <b>Budsjett<br/>Prosjekt</b> |
|---|--------------------------|-----------------------------|------------------------------|
| <b>Prosjekt: 2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst</b>           |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 2 298                    | 2 298                       | 1 500                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 2 298                    | 2 298                       | 1 500                        |
| <b>Prosjekt: 2204 Bryne skule - utvendig rehab gammal del</b> |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 1 507                    | 1 507                       | 2 500                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 1 507                    | 1 507                       | 2 500                        |
| <b>Prosjekt: 2239 Rehabilitering Time vgs</b>                 |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 10 632                   | 11 001                      | 13 000                       |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 10 632                   | 11 001                      | 13 000                       |
| <b>Prosjekt: 2243 Frøyland skule</b>                          |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 6 480                    | 65 154                      | 75 000                       |
| Inntekter   | 0                        | -865                        | 0                            |
| Sum   | 6 480                    | 64 289                      | 75 000                       |
| <b>Prosjekt: 2246 Brannsikring skulebygg</b>                  |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 896                      | 2 774                       | 2 500                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 896                      | 2 774                       | 2 500                        |
| <b>Prosjekt: 2317 Trollongane barnehage - nybygg</b>          |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 18 913                   | 22 584                      | 50 000                       |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 18 913                   | 22 584                      | 50 000                       |

### 2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar omtalt i LOK-sak 008/18 er i hovudsak utført. Lokal utvikling fekk statusoversikt over utført arbeid i LOK-sak 009/19. Meir utgifter på om lag 800 000 kroner i 2018 vert søkt løyst ved tilsvarende mindreutgifter dei komande to åra.

### 2204 Bryne skule – utvendig rehabilitering

Utvendig rehabilitering av den eldste delen av Bryne skule vert gjennomført i to etappar i 2018-2019.

### 2239 Rehabilitering Time vidaregåande skule

I tråd med føringar frå «Omstilling 2017» vart Time vidaregåande skule bygd om i 2018 for å dekka elevkapasiteten på Rosseland skule. I tillegg vart delar av Timehallen sett i stand til å husa Frivillegsentralen, Frisklivsentralen og fysioterapistenesta for barn. Mindreutgifter i prosjektet vil verta vurdert nærmare i 2019 mellom anna med tanke på tilrettelegging av felles flyktningsteneste med Klepp i Bryne kompetansesenter frå 01.01.2020.

### 2243 Frøyland skule

Frøyland skule har fått utvida kapasiteten frå 320 til 540 elevar. Skuledelen av prosjektet vart ferdigstilt til skulestart hausten 2017. I 2018 er det utført sluttarbeid på utomhusområda. Kostnadsramma ser ut til å halda.

## 2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i skulebygga over fleire år.

## 2317 Trollongane barnehage - nybygg

Den opphavelege barnehagen er riven. Ny barnehage med utvida barnehagekapasitet skal stå ferdig til hausten 2019.

## 7.3 Omsorg

| Omsorg  | Regnskap<br>2018 | Rekneskap<br>hittil | Budsjett<br>Prosjekt |
|---|------------------|---------------------|----------------------|
| <b>Prosjekt: 3101 Velferdsteknologi</b>                       |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 283              | 364                 | 500                  |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 283              | 364                 | 500                  |
| <b>Prosjekt: 3202 Mindre ombyggingar - omsorg</b>             |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 2 403            | 2 403               | 1 500                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 2 403            | 2 403               | 1 500                |
| <b>Prosjekt: 3213 Kommunale bustader</b>                      |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 208              | 208                 | 0                    |
| Inntekter   | -11 700          | -11 700             | -3 000               |
| Sum   | -11 492          | -11 492             | -3 000               |
| <b>Prosjekt: 3232 Rehabilitering Kommunale utleiebustadar</b> |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 1 535            | 1 535               | 1 000                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 1 535            | 1 535               | 1 000                |
| <b>Prosjekt: 3240 Bjønnholen - 4 bustadar</b>                 |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 6 918            | 7 348               | 10 035               |
| Inntekter   | 0                | 0                   | -5 200               |
| Sum   | 6 918            | 7 348               | 4 835                |
| <b>Prosjekt: 3244 Hognestadvegen 39 - 2 mannsbustad</b>       |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 957              | 957                 | 1 000                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 957              | 957                 | 1 000                |
| <b>Prosjekt: 3246 Ny bil til mattransport</b>                 |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 499              | 499                 | 500                  |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 499              | 499                 | 500                  |
| <b>Prosjekt: 3261 Foren burettslag</b>                        |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 2 263            | 27 292              | 28 100               |
| Inntekter   | 123              | -24 450             | -25 200              |
| Sum   | 2 386            | 2 842               | 2 900                |

### 3101 Velferdsteknologi

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg.

### 3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i og av omsorgsbygg omtalt i LOK-sak 008/18 er i hovudsak utført. Lokal utvikling fekk statusoversikt over utført arbeid i LOK-sak 009/19. Det er brukt noko meir midlar til istandsetting av omsorgsbustadene i Røyrvika enn budsjettet i forbindelse med utflyttinga frå Håbakken til Røyrvika omsorgsbustader, jf. prosjekt «Omstilling 2017».

### 3213 Kommunale bustader

Rekneskapsførte inntekter i 2018 gjeld sal av fem kommunale utlegebustader/leilegheiter.

### 3232 Rehabilitering kommunale utlegebustader

Prosjektet gjeld utføring av større rehabiliterings- og vedlikehaldstiltak i den kommunale utlegebustadmassen.

### 3240 Bjønnholen - 4 bustader

På kommunal tomt i Bjønnholen, Undheim, er eldre utlegebustader erstatta med fire nyoppførte i 2018. Tilsegn om tilskot frå Husbanken føreligg, men tilskotet vert ikkje utbetalt før bustadene er heilt ferdigstilte.

### 3244 Hognestadvegen 39 - tomannsbustad

Eit eldre hus på tomta er rive i 2018. Det er ikkje planar om å bygga nytt hus på tomta dei første åra.

### 3246 Ny bil til mattransport

Det er kjøpt inn ny bil til mattransporten innan omsorgstenestene.

### 3261 Foren burettslag

Sju nye sjølveigde omsorgsbustader for funksjonshemma ungdommar med tilhøyrande personalbase er ferdigstilte og tatt i bruk på Kvernaland. Gjeven løyving og budsjetterte inntekter for prosjektet ser ut til å halda. Byggerekneskap vert lagt fram i 2019.

## 7.4 Samfunn

| Diverse bygg  | Regnskap<br>2018 | Rekneskap<br>hittil | Budsjett<br>Prosjekt |
|---|------------------|---------------------|----------------------|
| <b>Prosjekt: 1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg</b> |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 2 200            | 16 662              | 20 000               |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 2 200            | 16 662              | 20 000               |
| <b>Prosjekt: 1214 Revisjon av elektriske anlegg</b>       |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 742              | 1 430               | 2 000                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 742              | 1 430               | 2 000                |
| <b>Prosjekt: 3219 UU-prosjekt kommunale bygg</b>          |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 544              | 1 177               | 3 500                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 544              | 1 177               | 3 500                |

### 1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg

Fram til og med 2021 er det sett av 20 millionar kroner til oppgradering og rehabilitering av ventilasjonsanlegg i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2018 er det brukt om lag 16,66 millionar kroner.

### 1214 Revisjon av elektriske anlegg

Fram til og med 2020 er det sett av 2 millionar kroner til revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2018 er det brukt om lag 1,43 millionar kroner.

## 3219 UU-prosjekt kommunale bygg

Fram til og med 2018 er det sett av 3,5 millionar kroner som del av første fase i arbeidet med å gjera alle kommunale bygg universelt tilgjengelege. Ved utgangen av 2018 er det brukt om lag 1,2 millionar kroner.

| Kyrkje  | Regnskap<br>2018 | Rekneskap<br>hittil | Budsjett<br>Prosjekt |
|---|------------------|---------------------|----------------------|
| <b>Prosjekt: 4503 Bryne kyrkje</b>            |                  |                     |                      |
| Utgifter                                      | 1 334            | 13 308              | 14 065               |
| Inntekter                                     | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 1 334            | 13 308              | 14 065               |
| <b>Prosjekt: 4510 Time kyrkje</b>             |                  |                     |                      |
| Utgifter                                      | 532              | 3 003               | 6 400                |
| Inntekter                                     | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 532              | 3 003               | 6 400                |
| <b>Prosjekt: 4511 Time kyrkje - gravplass</b> |                  |                     |                      |
| Utgifter                                      | 21 549           | 43 836              | 45 000               |
| Inntekter                                     | -29              | -253                | 0                    |
| Sum   | 21 520           | 43 583              | 45 000               |

### 4503 Bryne kyrkje

I perioden fram til og med 2018 er det sett av om lag 14,1 millionar kroner til rehabiliteringsarbeid og innkjøp av nye stolar til kyrkja i tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellesråd. Så langt er det rekneskapsført utgifter på 13,3 millionar kroner. Resterande midlar står på bundne fond øyremarka til Bryne kyrkje.

### 4510 Time kyrkje

I perioden fram til og med 2019 er det sett av i alt 6,4 millionar kroner til rehabiliteringsarbeid i tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellesråd. Så langt er det rekneskapsført utgifter på om lag 3 millionar kroner. Restløyving frå tidlegare år på 2,9 millionar kroner er avsett til bunde fond øyremarka til Time kyrkje.

### 4511 Time kyrkje – gravplass

Prosjektet gjeld kjøp av areal og opparbeiding av utvida gravplass ved Time kyrkje. Anleggsarbeidet skal vera ferdig til sommaren 2019.

| Kultur, idrett og friluftsliv                         | Regnskap<br>2018 | Rekneskap<br>hittil | Budsjett<br>Prosjekt |
|---|------------------|---------------------|----------------------|
| <b>Kultur</b>   |                  |                     |                      |
| <b>Prosjekt: 4309 Mindre ombygginger kulturygg</b>    |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 1 989            | 1 989               | 3 000                |
| Inntekter   | -21              | -21                 | 0                    |
| Sum   | 1 968            | 1 968               | 3 000                |
| <b>Prosjekt: 4454 Storstova</b>                       |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 1 084            | 1 084               | 1 000                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 1 084            | 1 084               | 1 000                |
| <b>Prosjekt: 4463 Bryne kino - utstyr</b>             |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 11 446           | 11 446              | 11 300               |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 11 446           | 11 446              | 11 300               |
| <b>Idrett</b>   |                  |                     |                      |
| <b>Prosjekt: 2248 Kvernallen</b>                      |                  |                     |                      |
| Utgifter  | -173             | 27 883              | 25 000               |
| Inntekter   | 0                | -7 000              | -7 000               |
| Sum   | -173             | 20 883              | 18 000               |
| <b>Prosjekt: 3800 Treningsfelt Bryne skule</b>        |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 2 174            | 2 174               | 2 100                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 2 174            | 2 174               | 2 100                |
| <b>Friluftsliv</b>                                    |                  |                     |                      |
| <b>Prosjekt: 5903 Utbetring leikeplassar</b>          |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 4 441            | 4 441               | 4 650                |
| Inntekter   | -900             | -900                | -900                 |
| Sum   | 3 541            | 3 541               | 3 750                |
| <b>Prosjekt: 5904 Turstiar og friluftsliv</b>         |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 193              | 193                 | 200                  |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 193              | 193                 | 200                  |
| <b>Prosjekt: 5925 Åsvatn - friluftsformål</b>         |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 543              | 663                 | 850                  |
| Inntekter   | 0                | 0                   | 0                    |
| Sum   | 543              | 663                 | 850                  |
| <b>Prosjekt: 5930 Lys Sandtangen - restutskifting</b> |                  |                     |                      |
| Utgifter  | 2 051            | 2 051               | 1 800                |
| Inntekter   | 0                | 0                   | -600                 |
| Sum   | 2 051            | 2 051               | 1 200                |

### 4309 Mindre ombyggingar kulturygg

I perioden 2018-2021 er det sett av i alt 3 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av kulturygg. Lokal utvikling fekk statusoversikt over utført arbeid i 2018 i LOK-sak 009/19.

### 4454 Storstova

Det er brukt vel 1 million kroner til nødvendig rehabiliteringsarbeid, samt utskifting og oppgradering av nødvendig teknisk utstyr i 2018.

### 4463 Bryne kino – utstyr

Det er kjøpt inn nytt kinoteknisk utstyr til nye Bryne kino for i alt 11,44 millionar kroner i 2018. Utstyret er kjøpt frå utlandet og då får ikkje kommunen momskompensasjon.

Manglande inntekter på 2,3 millionar kroner kjem derfor fram under fellesfinansieringsposten momskompensasjon.

#### **2248 Kvernallen**

Ny fleirbrukskall på Kvernaland er bygd og tatt i bruk i 2017. Byggeprosjektet var samordna med utvidinga av Frøyland skule. Meirutgifter i prosjektet må sjåast saman med tilsvarande mindreutgifter i prosjekt 2243 Frøyland skule. Byggerekneskapen for dei to prosjekta vil visa endelege kostnader.

#### **3800 Treningsfelt Bryne skule**

Det er anlagt nytt treningsfelt med kunstgras ved Bryne skule i 2018. Det er søkt om 600 000 kroner i spelemidlar til prosjektet.

#### **5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar**

Utbetring av leikeplassar/ballbingar i 2018 omtalt i LOK-sak 008/18, er det gjerve statusoversikt over i LOK-sak 009/19. Inntektene er forventa utbetaling av tilskot frå speleidlane. Fleire av dei utførte tiltaka dei siste åra er det så langt ikkje utbetalt og rekneskapsført speleidlalar for.

#### **5904 Turstiar og friluftsliv**

Gjennomførte og påbegynte tiltak i 2018 er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026».

#### **5925 Åsvatnet - friluftsformål**

Det er etablert badestrand og tilkomstveg til denne ved Åsvatnet i 2018.

#### **5930 Lys Sandtangen**

Den eldste og siste delen av lysa i Sandtangen som står att etter dei siste års oppgraderingar, er skifta ut i 2018. Tilskot frå speleidlane er ikkje mottatt og rekneskapsførte ennå.

| <b>Vegar, plassar, vatn og avløp</b>                                      | <b>Regnskap<br/>2018</b> | <b>Rekneskap<br/>hittil</b> | <b>Budsjett<br/>Prosjekt</b> |
|---|--------------------------|-----------------------------|------------------------------|
| <b>Prosjekt: 5500 VA strakstiltak og vassmålarar off nett</b>             |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 6 612                    | 7 333                       | 18 000                       |
| Inntekter   | -60                      | -60                         | 0                            |
| Sum   | 6 552                    | 7 273                       | 18 000                       |
| <b>Prosjekt: 5520 Line-Hognestad - vass- og avløpsanlegg</b>              |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 4 757                    | 38 567                      | 31 500                       |
| Inntekter   | -1 039                   | -8 963                      | -6 050                       |
| Sum   | 3 718                    | 29 604                      | 25 450                       |
| <b>Prosjekt: 5535 Ny renovasjonsordning</b>                               |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 202                      | 325                         | 1 500                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 202                      | 325                         | 1 500                        |
| <b>Prosjekt: 5550 Overvasstiltak - Bryne</b>                              |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 3 129                    | 8 423                       | 8 078                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 3 129                    | 8 423                       | 8 078                        |
| <b>Prosjekt: 5551 Overvasstiltak Rosseland - felleskummar</b>             |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 989                      | 7 698                       | 8 000                        |
| Inntekter   | -108                     | -180                        | 0                            |
| Sum   | 881                      | 7 518                       | 8 000                        |
| <b>Prosjekt: 5555 Trykkauke og reduksjonsstasjoner Mossige-Kvernaland</b> |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 3 404                    | 4 006                       | 3 900                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 3 404                    | 4 006                       | 3 900                        |
| <b>Prosjekt: 5557 Vassmålarar - innkjøp av husstandsmålarar</b>           |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 583                      | 583                         | 2 000                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 583                      | 583                         | 2 000                        |
| <b>Prosjekt: 5600 Bilar/maskinar - kjøp</b>                               |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 1 927                    | 1 927                       | 2 000                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 1 927                    | 1 927                       | 2 000                        |
| <b>Prosjekt: 5605 Sentrumstiltak</b>                                      |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 426                      | 426                         | 500                          |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 426                      | 426                         | 500                          |
| <b>Prosjekt: 5610 Trafikksikring</b>                                      |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 1 070                    | 1 070                       | 900                          |
| Inntekter   | -600                     | -600                        | -600                         |
| Sum   | 470                      | 470                         | 300                          |
| <b>Prosjekt: 5645 Utskifting av gatelys</b>                               |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 2 736                    | 7 400                       | 8 750                        |
| Inntekter   | -810                     | -813                        | 0                            |
| Sum   | 1 926                    | 6 587                       | 8 750                        |
| <b>Prosjekt: 5646 G/S-veg langs FV 208 Line-Hognestad</b>                 |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 4 308                    | 27 299                      | 18 450                       |
| Inntekter   | -90                      | -5 090                      | -5 000                       |
| Sum   | 4 218                    | 22 209                      | 13 450                       |
| <b>Prosjekt: 5656 Ny parkeringsordning Bryne</b>                          |                          |                             |                              |
| Utgifter  | 593                      | 5 758                       | 6 000                        |
| Inntekter   | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum   | 593                      | 5 758                       | 6 000                        |

| <b>Vegar, plassar, vatn og avløp</b>                         | <b>Regnskap<br/>2018</b> | <b>Rekneskap<br/>hittil</b> | <b>Budsjett<br/>Prosjekt</b> |
|--|--------------------------|-----------------------------|------------------------------|
| <b>Prosjekt: 5661 Kaizersplassen</b>                         |                          |                             |                              |
| Utgifter   | 1 963                    | 9 304                       | 7 000                        |
| Inntekter  | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum  | 1 963                    | 9 304                       | 7 000                        |
| <b>Prosjekt: 5662 Mølledammen nord og sør</b>                |                          |                             |                              |
| Utgifter   | 13 084                   | 31 444                      | 29 100                       |
| Inntekter  | -780                     | -2 544                      | -2 300                       |
| Sum  | 12 304                   | 28 900                      | 26 800                       |
| <b>Prosjekt: 5663 Shared space Reevegen</b>                  |                          |                             |                              |
| Utgifter   | 8 839                    | 15 729                      | 13 000                       |
| Inntekter  | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum  | 8 839                    | 15 729                      | 13 000                       |
| <b>Prosjekt: 5665 Storgata-gågate-gatebruks- og reg.plan</b> |                          |                             |                              |
| Utgifter   | 1 532                    | 1 705                       | 2 000                        |
| Inntekter  | 0                        | 0                           | 0                            |
| Sum  | 1 532                    | 1 705                       | 2 000                        |
| <b>Prosjekt: 5667 Parkeringsplassar for lading (6%)</b>      |                          |                             |                              |
| Utgifter   | 823                      | 823                         | 2 000                        |
| Inntekter  | -834                     | -834                        | 0                            |
| Sum  | -11                      | -11                         | 2 000                        |

## 5500 VA strakstiltak og vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vert defekt, samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet. Det er budsjettert med i alt 18 millionar kroner i perioden 2016–2021. Fram til og med 2018 er det rekeskapsført 7,3 millionar kroner.

## 5520 Line – Hognestad – vass- og avløpsanlegg

Prosjektet gjeld rehabilitering av vassleidningar og nytt avløpsanlegg på strekninga Line – Hognestad. Første del av prosjektet vart ferdigstilt i 2015. Andre og siste del vart ferdigstilt i februar 2018. Godkjend brutto løyving eksklusiv mva for heile prosjektet var 31,5 millionar kroner. Det var i tillegg budsjettert med 6,05 millionar kroner i anleggstilskot, tilknytingsavgifter og andre refusjonar.

Prosjektet ligg an til eit meirforbruk på 4,2 millionar kroner. Det vil verta lagt fram byggerekneskap for prosjektet i 2019.

## 5535 Ny renovasjonsordning

Det er i 2017 og 2018 brukt 325 000 kroner til innkjøp av nye større avfallsdunkar som følgje av at plastemballasjen frå 2019 skal inngå i restavfallet. Fleire avfallsdunkar og noko digitalisertingsverktøy innan renovasjonstenesta vil verta kjøpt inn i 2019. Dette mellom anna for å få ei meir serviceretta renovasjonsteneste for innbyggjarane og renovatørane.

## 5550 Overvasstiltak - Bryne

Dei siste åra er det utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvasstiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i

handlingsdelen av ny hovudplan for vatn og avløp. I 2018 er det utført ein omfattande analyse over overvassutfordringar i heile kommunen, noko som mellom anna vil danna grunnlag for framlegg til revidert arealdel til kommuneplanen i 2019. Føresegne til arealdelen når det gjeld overvassutfordringane i åra framover vil mellom anna verta betydeleg skjerpa.

#### **5551 Overvasstiltak Rosseland – felleskummar**

Det er dei tre siste åra skifta ut om lag 80 felleskummar på Rosseland som strakstiltak for å møta overvassutfordringane i området. Dette delprosjektet er nå ferdig og har hatt ein kostnad på 7,5 millionar kroner.

#### **5555 Trykkauke og reduksjonsstasjonar Mossige – Kvernaland**

Prosjektet gjeld etablering av to trykkaukestasjonar og ein reduksjonsstasjon på Kvernaland i tråd med føringar i ny hovudplan for vatn og avløp. Trykkaukestasjonane er ferdigstilte i 2018. Trykkreduksjonsstasjonen på Mossige vert ferdigstilte første halvår 2019. Prosjektet vil få nokre ekstrakostnader grunna uforutsett flytting av ein av stasjonane.

#### **5557 Vassmålarar – innkjøp av husstandsmålarar**

Det er kjøpt inn nye vassmålarar for utleige til husstandar for om lag 600 000 kroner i 2018. Samla sett er det avsett 2 millionar kroner til formålet over to år.

#### **5600 Bilar/maskinar**

Det er kjøpt inn nye bilar og anleggsmaskinar for 1,9 millionar kroner i 2018.

#### **5605 Sentrumstiltak**

Aktuelle sentrumstiltak i 2018 omtalt i LOK-sak 008/18, er det gitt statusoversikt over i LOK-sak 009/19.

#### **5610 Trafikksikring**

Gjennomføringa av aktuelle trafikksikringstiltak følger i hovudsak godkjend handlingsdel av «Trafikksikkerheitsplan 2016 – 2025» kvart år. Handlingdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. I 2018 er mellom anna ny gang- og sykkelveg Line–Hognestad ferdigstilt, jf. prosjekt 5646. I tillegg er det sett opp intensivbelysning ved om lag 15 fotgjengarovergangar. Det er rekneskapsført 600 000 kroner i inntekter som er utbetalt trafikksikringstilskot frå fylket for trafikksikringstiltak utførte i 2017.

#### **5645 Utskifting av gatelys**

Arbeidet med utskifting av gammal gatelysarmatur med LED-teknologi som følgje av krav frå vegstyresmaktene er i rute. Ved utgangen av 2018 er det nytta 6,7 millionar kroner netto til arbeidet av ei fleire års løyving på i alt 8,75 millionar kroner.

#### **5646 G/S-veg langs FV 208 Line – Hognestad**

Prosjektet gjeld ny gang- og sykkelveg langs FV 208 Line – Hognestad. Anleggsarbeidet er samordna med siste delen av vass- og avløpsanlegget langs same strekninga. Arbeidet er ferdigstilt. Det er mottatt 5 millionar kroner i trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen til prosjektet. Me fekk store utfordringar med siste del av g/s-vegen (100 meter) som måtte byggjast i ny trase med påfølgjande store masseutskiftingar.

Prosjektet er bokført med eit netto meirforbruk på 8,8 millionar kroner. Det vil verta lagt fram

eige rekneskap for prosjektet i 2019 der vil det verta gått meir inn på kvifor prosjektet er så dyrt samanlikna med budsjettet.

#### 5656 Ny parkeringsordning Bryne

Til innkjøp og oppsetting av skilt og betalingsautomatar for parkeringsordninga er det gått med 5,8 millionar kroner ved utgangen av 2018. Samla løyving er på 6 millionar kroner.

#### 5661 Kaizersplassen

Kaizersplassen er opparbeidd og tatt i bruk. Rekneskapen viser meirutgifter på 2,3 millionar kroner. Anleggsrekneskap vert lagt fram for godkjenning i 2019.

#### 5662 Mølledammen nord og sør

Oppgraderinga av Mølledammen er ferdigstilt. Rekneskapen viser meirutgifter på 2,1 millionar kroner. Meirforbruket vert redusert med nettoinntekter frå Møllehagen restaurant på om lag 0,9 millionar kroner. Anleggsrekneskap vert lagt fram for godkjenning i 2019. Budsjett er ikkje justert etter FSK 092/18.

#### 5663 Shared space Reevegen

Shared space i Reevegen er ferdigstilt. Rekneskapen viser meirutgifter på 2,7 millionar kroner. Anleggsrekneskap vert lagt fram for godkjenning i 2019

#### 5665 Storgata – gågate – gatebruksplan og reguleringsplan

Planarbeidet for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate er i hovudsak ferdig ved utgangen av 2018. Planane vert lagde fram for politisk godkjenning 1. halvår 2019.

#### 5667 Parkeringsplassar for lading

6 p-plassar for lading av el-bilar er på plass mellom rådhuset (bygg C) og Storstova. Prosjektet er utført i samarbeid med Lyse og mellom anna tilskot frå Enova. Alle utgifter er ikkje rekneskapsførte ved utgangen av 2018, men netto prosjektkostnader er venta å verta om lag ein million kroner.

### 7.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2018

| Prosjekt | Tiltak  | Kostnad             | Merknad  |  |
|----------|---|---------------------|--|--|
| 1209     | Redusera spesifikk energibruk i rådhuset med 15 % |                     |  |  |
|          | Ombygging i C-bygget med skifte av vindauge       | 42 millionar kroner | Ferdig   |  |
|          | Omlegging til bioenergibasert varme               | 5 millionar kroner  | Ferdig i 2017. Manglar litt tilpasningar/justeringer |  |
|          | Sivdamsenteret og Sivdamheimen                    |                     | Bytta aggregat som har roterande gjenvinnarar i 2017 |  |
|          | Ombygging i A-bygget med m.a. skifte av vindauge  | 17 millionar kroner | Ferdig i 2017  |  |

| Prosjekt | Tiltak   | Kostnad                 | Merknad   |
|----------|--|-------------------------|---|
| 1213     | <i>Installert/sentralisert SD-anlegg* i kommunale bygg</i> | 20 millionar kroner     | Løyvinga går over 10 år fra 2011                  |
|          | Omsorgsbustader Svertingstad                               |                         |   |
|          | Kvernaland omsorgsenter                                    |                         |   |
|          | Bryne skule  |                         |   |
|          | Frøyland skule   |                         | Utvila skule og fleirbrukshall i 2017             |
|          | Lye skule  |                         |   |
|          | Rosseland skule  |                         |   |
|          | Hognestad skule  |                         | Bytta ut aggregat i sløydsal i 2016               |
|          | Rådhuset   |                         | Installert energimålar i 2016                     |
|          | Sivdamsentret  |                         |   |
|          | Sivdamheimen   |                         | Bytta ut bassengaggregat i 2016                   |
|          | Bryneheimen  |                         | Bytta ut tre aggregat til eitt i 2016             |
|          | Storstova  |                         | Installert energimålar i 2016                     |
|          | Bryne Mølle  |                         | SD-anlegg i 2016                                  |
|          | Bryne kompetansesenter                                     |                         |   |
|          | Bryne ungdomsskule   |                         |   |
|          | Vesly idrettsbarnehage                                     |                         |   |
|          | Kvernaland barnehage                                       |                         |   |
|          | Ådalen barnehage   |                         |   |
|          | «Skatt Vest» bygget  |                         | SD-anlegg i 2016                                  |
|          | Bryne brannstasjon   |                         | SD-anlegg i 2016                                  |
|          | Ny energisentral   |                         | SD-anlegg i 2016                                  |
|          | Maurtua barnehage  |                         | SD-anlegg i 2017                                  |
|          | Undheim skule  |                         | SD-anlegg i 2017                                  |
|          | Røyrvika bufellesskap                                      |                         | SD-anlegg i 2017                                  |
|          | Monsanut barnehage   |                         | SD-anlegg i 2017 (mangler nett)                   |
|          | Austbø barnehage   |                         | SD-anlegg i 2018                                  |
|          | Nyland barnehage   |                         | SD-anlegg i 2018                                  |
|          | Undheim skule  |                         | SD-anlegg i 2018                                  |
|          | Rosseland bygg D   |                         | SD-anlegg i 2018                                  |
|          | Timehallen   |                         | SD-anlegg i 2018                                  |
|          | Sivdamsenteret   |                         | Varmestyring i 2018                               |
|          | Lyefjell barnehage   |                         | SD-anlegg i 2018                                  |
|          | Rådhuset/Sivdamområde                                      |                         | Energimålarar i 2018                              |
|          | Undheim skule  |                         | Bytta aggregat heimkunskap i 2018                 |
|          | Bryne Mølle  |                         | Bytta aggregat kafé/utstilling i 2018             |
|          | Bryne Mølle  |                         | Ny brannventilasjon i 2018                        |
|          | Kontorbrakke på Håland                                     |                         | Ny ventilasjon i 2018                             |
|          |  |                         |   |
|          |  |                         | <i>Det vert montert SD-anlegg i alle nye bygg</i> |
|          | Tilsett klimateknikar                                      | 0,7 millionar kroner/år |   |
| 1212     | <i>Garderobar i rådhuset for sykling til arbeid</i>        | 1 million kroner        |   |

| Prosjekt | Tiltak   | Kostnad          | Merknad |  |
|----------|--|------------------|---------|--|
|          | <i>Etablera 6 P-plassar for lading av elbilar ved rådhuset</i> | 1 million kroner |         | Etablert i 2018                            |
|          | <i>ENØK-tiltak</i>   |                  |         | Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2 |
|          | <i>Tiltak innanfor plan og forvaltning</i>                     |                  |         | Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2 |

\*SD-anlegg = Sentraldriftsovervakingsanlegg for m.a. ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg, samt lys og anna teknisk infrastruktur.

Det er også utført installasjon av energimålarar til bygg i rådhusområdet som vert vist i SD-anlegget og kan brukast i energioppfølgingssystemet (EOS). Utviding av EOS er også utført i 2016.

Time kommune deltar i «Klimanettverk Jæren». Dette er eit forum for utveksling av idear og samarbeid om rullering av nye klimaplanar.

# 8 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Resultat med tilhøyrande kommentar til følgjande undersøkingar:

## Introduksjonsprogrammet

|                   | Snitt Time<br>2018 | Snitt Rogaland<br>2018 | Snitt Norge<br>2018 |
|-------------------|--------------------|------------------------|---------------------|
| Brukarundersøking | 3,6                | 3,3                    | 3,2                 |

Kjelde: Bedre kommune. 6 best, 1 dårligast

Resultatet frå brukarundersøkinga ligg over både snittet i fylket og i landet. Det er viktig at kommunen held fram med å leggja best mogleg til rette for individuelle løysingar og tiltak for deltakarane i introduksjonsprogrammet, slik at vegen mot arbeid eller utdanning vert målretta og effektiv.

I alt 40 introduksjondeltakrar vart inviterte til å svara på brukarundersøkinga. Det kom inn 33 svar. Svarprosenten var såleis 82,5%, mot 39,3 % for landet.

## Kulturskule

|                    | Snitt Time<br>2016 | Snitt Time<br>2018 | Snitt<br>Rogaland<br>2018 | Snitt Norge<br>2018 |
|--------------------|--------------------|--------------------|---------------------------|---------------------|
| Elevar 8. trinn    | 5,5                | 5,4                | 5,4                       | 5,3                 |
| Foreldre/føresette | 5,3                | 5,3                | 5,2                       | 5,1                 |

Kjelde: Bedre kommune. 6 best, 1 dårligast

Tala i framstillinga representerer eit snitt av fleire ulike indikatorar, som omhandlar resultat for brukaren, trivsel, brukarmedverknad, respektfull behandling og tilgjengeleghet.

Totalresultat for Time kulturskule er godt, og over landsgjennomsnittet. Det er gledeleg at høgaste resultat hos både elevar og føresette er på «Respektfull behandling» og «Trivsel». Elevane sjølv meiner dei får påverke, ettersom brukarmedverknad skårar høgt.

## Miljøtenester

|                   | Snitt Time<br>2018 | Snitt Rogaland<br>2018 | Snitt Norge<br>2018 |
|-------------------|--------------------|------------------------|---------------------|
| Brukarundersøking | 4,8                | 5                      | 5                   |

Kjelde: Bedre kommune. 6 best, 1 dårligast

Kommunen skårar godt i nokre delar av undersøkinga, som på kvalitet, tryggleik, omsorg og respekt. Samstundes trekk resultata innan iverksetting av tiltak, informasjon om vedtak og tenestane, og medbestemming, ned gjennomsnittskåren. Kommunen vil nytta undersøkinga til å laga ein handlingsplan i lag med tilsette og brukarar.

## **Undervisning**

|                     | <b>Snitt Time<br/>2018</b> | <b>Snitt Rogaland<br/>2018</b> | <b>Snitt Norge<br/>2018</b> |
|---------------------|----------------------------|--------------------------------|-----------------------------|
| Elevundersøking     | 4,0                        | 4,0                            | 4,0                         |
| Foreldreundersøking | 4,4                        | 4,3                            | 4,3                         |

Kjelde: Utdanningsdirektoratets rapportportal, 5 best, 1 dårligast.

Tala i framstillinga representerer eit snitt av fleire ulike indikatorar. Elevundersøkinga syner elevane si subjektive oppleving av eige læringsmiljø. Tilsvarande syner foreldreundersøkinga eit bilde av føresette si oppleving. Begge undersøkingane er ei sentrale kjelder til kunnskap om læringsmiljø i arbeid med skuleutvikling, og gjennomførast årleg om hausten.

Tala visere god utvikling på dei fleste områdane. Time kommune opprettheld låge tal knytt til mobbing og opplevd krenking, noko som støttar vidare satsing.

Sjå til [Tilstandsrapport for Jærskulen 2018](#) for fleire detaljar kring elevanes læringsmiljø.

# 9 Status politiske vedtak 2018

## 9.1 Politiske vedtak 2018

Oversikten nedanfor viser eit utval av politiske vedtak i 2018. Det som førte til særskilt oppfølging frå administrasjonen si side, men som ikkje vart fullførte i løpet av året, er tatt med i oversikten. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2018.

| Saksnummer/sak   | Status  |
|--|---|
| KS 002/18 Revisjon av barnehagebruksplan 2016-2024   |   |
| «3. Ny barnehagebruksplan vert lagt fram for kommunestyret i 2020.<br>4. Ny barnehagebruksplan, i 2020, skal ta stilling til barnehagestrukturen i kommunen»   | Forarbeid til ny barnehagebruksplan startar våren 2019. Saka kjem til politisk behandling tidleg i 2020   |
| KS 020/18 Skulebruksplan 2018-2025   |   |
| «2. Kommunestyret ber rådmannen fremja sak om nødvendige forskrifter for skulekrinsar i Time kommune.<br>3. Kommunestyret ber rådmannen fremja eiga sak om lokalisering av kulturskulen etter at moglegheitsstudie for nye Storstova er ferdig.<br>4. Kommunestyret ber rådmannen fremja eiga sak om framtidig løysing for ATO-tilbodet etter at eksisterande avtale er vurdert saman med Klepp kommune.<br>(...)<br>7. Revidert skulebruksplan skal leggjast fram for kommunestyret i 2020» | 2. Sak om nødvendige skulekrinsar vert lagt fram våren 2019<br><br>3. Sak skal begynnast på når moglegheitsstudie for Storstova er lagt fram.<br><br>4. Prosess knytt til framtidig løysing «ATO-tilbod» startar våren 2019<br><br>7. Forarbeid til ny skulebruksplan startar hausten 2019. Saka kjem til politisk behandling i 2020. |
| KS 022/18 Årsrapport og rekneskap 2017   |   |
| «Heretter skal årsmeldingane ha med eit underkapittel om barnefattigdom. Her skal samlast alle relevante opplysningar som er tilgjengelege»  | Årsrapport for 2018 vil innehalda informasjon om barnefattigdom under kapittelet «Folkehelse». Dette er òg innarbeidd i økonomiplanen for 2019-2022   |
| KS 023/18 Plan 0489.00: Områdereguleringsplan for område for felles ungdomsskole med Klepp med tilliggende bolig- og friområder i Morenefaret i Vardheia   |   |
| «2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom grunneier/utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent områdereguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg som har fellesfunksjoner for de ulike utbyggingsområdene innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen»           | Det er utarbeidd og forhandla fram «Kostnadsfordelingsavtale» mellom grunneigarar og kommunen i 2018. Avtaleutkastet vert lagt fram for politisk godkjenning tidleg i 2019  |
| KS 027/18 Interpellasjon – yrkesretta praksis i ungdomsskulen  |   |
| «Time kommune skal leggje til rette for meir yrkesretta-praktisk opplæring, fortrinnsvis som ei  | Sak om meir yrkesretta-praktisk skule vert lagt fram våren 2019.  |

| Saksnummer/sak  | Status  |
|---|---|
| eiga linje, ved Vardheia ungdomsskule, blant anna gjennom praksisretting av undervisingsfaga og lokal fridom til å laga valfag. Rådmannen kjem difor i løpet av andre halvår 2018 med ei sak som beskriv forslag til tiltak, for å få ein meir praktisk skule»  |   |
| KS 032/18 Plan 0496.00: Detaljregulering for Røsslyngvegen, Bryne   |   |
| «2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av bestemmelsene til reguleringsplanen»  | Utkast til utbyggingsavtale for Røsslyngvegen inngår i utbyggingsavtalen for heile Stadionområdet, dvs mellom tre private utbyggjarar og kommunen. Avtaleutkast føreligg ved utgangen av 2018 og vil verta lagt fram for politisk godkjenning første halvår 2019. |
| KS 034/18 Prosjekt 2242 og 2249: Felles ungdomsskule og idrettshall for Klepp og Time i Vardheia. Romprogram, kostnadsramme og framdriftsplan   |   |
| «8. Time kommunestyre ber om at det så tidleg som mogleg vert sett ned eit utval for brukarmedverknad som skal jobba med universell utforming i forhold til høyrsel, syn, bevegelse og astma/allergi»   | Vil verta effektuert når totalentreprenør er valt første kvartal 2019   |
| KS 046/18 Plan 0491.00: Detaljregulering for Kvernaland Torg, Kvernaland  |   |
| «2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen» | Forhandlingar om utbyggingsavtale starta i slutten av 2018.   |
| KS 053/18 Evaluering av parkeringsløysing for kommunale parkeringsplassar og gateparkering i Bryne sentrum som tok til å gjelde frå 01.01.2017  |   |
| «2. Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ei sak kring årsskiftet 2018/19 der ein samla tek stilling til pågåande prosessar som har sitt utspring i handlingsdelen i sentrumsplanen, samt «Utbyggingspakke Jæren», omtalt under Konklusjon i saksframlegget»  | Saka vert lagt fram i 2019, dvs gatebruksplan og reguleringsplan for Storgata som gågate, når kommunen mottar fullstendige opplysningar om «Fjellhallprosjektet» i Bryne.   |
| KS 54/18 Revidering av Handlingsplan for lokaldemokrati 2018 - 2020   |   |
| «3. Tiltak for å styrkja ungdom sin medverknad vert greidde ut innan våren 2019»  | Sak om oppretting av ungdomsråd, jf. ny kommunelov, vert lagt fram i juni 2019 for kommunestyret.   |
| KS 062/18 Nye idrettshallar i regi av Bryne FK  |   |
| «2. Avtalen mellom Time kommune og Bryne fotballklubb skal søka å begrensa kommunen sin risiko for at garantiansvaret vert gjort gjeldande og synleggjering av at drifta av Jærhallen AS inkl. avtalar går i balanse, og leggjast fram for formannskapet for endeleg godkjenning»   | Avtalen vil verta lagt fram for politisk behandling våren 2019.   |

| Saksnummer/sak   | Status   |
|--|--|
| KS 065/18 Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Rogaland Brann og Redning IKS  |  |
| «Rapporten vert vidaresendt eigarar og styre/administrasjon i Rogaland Brann og Redning IKS for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og anbefalingar. Tilbakemelding til kommunestyret om korleis rapporten er følgt opp vert gitt via kontrollutvalet ca 6 månader etter at rapporten er behandla i alle eigarkommunane»  | Er venta første halvår 2019.   |
| KS 072/18 Utgreiing om mogleg samanslåing av flyktningstenestene i Klepp og Time, samt Bryne kompetancesenter  |  |
| «3. Utkast til administrativ vertskommuneavtale med Time kommune som vertskommune og premissar for verksemdsoverdraging vert lagt fram for kommunestyra i Klepp og Time for godkjenning i løpet av 1. halvår 2019»   | Samanslåing og samorganiseringsprosessen av flyktningstenestene er i gang. Vertskommuneavtale vert utarbeidd og lagt fram for politisk godkjenning i 2019. |
| KS 073/18 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022  |  |
| «15. Time kommunestyre ber om å få framlagt ei sak om klimarekneskap for kommunen i løpet av våren 2019»   | Vert utarbeidd og lagt fram for politisk behandling i juni 2019.   |
| KS 076 Plan 0499.00: Detaljregulering for bolig og næring i Solbergkvartalet, Bryne  |  |
| «2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av bestemmelsene til reguleringsplanen» | Forhandlingar om utbyggingsavtale vil starta opp tidleg i 2019.  |
| KS 081/18 Utleige av kulturbygg - prisar og tilskot  |  |
| «3. Time kommunestyre ber administrasjonen å kome tilbake med ei sak tidleg på våren 2019 der det blir belyst: Kva betingelser har Time kulturskule og andre virksomheter i kommunen?»   | Politisk sak er under utarbeiding og vil verta lagt fram for behandling første halvår 2019.  |
| KS 082/18 Nye Storstova - status og vegen vidare   |  |
| «2. Ny sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova vert lagt fram til politisk behandling i 2019»   | Vert følgt opp i 2019 ut frå vedtaket her og moglege nye politiske signal om prosjektet i 2019.  |
| KS 084/18 Rapport forvaltningsrevisjon - Oppfølging av planar  |  |
| «Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak»  | Det vert gjeve tilbakemelding til kommunestyret 1. halvdel av 2019 om oppfølging av rapporten.   |
| KS 87/18 Interpellasjon - Barnetrygda som inntekt før tildeling av sosialstønad  |  |
| «Kommunestyret ber om at rådmannen utarbeider ei sak om å ta vekk barnetrygda frå berekningsgrunnlaget for sosialhjelp»  | Det vert utarbeidd felles politisk sak for behandling i Klepp og Time i juni 2019  |

| Saksnummer/sak   | Status   |
|--|--|
| KS 088/18 Prinsippavklaring for berekning av % BRA i kommunedelplan for Bryne sentrum 2015 - 2026  |  |
| «1. Kommunestyret ber rådmannen vurdere endringer i Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015 - 2026 sin bestemmelse pkt. 8.2 for å sikre at alle intensjoner i sentrumsplanen kan oppfylles, og samtidig om BRA for parkering på eller under bakken skal inkluderes i %-BRA for de ulike planene.<br>2. Kommunestyret ber om at rådmannen legger de samme vurderinger til grunn i den videre behandlingen av plan 0512, jf. LOK.sak 075/18» | Politisk sak vert lagt fram 1. kvartal 2019.                   |
| FSK 002/18 Utbygging av fjellhall i Bryne  |  |
| «5. Sak med nødvendige avklaringer og avtaler planlegges lagt frem politisk våren 2018»  | Jf. kommentarar til KS 053/18                                  |
| LEV 056/18 Utredning av behov og muligheter for interkommunalt samarbeid i omsorg  |  |
| «Levekår gir rådmannen mandat til å utrede behov og muligheter for et interkommunalt institusjonstilbud for innbyggere med demens og store skjermingsbehov samt et interkommunalt botilbud for eldre innbyggere med nedsatt boevne på grunn av sine rus- og/eller psykiske vansker, i samarbeid med Klepp kommune»   | Saka er under utgreiing og er venta ferdig andre halvdel 2019. |
| LEV 059 Tilbakemelding - Bruk av Timehallen og Lyehallen i mai og juni 2018  |  |
| «4. Levekår ønsker å få ei sak på om det er mogleg å gjøre denne ordninga gjeldande heile året, mot at idrettslaget får ei økonomisk støtte for jobben»  | Sak vert lagt fram våren 2019.                                 |

## 9.2 Politiske vedtak før 2018

Politiske vedtak frå 2014-2017 som hadde ein uavklart status i Årsrapport 2017, og som ikkje vart fullførte i 2018, er tatt med i oversikta under. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2018.

| Saksnummer/sak  | Status   |
|---|--|
| KS 014/17 Legevaktordning for Klepp og Time   |  |
| «Time kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starta utarbeiding av grunnlag for vertskommunesamarbeid etter § 28 b i kommunelova om daglevakt med Sandnes legevakt. Målet er oppstart den 01.01.18». | Venter på avklaringar som vil koma i rettleiar til akuttmedisinforskrifta i 2019.  |
| KS 024/17 Plan 0453.00: Detaljregulering for Meieritomta, Bryne sentrum   |  |
| «Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen.                             | Utkast til utbyggingsavtale er sendt til forslagsstillar september 2017. Den ligg fortsatt hos forslagsstillar ved utgangen av 2018. |

| Saksnummer/sak   | Status  |
|--|---|
| Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen».  |   |
| KS 032/17 Plan 0457.00: Detaljregulering for boliger nord for Bruavegen, Undheim<br>«2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen»  | Utkast til utbyggingsavtale er utarbeidd. Sluttforhandling om utkastet er ikke avslutta ved utgangen av 2018. |
| KS 033 Plan 0495.00: Detaljregulering for boliger øst for Undheim kapell, Undheim<br>«2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen» | Utkast til utbyggingsavtale er utarbeidd. Sluttforhandling om utkastet er ikke avslutta ved utgangen av 2018. |
| KS 060/17 Framtidig organisering og utvikling av Rogaland Arboret og Stavanger botaniske hage<br>«3. Sak om endelig valg av organisering/selskapsform sammen med plan for oppfølging av samarbeidsavtalen med UiS fremmes for godkjenning innen utgangen av 1. halvår 2018»  | Endeleg sak om framtidig interkommunalt samarbeid er utsett og vil venteleg koma i løpet av 2019.             |
| KS 064/17 Opptak av nye eigarar i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA)<br>«3. Det igangsettes arbeid med å gjennomgå de formelle sidene ved selskapsavtalen slik det er redegjort for i denne saken. En endelig oppdatert selskapsavtale og forslag til eierstrategi for selskapet fremmes for endelig godkjenning i 2018»  | IKA er ikke ferdig med saka og den er rekna å koma til behandling i 2019.                                     |
| FSK 061/17 Gatebruksplan for Bryne og regulering av Storgata til gågate<br>«2. Time formannskap ber rådmannen starte arbeidet med å regulere Storgata til gågate»  | Reguleringsarbeidet er satt i gang. jf. KS 053/18.  |
| LEV 061/17 Tjenesteanalyse barnevern   |   |

| Saksnummer/sak  | Status  |
|---|---|
| «2. Foreslårte tiltak iverksettes og evalueringen av tiltakene legges frem som sak for Levekår høsten 2018»   | Levekår vil få tilbakemelding på evalueringa i løpet av 2019.   |
| KS 020/16 Plan 0458.00: Detaljregulering for boliger og barnehage sør for Brøytvegen, Håland  |   |
| «2. Det er en forutsetning for utbyggingen av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen»                    | Utkast til utbyggingsavtale er utarbeidd. Sluttforhandling om utkastet er ikke avslutta då aktuell barnehage ikke er aktuell å bygga. Omreguleringsarbeid for området pågår |
| KS 040/16 Avtale med Jæren Skoglag as om tilrettelegging for friluftsliv  |   |
| «3. Gjeldende «Forskrift om friluftsaktivitetar i Njåskogen» satt i kraft fra 1999 blir vurdert og revidert når ny «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet» er endelig vedtatt» | «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet» vart godkjend i KS-002/17. Revidert «Forskrift om friluftsaktivitetar i Njåskogen» er under arbeid.            |
| KS 070/16 Plan 0443.00: Detaljregulering for Bryne Stadion samt boligområde sør for stadion   |   |
| «3. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen»                      | Utkast til utbyggingsavtale er utarbeidd. Sluttforhandling om utkastet er ikke avslutta ved utgangen av 2018.   |
| KS 011/14 Evaluering av prosjektet utlysing og sal av åtte sjølveigarbustadar på Lyefjell i 2013  |   |
| «Kommunestyret ber rådmannen om å arbeida vidare med tilsvarende prosjekt for prioriterte målgrupper på høvelege bustadområder i kommunen»  | Det er nå tilgjengeleg opparbeidd kommunalt tomteareal på Re og Lye. Det vil verta utarbeidd eiga politisk sak i 2019 der aktuelle areal vert vurderte for formålet.        |
| KS 042/14 Bompengepakke Jæren 2 – Mandat og styringsgruppe  |   |
| «Time kommune legg til grunn at ei konkretisering av Utbyggingspakke Jæren vert lagt fram til politisk behandling i Time kommunestyre innan sommaren 2015»  | Kjem før sommaren 2019.   |

# 10 Nøkkeltal

## 10.1 Oppvekst

### 10.1.1 Barnehagar

|  | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   |
|--|--------|--------|--------|--------|
| <b>Brukarar</b>  |        |        |        |        |
| % av barn 1-2 år med barnehageplass                                      | 72,4   | 75,8   | 77,8   | 81,6   |
| % av barn 3-5 år med barnehageplass                                      | 96,0   | 96,2   | 96,6   | 94,9   |
| Barn busett i Time med plass i andre kommunar                            | 45     | 40     | 44     | 41     |
| Barn frå andre kommunar med plass i Time                                 | 12     | 13     | 9      | 10     |
| <b>Kvalitet</b>  |        |        |        |        |
| % pedagogiske leiarar med godkjent utdanning i kommunale bhg             |        | 85,4   | 97,2   | 94,2   |
| % pedagogiske leiarar med godkjent utdanning i private bhg               |        | 86,7   | 80,5   | 80,6   |
| Barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale bhg | 6,2    | 6,2    | 6,2    | 5,9    |
| Barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i private bhg   | 6,4    | 6,4    | 6,3    | 6,2    |
| Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet i kommunale bhg | 13 129 | 13 158 | 13 109 | 12 619 |
| Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet i private bhg   | 13 542 | 13 406 | 13 326 | 13 053 |
| Prosent barn som får ekstra ressurser, private og kommunale bhg          | 2,7    | 4,7    | 3,0    | ..     |
| Prosent av barnehagane som oppfyller pedagogognormen                     |        |        |        | 38,9   |
| Prosent av barnehagane som oppfyller pedagogognormen m/dispensasjon      |        |        |        | 61,1   |
| Leike- og opphaldsareal per barn i kom. barnehage, m <sup>2</sup>        | 5,4    | 5,3    | 5,4    | 5,5    |
| Leike- og opphaldsareal per barn i priv. barnehage, m <sup>2</sup>       | 4,4    | 4,5    | 4,4    | 4,4    |
| <b>Medarbeidarar kommunale barnehagar</b>                                |        |        |        |        |
| Årsverk <sup>1)</sup>  | 178,9  | 172,9  | 165,4  | 167,5  |
| Sjukefråvær %  | 7,8    | 6,2    | 7,0    | 8,6    |
| Årsverk i faste stillingar som har slutta, %                             | 4,9    | 2,4    | 2,7    | 3,4    |
| <b>Økonomi kommunale barnehagar</b>                                      |        |        |        |        |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett                             | 1,5    | 0,3    | 1,2    | -1,3   |
| Brutto driftsutgifter per oppholdstime <sup>2)</sup>                     | 48,0   | 50,0   | 53,0   | 53,0   |
| Brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage, 1000 kr             |        |        |        |        |

|   | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  |
|---|-------|-------|-------|-------|
| - Opphald og stimulering                            | 144,9 | 150,7 | 160,7 | 167,3 |
| - Lokale  | 13,3  | 15,9  | 17,6  | 20,0  |
| - Ekstratiltak <sup>3)</sup>                        | 15,0  | 15,1  | 16,0  | 15,9  |
| Nto. driftsutg, mill. kr                            | 84,0  | 85,8  | 85,9  | 86,5  |
| - Per opphaldstime, kr                              | 38,1  | 41,2  | 41,8  | 44,5  |
| <b>Økonomi i private barnehagar</b>                 |       |       |       |       |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett (nto.) | 0,7   | -2,5  | -3,0  | -1,9  |
| Kommunalt tilskott i alt, mill. kr                  | 72,5  | 76,3  | 79,4  | 82,7  |
| - Per opphaldstime, kr                              | 41,6  | 43,2  | 44,9  | 49,0  |

1) årsverk etter 2015 inkl. ikkje PPT og hjelpetiltak

2) Opphaldstimar vert vekta med seks md. året før og fem md. inneverande år

3) Per opphaldstime i kommunale og private barnehagar samla.

## 10.1.2 Undervisning

|   | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  |
|---|-------|-------|-------|-------|
| <b>Brukantar</b>  |       |       |       |       |
| Elevar i kommunale barneskular  | 1 775 | 1 853 | 1 871 | 1 914 |
| Elevar i kommunale ungdomsskular  | 720   | 684   | 681   | 655   |
| Sum elevar i Timeskulen <sup>4)</sup>   | 2 495 | 2 520 | 2 552 | 2 569 |
| Elevar frå Time i private skular  | 54    | 48    | 71    | 73    |
| <b>Kvalitet</b>   |       |       |       |       |
| Gruppestorleik 2  | 18,0  | 18,5  | 17,7  | 17,6  |
| Elevar per gruppe 1.-4. trinn <sup>1)</sup>                                   | 14,5  | 14,7  | 13,9  | 13,8  |
| Elevar per gruppe 5.-7. trinn <sup>1)</sup>                                   | 13,7  | 14,1  | 13,4  | 14,4  |
| Elevar per gruppe 8.-10. trinn <sup>1)</sup>                                  | 15,2  | 16,2  | 15,7  | 15,4  |
| Elevar som får spesialpedagogisk hjelp i %                                    | 9,4   | 7,2   | 6,9   | 6,6   |
| Gjennomsnittlege grunnskulepoeng  | 42,3  | 41,3  | 41,6  | 25,9  |
| Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)      | 70,5  | 67,0  | 77,9  | 72,5  |
| Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)     | 76,5  | 66,0  | 77,3  | 73,7  |
| Karakterar avgangsprøve (1-6, 6 best)   |       |       |       |       |
| - Norsk hovudmål  | 3,4   | 3,3   | 3,2   | 3,3   |
| - Matematikk  | 3,3   | 3,6   | 3,6   | 3,6   |
| - Engelsk   | 3,4   | 3,5   | 3,7   | 3,4   |
| Prosent elevar med direkte overgang frå grunnskule til videregåande opplæring | 98,0  | 98,4  | 98,0  | 99,2  |
| <b>Medarbeidrarar</b>   |       |       |       |       |
| Årsverk   | 251,0 | 257,0 | 265,7 | 271,0 |
| Undervisningsårsverk  | 187,3 | 184,4 | 194,4 | 192,9 |
| Sjukefråvær %   | 5,6   | 5,2   | 5,7   | 6,0   |
| Årsverk i faste stillingar som har sluttat, % <sup>2)</sup>                   | 4,2   | 5,7   | 4,5   | 4,7   |
| <b>Økonomi</b>  |       |       |       |       |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett                                  | -1,2  | 0,3   | 0,1   | -0,3  |
| Brutto driftsutgifter per elev, 1000 kr                                       | 84,9  | 88,3  | 91,5  | 94,4  |
| Elevar per undervisningsårsverk   | 13,3  | 13,8  | 13,1  | 13,3  |
| Elevar per årsverk <sup>3)</sup>  | 9,0   | 8,5   | 9,6   | 9,5   |



1) Indikatoren viser rekna gjennomsnittleg gruppestørrelse ved å sjå på forholdet elevtimar/lærartimar. Alle undervisningstimar er rekna med, inkludert spesialundervisning og ekstra timar til grunnleggjande norsk.

2) Gjennomsnitt av alle tilsette i skular, vaksenopplæring og SFO

3) Tal på elevar ift. både undervisningspersonale, miljøterapeutar og assistenter

4) Tala for 2016 er redusert med 17 som var asylsøkjalar

Gruppestørlek 2: talet på undervisningstimar minus timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring



### 10.1.3 Skulefritidsordning

|  | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   |
|--|--------|--------|--------|--------|
| <b>Brukarar</b>                              |        |        |        |        |
| Elevar i SFO                                 | 507    | 504    | 516    | 515    |
| % elevar som har 100 % plass                 | 44,9   | 39,4   | 42,1   | 36,9   |
| % av barn 6-9 år i SFO                       | 45,3   | 43,2   | 43,4   | 43,7   |
| <b>Medarbeidarar</b>                         |        |        |        |        |
| Årsverk                                      | 24,0   | 23,8   | 25,6   | 25,5   |
| Sjukefråvær %                                | 8,4    | 7,7    | 7,8    | 7,3    |
| Årsverk i faste stillingar som har slutta, % | 3,3    | 3,4    | 11,8   | 4,7    |
| <b>Økonomi</b>                               |        |        |        |        |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett | 39,3   | 4,1    | 25,2   | 29,4   |
| Brutto driftsutgifter per barn i SFO, kr     | 26 952 | 28 735 | 28 086 | 28 132 |

### 10.1.4 Pedagogisk psykologisk teneste PPT

|  | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   |
|--|--------|--------|--------|--------|
| <b>Brukarar</b>                                  |        |        |        |        |
| Saker i arbeid i barnehage/skuleåret per 31 des. | 509    | 518    | 490    | 418    |
| -Barn 0-5 år                                     | 74     | 72     | 79     | 64     |
| -Barn 6-15 år                                    | 422    | 425    | 408    | 336    |
| -Barn 16-19 år                                   | 13     | 21     | 3      | 0      |
| -Vaksne 20+ år                                   |        |        |        | 18     |
| -Gutar   | 327    | 328    | 322    | 265    |
| -Jenter  | 182    | 190    | 168    | 135    |
| Nye tilvisingar i barnehage/skuleåret            | 149    | 153    | 147    | 39     |
| Saker på venteliste                              | 22     | 63     | 14     | 0      |
| <b>Medarbeidarar</b>                             |        |        |        |        |
| Årsverk  | 8,4    | 8,4    | 8,4    | 8,9    |
| Sjukefråvær %                                    | 7,9    | 14,9   | 6,5    | 6,0    |
| Årsverk i faste stillingar som har slutta, %     | 0,0    | 12,0   | 23,8   | 5,6    |
| <b>Økonomi</b>                                   |        |        |        |        |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett     | 2,1    | 11,3   | 12,6   | 2,9    |
| Brutto driftsutgifter per sak i arbeid           | 12 096 | 11 207 | 11 956 | 16 642 |

### 10.1.5 Bryne kompetansesenter

|  | 2015      | 2016      | 2017      | 2018       |
|--|-----------|-----------|-----------|------------|
| <b>Brukarar</b>                                      |           |           |           |            |
| <b>Særskild norskopplæring barn</b>                  |           |           |           |            |
| -Time  | 27        | 34        | 14        | 9          |
| <b>Deltakarar grunnskule og spes. ped for vaksne</b> | <b>82</b> | <b>82</b> | <b>84</b> | <b>113</b> |
| Vaksenopplæring i grunnskulefag                      | 75        | 70        | 79        | 105        |
| -Time  | 37        | 27        | 27        | 27         |
| -Hå  |           | 21        | 33        | 55         |
| -Klepp   | 38        | 22        | 19        | 23         |
| Vaksenopplæring – grunnskule spesialund.             | 7         | 12        | 5         | 8          |
| -Time  | 3         | 6         | 2         | 2          |
| -Hå  |           |           | 1         | 3          |
| -Klepp   | 4         | 6         | 2         | 3          |
| <b>Deltakarar norsk og samfunnskunnskap vaksne</b>   | 230       | 195       | 180       | 153        |
| Med rett og plikt (betalar ikkje)                    |           |           |           |            |

|  | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  |
|--|-------|-------|-------|-------|
| -Time  | 85    | 96    | 75    | 63    |
| -Klepp                                       | 72    | 64    | 88    | 72    |
| Utan rett, eller berre med plikt (betalar)   |       |       |       |       |
| -Time  | 43    | 14    | 9     | 9     |
| - Hå   |       | 12    |       |       |
| -Klepp                                       | 30    | 9     | 8     | 9     |
| <b>Kvalitet</b>                              |       |       |       |       |
| Deltakare som hadde skriftleg norskprøve     | 97    | 118   | 112   | 115   |
| Deltakare som hadde muntleg norskprøve       | 76    | 89    | 112   | 156   |
| Deltakare som har tatt samfunnsfag           | 26    | 82    | 108   | 83    |
| Statsborgarprøven                            |       |       | 72    | 71    |
| <b>Medarbeidrarar</b>                        |       |       |       |       |
| Årsverk vaksenopplæring                      | 26,3  | 24,7  | 21,4  | 20,9  |
| Sjukefråvær %                                | 6,5   | 1,5   | 3,4   | 6,5   |
| Årsverk i faste stillingar som har slutta, % | 3,9   | 0,0   | 4,8   | 6,0   |
| <b>Økonomi</b>                               |       |       |       |       |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett | -0,5  | 5,6   | 55,1  | 0,5   |
| Brutto driftsutgifter per elev, 1000 kr      |       |       |       |       |
| -Grunnskule og spes. ped for vaksne          | 30,1  | 33,2  | 74,4  | 78,4  |
| -Særskild norskopplæring barn                | 191,8 | 194,5 | 377,1 | 295,7 |
| -Norsk og samfunnuskunnskap vaksne           | 43,0  | 43,0  | 73,7  | 79,9  |

#### 10.1.6 Kulturskule

|  | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--|------|------|------|------|
| <b>Brukarar</b>                              |      |      |      |      |
| Elevplassar <sup>1)</sup>                    | 540  | 549  | 566  | 559  |
| Av desse: Elevar med to eller fleire fag     | 84   | 90   | 93   | 105  |
| Søkjurarar på venteliste                     | 295  | 311  | 255  | 280  |
| Av desse: Søkjurarar utan anna fag frå før   | 123  | 171  | 164  | 156  |
| <b>Kvalitet</b>                              |      |      |      |      |
| Elevplassar per årsverk                      | 46,6 | 46,5 | 48,0 | 47,4 |
| <b>Medarbeidrarar</b>                        |      |      |      |      |
| Årsverk <sup>2)</sup>                        | 11,6 | 11,8 | 11,8 | 11,8 |
| Sjukefråvær %                                | 11,0 | 4,0  | 6,5  | 3,5  |
| Årsverk som har slutta i løpet av året, %    | 2,3  | 10,3 | 10,2 | 11,3 |
| <b>Økonomi</b>                               |      |      |      |      |
| Avvik (budsjett – rekneskap) i % av budsjett | 1,4  | 0,0  | 0,6  | 2,8  |
| Brutto driftsutgifter per elevplass, 1000 kr | 14,8 | 15,5 | 15,4 | 15,1 |

1) Eks. korps, opplegg i grunnskulen og ulike prosjekt

2) Inkluderer to stillingar til skulekorps og ein stilling til sal av tenester.

#### 10.1.7 Helsestasjon- og skulehelsteneste

|   | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   |
|---|--------|--------|--------|--------|
| <b>Brukarar</b>   |        |        |        |        |
